

Den Fagre og den Morkne

*Historieframstilling i Morkinskinna og
Fagrskinna*

Stian André Fossøy



Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN

Vår 2019

© Stian André Fossøy

[2019]

[Den Fagre og den Mørkne: Historieframstilling i *Fagrskinna* og *Morkinskinna*]

[Stian André Fossøy]

<http://bora.uib.no/>

Abstract

This thesis explores the historical writing in the two Norse-Icelandic kings' sagas *Morkinskinna* and *Fagrskinna*. In the period 1035-1157 the sagas cover the same historical events, but the history they put forth differs, both in narrative length and in thematic emphasis. This thesis poses two main questions; 1) How does the saga writers portray themselves as historians in the stories they tell and 2) How does the history they put forth in the sagas differ? This thesis has shown that the bastion of Norse-Icelandic saga writing, Snorri Sturluson, probably have gathered some of his thoughts on source criticism from the authors of *Morkinskinna* and *Fagrskinna*, and that they too deserve some of the recognition that has befallen Snorri. Furthermore, there are differences between the authors in the way they have put forth their narrative material and their usage of skaldic stanzas. *Fagrskinna* has one primary goal, the historical one, but *Morkinskinna* also include several stories and skaldic stanzas for their aesthetic, entertaining and stylistic value. Therefore, I argue that while the author of *Fagrskinna* was primarily concerned with writing history, the author of *Morkinskinna* also had an interest in telling stories.

In the second part of this thesis I investigate the history that the saga writers put forth. I divide the society into three social groups, *king*, *magnate* and *people*, and investigate how the different groups are portrayed. I argue that *Morkinskinna* shows a great interest in the character of the Norwegian kings and the concept of kingship. *Morkinskinna* also includes a greater narrative concerning the other social categories in the sagas, the aristocracy and the people, thus showing a greater interest in the relationship between king and retainer.

Fagrskinna on the other hand, places the king firmly on centre stage, mostly excluding negative incidents surrounding legitimate Norwegian kings. *Fagrskinna* is also less concerned with the other political groups in the saga, the aristocracy and the people. Thus, the history and role of the aristocracy and people in *Fagrskinna* are less prominent than in *Morkinskinna*. However, both sagas include more references to the people compared to contemporary European historiography. The people are given identity through collective groups belonging to a specific geographic region with a clear function in the political landscape.

Forord

Personen som fortener størst takk er utan tvil min rettleiar gjennom dess to åra, Leidulf Melve, som har vore til stor hjelp gjennom heile masterperioden.

Eg vil òg rette ein takk til mellomalderseminaret ved Universitetet i Bergen. Ein stor takk går òg til dei nasjonale mellomalderseminara eg har fått delteke på, først i Trondheim, og no seinast i Oslo, der kommentarane frå medstudentar og professorar har vore til stor hjelp.

Til slutt vill eg òg takke mine medstudentar som har gjort dagane sosiale og innhaldsrike, samt ein stor takk til Anne og Arild for framifrå korrekturlesing.

Stian André Fossøy

Bergen, 2019

Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Tema og problemstilling.....	1
1.2	Avgrensing.....	3
1.3	Teori og metode.....	3
1.3.1	Komparasjon	4
1.4	Historiografi.....	4
1.5	Kjelder	9
1.5.1	Morkinskinna	9
1.5.2	Fagrskinna	13
2	Forfattarbilete	17
2.1	Kritiske tilnærmingar.....	18
2.2	Kjeldehandsaming i Morkinskinna og Fagrskinna	21
2.2.1	Skriftlege kjelder	22
2.2.2	Munnlege kjelder.....	27
2.2.3	Skaldekvad	29
2.3	Autoritet.....	39
2.3.1	Polemikk.....	42
2.4	Oppsummering - Forfattarbilete	44
3	Historieframstilling i <i>Morkinskinna</i> og <i>Fagrskinna</i>	47
3.1	Kongen i <i>Morkinskinna</i> og <i>Fagrskinna</i>	51
3.1.1	Kongeideal i mellomalderen	52
3.1.2	Karakterisering	53
3.1.3	Legitimering og eit sameint rike	64
3.2	Aristokrati i <i>Fagrskinna</i> og <i>Morkinskinna</i>	69
3.2.1	Morkinskinna	69
3.2.2	Fagrskinna	74
3.3	Folket i <i>Fagrskinna</i> og <i>Morkinskinna</i>	78
3.4	Den transnasjonale dimensjonen	84
3.4.1	Utanlandske sentralmakter	85
3.4.2	Hevding av det norske og flytande grenser	87
3.5	Oppsummering: Historieframstilling i <i>Morkinskinna</i> og <i>Fagrskinna</i>	88

4	Avslutning	93
4.1	Konklusjon.....	93
5	Kjelder og litteratur	96

1 Innleiing

Når ordet kongesoge vert nemnd, vil nok dei fleste assosiere dette med Snorre Sturlasson og *Heimskringla*. *Heimskringla* er det sogeverket som har vorte viggd størst merksemد hjå forskarar, både norske og internasjonale. Kongesoger er så mykje meir enn berre *Heimskringla*. Omgrepet «kongesoge» er ein vid terminologi og omfattar mang ei soge. Brorparten av kongesogene vart forfatta på 1100- og 1200-talet, og kongesogeskrivinga vert ofte delt inn forskjellige periodar. Dei eldste sogeverka, forfatta av islendingar, vert tidfesta til tidleg 1100-tal. I denne perioden høyrrer verk av Sæmund og Are, både med tilnamnet «froði» som tyder «den lærde», til. Både verka er tapte og er berre referert til i seinare soger. I den neste perioden finn ein dei kortfatta latinske sogene *Historia de Antiquitate Regnum Norwagiensium* og *Historia Norwegiae*, samt den norrøne soga *Ágrip af Nóregs Konunga Sögum*, der førstnemnde er forfatta av Theodoricus Monachus, medan dei to andre har anonyme forfattalar. Desse vert tidfesta til slutten av 1100-talet. 1200-talet representerer gullalderen i den islandske kongesogeskrivinga, og her finn ein dei tre kompendia *Morkinskinna*, *Fagrskinna* og *Heimskringla*. I tillegg til desse sogene finn ein og fleire hagiografiske soger som tek for seg livet til Olav Tryggvason og Olav den Heilage som i følgje sogene stod bak kristninga av Noreg. Kongesogene som er nemnde ovanfor fortel alle om hendingar som fann stad før deira eiga samtid, men ein har òg overlevert samtidssoger, som *Sverris saga* og *Hákonar saga Hákonsonar*, som fortel om høvesvis Kong Sverre og Kong Håkon Håkonsson.

1.1 Tema og problemstilling

Tema for denne oppgåva vil vere dei to kompendia *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. Desse to kompendia har lenge vore i skuggen av *Heimskringla* og har ofte vore drege fram som dømer på mindre gode kongesoger. Gustav Indrebø tykte til dømes at *Morkinskinna* var i ein sørgeleg tilstand når det kom til litterær struktur og skildringar, og Bjarni Aðalbjarnarson hevda at sogene før Snorre var heller dårlig samansett, dårlig stilistisk og med eit lite interessant materiale.¹ Ein annan faktor, som særleg gjeld for Noreg, er *Heimskringla* sin posisjon i nasjonsbygginga på 1800-talet. Soga er så indoktrinert i den norske kulturen og Jan

¹ Indrebø (1939) s 62, Aðalbjarnarson (1941) s xvii, sitert i Jakobsson (2014) s 73.

Ragnar Hagland skriv at «Utanom *Bibelen* er det knapt noko bokverk som har funnest i fleire norske heimar det siste hundreåret [...]»² Grunna denne sentrale plassen til *Heimskringla*, både i kongesogeforskinga, men og hjå folk flest, har *Morkinskinna* og *Fagrskinna* i lang tid vorte vigg vesentleg mindre merksemnd. Såleis er det rom for nye bidrag innanfor desse kongesogene. *Morkinskinna* fortel om dei norske kongane etter Olav den Heilage fall under slaget på Stiklestad i 1030 og fram til sønene åt Harald Gille – Inge, Sigurd og Øystein, styrte i Noreg. Soga bryt av i 1157, men ein held det for truleg at den opphavelig har omhandla tida fram til 1177. *Fagrskinna* omhandlar perioden frå Halfdan Svarte og fram til 1177. Både kongesogene fortel om dei norske kongane, frå Magnus den Gode til 1157 fortel sogene om dei same historiske hendingane. *Fagrskinna* strekk seg heilt til 1177 og ein held det for truleg at *Morkinskinna* opphavelig gjorde det same, men manuskriptet av *Morkinskinna* som framleis eksisterer sluttar brått i 1157. *Fagrskinna* dekker ein lenger historisk periode enn *Morkinskinna*, likevel har *Morkinskinna* eit lenger narrativ. Det er såleis nærliggande å tru at historiane skil seg på eit vis. Problemstillinga for oppgåva vil vere som følgjer:

Korleis skriv forfattarane av Morkinskinna og Fagrskinna fram sin eigen autoritet som historikar, og kva historieframstilling finn ein i sogene, og korleis skil historiene seg og?

Føremålet med denne oppgåva vil altså vere å etterrøke historieframstillinga i dei to kongesogene, samt å undersøke korleis sogeforfattarane skriv fram sin eigen autoritet som historieskrivarar. Analysen vil vere todelt. Den første delen vil vere ei etterrøking som tek sikte på å seie noko om korleis dei to sogeforfattarane skriv fram seg sjølve. Både forfattarane er anonyme og det eksisterer ikkje noko forord som kan kaste ljós over dei. Eg vil undersøke om ein kan identifiser kritiske tilnærmingar til kjeldematerialet som sogeforfattarane har nytta seg av i historia dei fortel, og korleis forfattarane byggjer opp sin eigen autoritet. Dette kan forhåpentlegvis bidra til å forklare eventuelle skilnadar i sogene si historieframstilling. I den andre delen av oppgåva vil eg prøve å identifiser korleis dei to sogeverka skriv fram dei historiske hendingane i sogeverka. Eg vil dele historieframstillinga inn i tre sosiale aktørar knytt til politisk makt: *konge*, *aristokrat*, og *folk*. Eg vil undersøke framskrivinga av historia

² Hagland (2008) s 18.

gjennom desse aktørane i dei to kongesogene, samt sjå korleis tilhøvet mellom aktørane blir framskrive.

1.2 Avgrensing

Kongesogene fortel ofte om dei same historiske hendingane og heng på denne måten saman, noko som gjer det problematisk å skilje dei. Særleg gjeld dette dei tre kompendia, *Morkinskinna*, *Fagrskinna*, og *Heimskringla*. Hovudfokus i denne oppgåva vil ligge på historia som blir framskrive i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. Sjølv om fokuset ikkje ligg på *Heimskringla*, er det tilnærma umogeleg å ikkje nytte *Heimskringla* i oppgåva på grunn av den tette samanhengen mellom dei tre kompendia. Difor vil eg tidvis gjere meg nytte av både *Heimskringla* og andre kongesoger ved høve der denne komparasjonen vil kaste eit betre ljós over mine utvalde kongesoger. Ein annan grunn til å delvis innlemme *Heimskringla* er soga sin sentrale posisjon innan kongesogeforskinga. Tilnærmingar som har vorte nytta i forskinga på *Heimskringla* kan fungere like godt i ei etterrøking av dei to andre kompendia. Til å byrje med er det greitt å greie ut om nokre omgrep som vil vere sentrale vidare i oppgåva.

1.3 Teori og metode

Føremålet med denne oppgåva er å gjennomføre ei komparativ historiografisk etterrøking av historieframstillinga i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. Kongesogeskrivinga fell innanfor historieskrivinga i det som har vorte omtala som «det lange 1100-talet» som er tidfesta frå om lag midt på 1000-talet til om lag 1250. Denne perioden var prega av vekst i historieskriving, nye kritiske tilnærmingar og historieskriving på morsmålet.³ Kristninga av dei perifere delane av Europa, deriblant landa nord i Europa, på 1000-talet la grunnlag for framveksten av latinsk historieskriving i desse periferiane på 1100-talet. I Noreg fekk den latinske historieskrivinga sine første uttrykk i form av *Historia Norwegia* og *Historia de Antiquitate Regnum Norwagiensium*. Etter kvart fekk ein òg historieskriving på morsmål, i Nord-Europa gjennom dei islandske kongesogene som hadde si stordomstid på 1200-talet.⁴ *Heimskringla* er utan tvil

³ Melve (2010) s 51.

⁴ Melve (2010) s 57.

det mest kjende verket frå denne perioden, men i den same perioden finn ein òg *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, som er fokus for denne oppgåva.

1.3.1 Komparasjon

Når ein skal arbeide komparativt finnes det ei rekke framgangsmåtar som må tilpassast det einskilde prosjektet. Historikar Leidulf Melve har karakterisert komparasjon som metode med fire grunnleggjande funksjonar: 1) kontrasterande, 2) heuristisk, 3) distanserande og 4) analytisk.⁵ I denne oppgåva er det særleg den kontrasterande funksjonen som står i fokus. Melve har vidare sett opp fire dimensjonar ved komparasjon: 1) Valet av tal på undersøkingseiningar, 2) valet mellom synkron og diakron samanlikning, 3) valet mellom fokus på likskapar og/eller skilnadar og 4) valet mellom primærkjelder eller sekundær litteratur.⁶ Melve påpeiker vidare at den vanlegaste framgangsmåten er å nytte seg av ein kombinasjon av desse dimensjonane. Denne oppgåva vil primært nytte seg av to undersøkingseiningar, *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, men vil òg tidvis dra inn ei tredje eining i form av *Heimskringla*. Etterrøkinga vil fokusere på skilnadar mellom dei to sogeverka i håp om å kaste eit betre ljós over dei individuelle karakteristikkane deira. Den komparative metoden har vorte nytta tidlegare i kongesogeforskinga, men då knytt til spørsmål om kjelder og intertekstualitet mellom dei ulike sogeverka. Denne oppgåva skriv seg inn i den komparative historiografiske tradisjonen, og konsentrerer seg såleis meir om korleis dei to sogeverka skriv fram historia, og mindre om det tradisjonelle kjeldespørsmålet.

1.4 Historiografi

Interessa for dei norske kongesogene har røter attende til 1500-talet. I 1599 ferdigstilte Peder Claussøn si omsetjing av *Heimskringla* og fleire andre soger.⁷ I denne fasa vart det lagt ned eit stort arbeid i å samle inn handskrifter slik at dei kunne skrivast av og kopierast. På 1800-talet vart sogene si nasjonale tilhøyrslle særleg drøfta. I Tyskland og Danmark vart det hevda at sogene representerte ein felles germansk eller felles nordisk kulturarv. Noreg derimot, med mellom anna historikar Rudolf Keyser i spissen, hevda at sogene var eit norsk-islandske fenomen. Den første forskinga på *Morkinskinna* kan sporast attende til filolog C. R. Unger og

⁵ Melve (2018) s 72.

⁶ Melve (2018) s 74.

⁷ Nordbø, (2017) <https://snl.no/saga> [Lest 12.10.2018].

historikar Gustav Storm på andre halvdel av 1800-talet.⁸ Den tidlege forskinga var i stor grad ute etter å neste opp i kjeldespørsmålet knytt til sogene. Unger hevda at det tilgjengelege manuskriptet av *Morkinskinna* skilde seg frå den originale utgåva, medan Storm hevda at dei to versjonane ikkje var særleg ulike.⁹ Desse to syna på *Morkinskinna* prega forskinga ut over heile 1900-talet. Filolog Finnur Jónsson støtta, i 1901, tanken om to ulike versjonar av *Morkinskinna*.

I 1917 gav historikar og filolog Gustav Indrebø ut si etterrøking av *Fagrskinna*, som fekk stor innverknad på forskinga knytt til både *Morkinskinna* og *Fagrskinna*.¹⁰ I den detaljerte etterrøkinga til Indrebø hevda han at *Fagrskinna* nytta seg av ei rekke tekstlege førelegg. Indrebø hevda at *Fagrskinna* var skiven kring 1225 på oppdrag frå Håkon Håkonsson, og hevda vidare at soga vart til i ein litterær tradisjon med lite stønad frå munnleg tradisjon. «Vi kan setja upp til kritisk regel: Av innhaldet i Fgsk. bør ein berre føra så mykje direkte tilbake til munnleg tradisjon som ein absolutt er nøydd til; d.v.s det som ein ikkje med rimeleg grunn kan føre tilbake til skrivne sogor eller skaldekvæde.»¹¹ Etterrøkinga til Indrebø inneheld òg ei detaljert etterrøking av kva kjelder *Fagrskinna* truleg har nytta seg av, der Indrebø mellom anna jamførde *Morkinskinna* og *Fagrskinna* for å finne ut kven som hadde vore kjelde til kven.¹² Etterrøking til Indrebø hadde, som nemnd, stor verknad på *Morkinskinna*. Indrebø delte Finnur Jónsson sitt syn på to forskjellige versjonar av *Morkinskinna*, der den opphavlege *Morkinskinna* mellom anna mangla ei rekke tåttar¹³ samt lån frå Ágrip.¹⁴ Indrebø støtta derimot ikkje Jónsson sin argumentasjon om at likskapen mellom *Morkinskinna* og *Fagrskinna* var eit resultat av at dei hadde nytta dei same kjeldene, ei rekke tapte spesialsoger om kvar enkelt konge.¹⁵ Indrebø hevda vidare at *Fagrskinna* må ha skrive av *Morkinskinna*,

⁸ Jakobsson (2014) s 36. Unger arbeida primært med *Morkinskinna*, medan Storm handsama *Morkinskinna* som ein dimensjon i hans etterrøking av *Heimskringla*.

⁹ Jakobsson (2014) s 36.

¹⁰ Gustav Indrebø (1917).

¹¹ Indrebø (1917) s 111.

¹² Indrebø (1917) s 34, s 42, s 44, s 53, s 82, s 84, s 97, s 103.

¹³ Ein *tått*, islandsk «þættir», er nytta som nemning på ei anekdotisk historie som ein kan finne i soger, både islandske ættesoger og kongesoger.¹³ I mellomalderen var ikkje *tått* eit eige sjangertrekk, men tydde berre «del av ein tekst.»¹³ I nyare tid har *tått* vorte nytta som ein eigen litterær sjanger og det har vorte gitt ut samlingar av *tåttar*.¹³ Den litterære kategorien *tått* er såleis ein konstruksjon frå vår tid. For ei utgreiing om «þættir» som litterær sjanger, sjå til dømes Jakobsson (2013) «The life and Death of the medieval Icelandic Short Story» i *The Journal of English and Germanic Philology Vol. 112, No. 3* s 257-291.

¹⁴ Indrebø (1917) s 19.

¹⁵ Indrebø (1917) s 14.

men at denne versjonen av *Morkinskinna* må ha lege vesentleg nærmare *Fagrskinna* enn det manuskriptet, GKS 1009 fol., gjer.¹⁶

I tida som følgde monografien til Indrebø fekk soga større merksemd med bidrag frå mellom anna Eivind Kvalén, Finnur Jónsson og Bjarni Aðalbjarnarson. Finnur Jónsson omsette *Morkinskinna* i 1932 med ei innleiing der han, som Indrebø, drøfta kjeldespørsmålet og korleis den originale *Morkinskinna* hadde sett ut. I 1936 kom Bjarni Aðalbjarnarson med *Om de norske kongers sagaer* der han kasta seg inn i diskusjonen om opphavet til *Morkinskinna*. Aðalbjarnarson var samd i at *Fagrskinna* hadde nytta *Morkinskinna* som kjelde, men støtta ikkje Indrebø i synet på at *Fagrskinna* låg nærmere den opphavlege *Morkinskinna* enn dagens manuskript, og konkluderte med at «*Msk* og *Fsk* vekselvis viker av fra den eldste *Msk.*'s tekst.»¹⁷ Aðalbjarnarson støtta Finnur Jónsson i synet på at *Morkinskinna* truleg var ein kompilasjon som var sett saman av ei rekke spesialsoger.¹⁸ Aðalbjarnarson etterrøkte òg tåttane i *Morkinskinna* og opererte med ei liste på 16 stykk, eit tal som grunna i at desse 16 narrativa kunne ha eksistert som individuelle einingar før dei vart inkludert i *Morkinskinna*. Aðalbjarnarson var likevel tilbakehalden med å hevda om samlege tåttar var innskytingar eller ikkje.¹⁹ I 1939 tok Gustav Indrebø opp att tråden i artikkelen *Nokre merknader til den norröne kongesoga*. Hovudskilnaden mellom Jónsson, Aðalbjarnarson og Indrebø låg i at dei to førstnemnde såg på *Morkinskinna* som samansett av ein slags redaktør, medan Indrebø hevda at soga var skriven av ein forfattar.²⁰

Frå 30-talet stagnerte diskusjonen, og interessa for *Morkinskinna* og *Fagrskinna* sank samanlikna med den meir profilerte *Heimskringla*. Ikkje før kring 1970 kom det nye bidrag i diskusjonen då Alfred Jakobsen på ny tok opp forholdet mellom *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. Jakobsen konkluderte med at *Fagrskinna* hadde lånt element frå *Morkinskinna* og komprimert dei. Jakobsen etterrøkte òg språkforma i dei to sogene og var samd med Finnur Jónsson i at språket i *Morkinskinna* var meir arkaisk enn i *Fagrskinna*. Heinrich

¹⁶ Indrebø (1917) s 34.

¹⁷ Aðalbjarnarson (1937) s 172-173.

¹⁸ Aðalbjarnarson (1941) s xvii, sitert i Jakobsson (2014) s 42.

¹⁹ Aðalbjarnarson (1937) s 158.

²⁰ Jakobsson (2014) s 45.

Gimler gav så ut si doktorgradsavhandling om tåttane i *Morkinskinna* i 1972 der han undersøkte kva tåttar som hadde eksistert som separat utanfor kongesoga. Der Bjarni Aðalbjarnarson lista opp 16 tåttar, opererte Gimler med 12 tåttar og 28 tåtteliknande narrativ, der skilnaden var at dei 28 episodane truleg ikkje hadde eksistert utanfor sogene.²¹ Fem år seinare, i 1977 kom Joanna Louis-Jensen si detaljerte etterrøking der ho undersøkte *Morkinskinna*-manuskriptet, GKS 1009 fol., samt andre manuskript som inneheldt teksten i *Morkinskinna*. Analysen til Louis-Jensen slo fast at spørsmålet om kva som stod i den opphavlege *Morkinskinna*, eit spørsmål som stod i sentrum for tidlegare forskrarar, ikkje kunne løysast gjennom tekstleg samanlikning.²²

Der den eldre forskinga i stor grad har følgd den filologiske linja med fokus på opphavet til sogene og deira intertekstuelle forhold, har ein i nyare tid vendt blikket i nye retningar. Denne vendinga kan sjåast i samanheng med den språklege vendinga som sette spørsmål ved det objektive vitskapsidelet som hadde prega historiefaget sidan 1800-talet. Denne utfordringa førte forskrarar i andre retningar, som til dømes metahistoriske problemstillingar knytt til sanning, språk og forteljingar i historiefaget.²³ Her kan ein plassere Carol Clover sitt verk *The Medieval Saga* som utfordra tidlegare forsking som hevda at dei islandske sogene vaks fram upåverka av den øvrige europeiske mellomalderlitteraturen. Clover fokuserte på komposisjonen i sogene og hevda at ein finn att trekk frå mellomaldernarrativ i dei islandske sogene. Clover forsøkte å spore når desse trekka gjorde sitt inntog i sogelitteraturen og argumenterte for at dei hadde sitt opphav i den latinske historieskrivinga og såleis må sjåast på som ein del av den øvrige europeiske mellomalderlitteraturen.²⁴ Til denne nye retninga kan ein og plassere historikar Sverre Bagge som i 1991 gav ut *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*. Boka til Bagge undersøkte idear om politikk og samfunn basert på informasjon frå *Heimskringla*. Bagge argumenterte for at *Heimskringla* i stor grad hadde ein gjennomgåande politisk ideologi der kongen vart framskrive som ein *primus inter pares*, ein første blant likemenn. Sjølv om *Heimskringla* er hovudfokus for Bagge, heng kongesogene

²¹ Gimmler (1972) s 62-108, Jakobsson (2014) s 47.

²² Jakobsson (2014) s 49.

²³ Heiret, et.al (2013) s 11.

²⁴ Clover (1982) s 183.

såpass tett saman at verket har hatt påverknad på både *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, og særleg som døropnar for liknande forsking på andre kongesoger.

Fleire forskarar har følgt i fotspora til Bagge, mellom anna filolog Theodore M. Andersson og professor i islandsk mellomalderlitteratur Ármann Jakobsson. Theodore Andersson har gjeve ut fleire bøker og ei rekke artiklar der *Morkinskinna* står i sentrum.²⁵ Andersson trekk fram kongeidealet som blir framskrive i soga og hevdar at ein kan identifisere to kongetypar – den ekspansjonistiske krigarkongen og den fredelege heimstyrande kongen.²⁶ Andersson argumenterer for at desse kongane vert sidestilte gjennom sogeneverket og at ein kan identifisere eit klart fordelaktig syn på dei fredelege kongane med fokus på heimleg styre. Andersson knyt dette synspunktet opp mot den Norsk-Islandske handelskrigen som utspelte seg rundt tida der *Morkinskinna* truleg er forfatta. Vidare trekk Andersson inn *Heimskringla* som døme på ei soge som har eit meir gjennomgåande positivt syn på kongelegheit.²⁷ Ármann Jakobsson, som har vigg store delar av si akademiske karriere til *Morkinskinna*, støttar ikkje Andersson sin argumentasjon og hevdar at *Morkinskinna* jamt over er positiv til kongelegheit og fremjar forholdet mellom konge og islending. Jakobsson argumenterer for at *Morkinskinna* er eit verk som viser fram ulike sider ved kongelegheit. Sogeneverket prøver å skrive fram eit idealbilete av kongane og er meir oppteken av problematiske samstyre og individuelle kongar, enn kongelegheit som institusjon.²⁸ I sitt historiografiske verk frå 2011 hevdar derimot Shami Ghosh at ein ikkje kan lese noko klårt abstrakt konsept om kongelegheit, og at perspektiva er knytt meir opp mot dei individuelle kongane.²⁹ Ghosh hevdar òg, som Bagge og Clover, at ein i større grad bør samanlikne den norrøne historieskrivinga med den europeiske.³⁰

Som den historiografiske gjennomgangen syner, har det vore ei vending vekk frå den filologiske linja i kongesogeforskinga der interessa krinsa rundt kjelde- og opphavsspørsmål. *Heimskringla* har framleis ei særstilling i forskinga, men fokuset hjå ein del av dei nye

²⁵ Mellom anna: Andersson (1993, 1994, 2005, 2006, samt innleiinga til Andersson & Gade si omsetjing frå 2000).

²⁶ Andersson (1993) s 16-17.

²⁷ Andersson (1994) s 56-58.

²⁸ Mellom anna: Jakobsson (1998, 2000, 2001, og seinast i 2014).

²⁹ Ghosh (2011) s 185-186.

³⁰ Ghosh (2011) s 150-151.

forskarane har i stor grad vore på *Morkinskinna* som såleis har fått eit fagleg løft dei siste åra. *Fagrskinna* har, sett vekk frå nokre omsetjingar, ikkje vorte vigg ordentleg sjølvstendig merksemd sidan monografien til Gustav Indrebø i 1917. Denne oppgåva skriv seg inn i denne nye tradisjonen og vil krinse rundt både *Morkinskinna* og *Fagrskinna* med fokus på korleis forfattarane av desse sogeverka skriv fram sin eigen autoritet og korleis dei skriv fram historia.

1.5 Kjelder

Kjeldene som dannar grunnlaget for denne oppgåva er dei to kongesogene *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. Saman med *Heimskringla*, dannar desse tre sogene høgdepunktet i kongesogeskrivinga. *Heimskringla* er altså ikkje hovudfokus i denne oppgåva, men det er framleis vanskeleg å halde soga fullstendig utanfor. Kongesogene har eit forhold som gjer at det er problematisk å handsame dei som isolerte fenomen. Alle tre kompendia er forfatta i meir eller mindre same historiske periode, og såleis har dei vokse fram i den same historiske og litterære konteksten.³¹ I så måte er ein nøydd til å ta omsyn *Heimskringla* i arbeidet med *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. I denne oppgåva vil *Heimskringla* nyttast mest i etterrøkinga av forfattarane. Gjennom forordet til *Heimskringla* får ein eit innsyn i tankesettet til forfattaren av soga, og fordi dei tre kompendia, som nemnd, har oppstått i den same historiske perioden vil denne informasjonen også kunne nyttast til å seie noko om forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagrskinna*.³² I etterrøkinga av historieframstillinga i sogene vil *Heimskringla* konsulterast sporadisk i tilfelle der den kan kaste betre ljós over dei to andre kompendia. Vidare vil sogene som kjelder bli drøfta.

1.5.1 Morkinskinna

³¹ Andresson (1993) s 78 kritiserer Bagge si lesing av *Heimskringla* som eit autonomt verk utan å ta omsyn til den litterære og politiske konteksten.

³² Forfattarskapet knytt til *Heimskringla* har vore mykje debattert. Fleire forskrarar, mellom anna Sverre Bagge, hevdar at Snorre har forfatta soga, medan andre stiller seg meir skeptiske til denne ståstadens. Shami Ghosh dreg fram at det verken er prov som talar for eller mot at Snorre forfatta *Heimskringla*. Denne oppgåva tek utgangspunkt i at Snorre har forfatta *Heimskringla*. Det er ein pågående diskusjon om det faktisk er Snorre som har forfatta *Heimskringla*. For drøfting forfattarspørsmålet kring *Heimskringla* sjå m. a. Bagge (1991), Berger (1999), Boulhosa (2005), Cormack (2001), Jørgensen (1995), Louis-Jensen (1997) – Sitert i Ghosh (2011) s 16 note 54-55.

1.5.1.1 Manuskript og omsetjingar

Morkinskinna er namnet Tormod Torfæus gav handskrifta som han nytta seg av i 1682 då han forfatta *Historia Rerum Norvegicarum*.³³ Dette namnet har vorte ståande og kongesoga er i dag kjend under dette namnet. *Morkinskinna* tyder «det rotne pergament», men historikar Árman Jakobsson hevdar at *Morkinskinna*-manuskriptet er i sær god stand etter alderen å dømme.³⁴ Manuskriptet av *Morkinskinna* som eksisterer i dag er ikkje den opphavlege soga, men ei avskriving som er datert til om lag slutten av 1200-talet. Manuskriptet er oppbevart i Det Kongelige Bibliotek i København under namnet GKS 1009 fol. Manuskriptet vart sendt får den islandske biskopen Brynjólfur Sveinsson i 1662 til den danske Kong Fredrik 3. Elles veit ein lite om historia til manuskriptet. Forskarar har synt at manuskriptet er kopiert av skribentar og ein har identifisert to forskjellige handskrifter som ein meiner har arbeida samstundes.³⁵ GKS 1009 fol. består i dag av 37 blad.³⁶ Opphaveleg var manuskriptet på 53 blad, men 16 av desse har gått tapt. I historia om Magnus den Gode og Harald Hardråde manglar blad 2-7, 14 og 17, soga om Sigurd Jorsalfar manglar eit blad, og det same gjer soga om Harald Gille og Magnus Blinde. I tillegg manglar ein òg slutten på soga. *Morkinskinna* bryt av midt i narrativet om sònene til Harald Gille, i 1157, men ein held det for truleg at soga opphaveleg har heldt fram til 1177, lik både *Fagrskinna* og *Heimskringla*.³⁷

Morkinskinna-teksten går igjen i fleire andre manuskript. I innleiinga til Andersson og Gade frå 2000 har dei greidd ut om kva manuskript ein finn *Morkinskinna*-teksten.³⁸ Forskarar er samde i at dagens versjon av *Morkinskinna* slektar attende på ein eldre, no tapt, versjon, men korleis denne såg ut er det ikkje semje om. Tidlegare forskarar, som Gustav Indrebø, hevda at den opphavlege *Morkinskinna* ikkje inkluderte fåttane og dei anekdotiske narrativa, men at desse hadde vorte innsett av seinare avskrivrarar. Indrebø såg såleis for seg ei kjerne i *Morkinskinna*, eit hovudnarrativ som han omtalte det, som ikkje inkluderte desse fåttane.³⁹

³³ Andresson & Gade (2000) s 5.

³⁴ Jakobsson (2014) s 23.

³⁵ Andersson & Gade (2000) s 5.

³⁶ Om konstruksjonen av mellomladermanuskript sjå til dømes


<http://www.getty.edu/art/collection/video/399882/the-structure-of-a-medieval-manuscript/> [Lest 06.09.2018].

³⁷ Jakobsson (2014) s 25.

³⁸ For ein kort gjennomgang av desse manuskripta sjå Andersson & Gade (2000) s 5-11. For ei detaljert etterrøking av dei ulike manuskripta sjå Louis-Jensen (1977).

³⁹ Indrebø (1928) s 173-180.

Árman Jakobsson hevdar derimot at tåttane og dei anekdotiske narrativa utgjer ein naturleg del av soga.⁴⁰ Theodore Andersson og Kari Ellen Gade held argumenterer, som Jakobsson, for at *Morkinskinna* var prega av anekdotiske narrativ frå byrjinga, men at denne stilens kan ha gjort det enklare å skyte inn fleire liknande narrativ i seinare tid.⁴¹ Andersson og Gade har skjematisert slektskapet mellom *Fagrskinna*, *Heimskringla* og dagens versjon av *Morkinskinna* på følgjande vis:



Morkinskinna vart utgitt for første gong i 1867 av filolog Carl Richard Unger. Omsetjinga til Unger baserte seg på manuskriptet GKS 1009 fol. og teksten der manuskriptet hadde lakunar henta han tekst frå andre manuskript.⁴³ Den neste omsetjinga av *Morkinskinna* vart utgjeven av Finnur Jónsson i 1932 og etablerte seg som standardomsetjinga.⁴⁴ Der Unger fylte inn lakunane i si omsetjing, gjorde Jónsson i mindre grad dette og let ofte lakunane stå opne.⁴⁵ I denne oppgåva har eg valt å nytte meg av omsetjinga til Theodore M. Andersson og Kari Ellen Gade som vart utgitt i 2000. Andersson og Gade har valt same tilnærming som Unger, der dei fyller inn lakunar med tekst frå andre manuskript slik at teksten skal vere meir lesevenleg. I samband med denne tilnærminga har dei lagt stor vekt på å syne kvar det er lakunar og kvar teksten dei har nytta som fyll er henta frå. Denne omsetjinga inkluderer notar som forklarar element i soga knytt til både prosa og vers. Omsetjinga inkluderer òg ei detaljert innleiing med ei gjennomgang av kjelder, skaldekjad og forfattarskap, som har vore til stor hjelp i etterrøkinga mi. Når soga vert referert til vidare i oppgåva, vil «*Morkinskinna*» nyttast

⁴⁰ Mellom anna: Jakobsson (2001) s 36.

⁴¹ Andresson & Gade (2000) s 13.

⁴² Andersson & Gade (2000) s 11.

⁴³ Andersson & Gade (2000) s 405.

⁴⁴ Jakobsson (2014) s 40.

⁴⁵ Andersson & Gade (2000) s 405.

som referanse til sjølve sogeteksten, medan referansar til innleiing og tekstlege notar vil bli referert til med forfattar og årstal.

1.5.1.2 Forfattar og datering

Dateringa av *Morkinskinna*-manuskriptet er, som nemnd, sett mot slutten av 1200-talet. Det er i dag semje hjå forskarar at *Heimskringla*, som er datert mellom 1225 og 1235, er yngre enn både *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, og at desse såleis må vere skrivne ned før dette. Noko sikker datering av *Morkinskinna* er vanskeleg å etablere, men Anderson og Gade hevdar at *Morkinskinna* er nedskriven mellom 1217 og 1222.⁴⁶ Når det kjem til kven som har forfatta soga, har ein ikkje noko namn å gå etter, men det er semje om at vedkommande var islending og at soga er forfatta på Island.⁴⁷ Kvar på Island soga er forfatta er det meir usikkerheit kring. Nokre hevdar at soga er forfatta i Borgarfjörður eller Þingeyrar, medan andre held ein knapp på klosteret Munkaþverá i Eyjafjörður.⁴⁸ Andersson & Gade set òg soga inn kontekst med den Norsk-Islandske handelskrigen som fann stad mellom 1215-1220, og at den var forfatta i kretsen til Þorvarð Þorgeirsson som hadde tenestegjort hjå Kong Inge Krokrygg. Andersson og Gade argumenterer vidare for at dette kan vere grunnlaget for eit politisk syn i soga. Dei argumenterer for at *Morkinskinna* syner ein negativitet mot dåverande norske kongar og norsk innblanding i islandske høve som eit slags motstykke til hyllinga av Kong Sverre i *Sverresoga*.⁴⁹ Noko sikkert kan ein likevel ikkje vite, og om opphavsstad skriv Andersson & Gade at “The indications on the location of *Morkinskinna* are sparse and not adequate to anchor the book in any particular region.”⁵⁰

1.5.1.3 Kjelder

Formålet med denne oppgåva er ikkje ei detaljert etterrøking av kva kjelder *Morkinskinna* har nytt seg av. Eg vil difor nøye meg med ei kort utgreiing av emnet. *Morkinskinna* er det truleg det eldste av dei tre kompendia som også inkluderer *Fagrskinna* og *Heimskringla*. Det meste peikar også mot at *Morkinskinna* var nytt som kjelder for både *Fagrskinna* og

⁴⁶ Andersson & Gade (2000) s 67.

⁴⁷ Jakobsson (2014) s 32.

⁴⁸ For ei drøfting av datering og opphavsstad, sjå Andersson & Gade (2000) s 66-72.

⁴⁹ Andersson & Gade (2000) s 69-72.

⁵⁰ Andersson & Gade (2000) s 68.

Heimskringla,⁵¹ men kvar *Morkinskinna* har henta sitt kjeldemateriale frå er det ikkje semje om. Soga inneheld nokre peikepinnar og nemner tre eller fire skriftlege kjelder eksplisitt i teksten. Dette er verka *Hryggjarstykki*, *Knýtlinga saga*, *Orkneyinga saga* og kanskje også «Ting-soga»⁵² *Morkinskinna* nemner òg nokre munnlege informantar som vitne til dei historiske hendingane, men jamt over er saga sparsam med å utlevere kvar kjeldematerialet er henta frå. Finnur Jónsson hevda at *Morkinskinna* bygde på ei rekke spesialsoger som no er tapte. Fleire forskrarar har handsame problematikken til Jónsson, men det er avgrensa kor mykje ein får ut av ein slik diskusjon. Ein må likevel halde det som truleg at eit verk av *Morkinskinna* sitt omfang kan ha nytta seg av skriftlege kjelder som no er tapte.⁵³

1.5.2 Fagrskinna

1.5.2.1 Manuskript og omsetjingar

Lik *Morkinskinna*, er *Fagrskinna* eit namn Tormod Torfæus gav eit av manuskripta han arbeidde med då han skreiv si noregshistorie. *Fagrskinna* eksisterte opphavleg i to versjonar, A og B, men båe gjekk tapt under brannen i København i 1728. Før brannen vart det teke fleire kopiar av begge handskrifter som eksisterer i dag. A-handskrifta eksisterer i tre kopiar utført av Ásgeir Jónsson, som var i teneste hjå Torfæus. Desse har nemninga AM 52 fol., AM 301 4to og AM 303 4to, og er bevart i Den Arnamagnæanske handskriftsamling i København. B-handskrifta eksisterer i tre kopiar. Kopien med nemning UB 371 fol. er kopiert av nemnde Ásgeir Jónsson og er bevart ved Nasjonalbiblioteket i Oslo. Dei to andre kopiane er utført av Eyjólfur Björnsson og ber namna AM 51 fol. og AM 302 4to. Desse er bevart i Den Arnamagnæanske handskriftsamling i København.⁵⁴ A-handskrifta er anteken forfatta på første halvdel av 1300-talet, medan B-handskrifta er datert til kring 1250. Eit fragment av B-versjonen vart fjerna frå kompendiet før den vart frakta til København og paleografiske testar indikerer at fragmentet har sitt opphav i nærleiken av Trondheim.⁵⁵ Dette fragmentet er i dag

⁵¹ Jakobsson (2014) s 68.

⁵² Andersson & Gade (2000) s 21.

⁵³ For ei lengre utgreiing om kjeldene til *Morkinskinna* sjå Andersson & Gade (2000) s 11-65, samt Jakobsson (2011) s XCVI-Cl.

⁵⁴ Hagland (2008) s 16.

⁵⁵ Finlay (2004) s 36.

bewart i Riksarkivet i Oslo med signaturen NRA 51.⁵⁶ Båe handskriftene har nokre lakunar og ved enkelte høver samsvarar desse lakunane noko som gjer at teksten er tapt. Dette gjeld til dømes ein del frå soga om Sigurd Jorsalfar.⁵⁷

I denne oppgåva har eg valt å nytte meg av Edvard Eikill si omsetjing av soga som vart utgiven i 2008. Omsetjinga til Eikill er, førebels den nyaste omsetjinga av *Fagrskinna* til moderne språk. Den første omsetjinga av *Fagrskinna* vart utgitt i 1847 av P. A. Munch og C. R. Unger som baserte utgåva på A-handskrifta. Finnur Jónsson gav i 1902-03 ut ei utgåve som hovudsakleg baserte seg på B-handskrifta, men med innskytingar frå A-handskrifta der B-handskrifta har lakuner.⁵⁸ I 1985 vart soga på ny utgiven av Bjarni Einarson som ein del av *Íslenzk fornrit*-serien, som nyttar seg av same tilnærming som Finnur Jónsson. Den første omsetjinga til moderne språk vart gjort i 1926 av Johan Schreiner, seinare òg utgitt i 1972, men denne omsetjinga dekkjer berre tida fram til døden åt Olav den Heilage.⁵⁹ I 2004 kom den første moderne komplette utgåva som gjorde soga tilgjengeleg for eit internasjonalt publikum då Alison Finlay gav ut soga på engelsk. Omsetjinga til Eikill nyttar, ulikt Unger og Munch, B-handskrifta som grunnlag for omsetjinga, og føl såleis Bjarni Einarson og Alison Finlay sine utgåver. I dei få tilfelle der både handskriftene har lakunar, manglar teksten og ein må konsultere andre sogeverk. Eikill har her kort summert opp dei historiske hendingane og plassert dei i fotnotar i staden for å inkludere tekst frå andre sogeverk. Som med *Morkinskinna*, vil eg referere til «*Fagrskinna*» når informasjonen er henta frå sogeteksten, medan forfattar og årstal vil nyttast når informasjon frå innleiinga er nytta.

1.5.2.2 Forfattar og datering

Kven har forfatta *Fagrskinna* og når? Dette har vore eit av hovudspørsmåla i den tidlegare forskinga på *Fagrskinna*. Ein daterer normalt *Fagrskinna* til mellom 1220 og 1230. Noko sikkert årstal veit ein ikkje, men det er i dag relativ konsensus om at *Fagrskinna* må vere yngre enn *Morkinskinna*, men eldre enn *Heimskringla*. Ólafia Einarsdóttir på si side har argumentert for at *Fagrskinna* kan daterast så seint som, og relativt presist, til mellom 1236-

⁵⁶ Hagland (2008) s 17.

⁵⁷ Hagland (2008) s 17.

⁵⁸ Hagland (2008) s 17.

⁵⁹ Hagland (2008) s 17.

1239.⁶⁰ Når det gjeld forfattaren har ein, lik *Morkinskinna*, ikkje noko namn å gå etter. Ein held det for truleg at *Fagrskinna* kan ha hatt sitt opphav i Noreg tilknytt kongen og erkebispesetet i Nidaros. Gustav Indrebø har peika på at trøndarane stundom vert framstilt betre i *Fagrskinna* enn i *Morkinskinna*, noko som peiker mot Trøndelag som forfattarstad. Indrebø hevda òg at soga var kommen i stand etter ønske frå Håkon Håkonson og at kongen hadde eit politisk formål med soga, å styrke sin eigen posisjon mot Skule Bårdsson.⁶¹ Indrebø hevda og at den antidanske haldninga hadde grunnlag i same den same konflikten. Det er såleis i viss semje om kvar *Fagrskinna* er forfatta, men kven som har forfatta soga er ein ikkje samde om, og det gjeld særleg kva nasjonalitet forfattaren hadde. Forskarar som Finnur Jónsson, Bjarni Einarsson og Ármann Jakobsson hevdar at vedkommande var islending,⁶² medan Alfred Jakobsen argumenterer for at forfattaren var ein trøndersk nordmann.⁶³

1.5.2.3 Kjelder

I 1917 gav Gustav Indrebø ut ein monografi der han gjorde ei grundig etterrøking av kjeldene som *Fagrskinna* truleg har nytta seg av. Indrebø konkluderte med at *Fagrskinna* i særslitengt grad har nytta munnlege kjelder.⁶⁴ Indrebø syntet at dei skriftelege kjeldene som *Fagrskinna* har nytta seg av er *Morkinskinna*, *Ågrip*, Sæmundr Frode*, *Hryggjarstykki**, *Jómsvíkingasaga*, *Laderjaralasaga**, *Olafs saga Tryggvasonar* forfatta av Odd Snorresson, *Olafs saga Helga* forfatta av Styrmir Kárlson eller ein verjon av *den Eldste soga*, og *Knytlinga saga*. *⁶⁵

⁶⁰ Hagland (2008) s 19.

⁶¹ Indrebø (1917) s 278-284.

⁶² Finlay (2004) s 16.

⁶³ Jakobsen (1980) s 44.

⁶⁴ Indrebø (1917) s 111.

⁶⁵ Indrebø (1917) s 34, s 42, s 44, s 53, s 82, s 84, s 97, s 103. * Tyder at sogene er tapte.

2 Forfattarbilete

Til å byrje med vil eg undersøke korleis forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagrskinna* skriv seg fram som forfattarar og historikarar. Spørsmålet er altså korleis forfattarane kjem til syn i sine respektive sogeverk. Korleis byggjer dei opp sin eigen autoritet? Kva materiale har dei valt ut? Finn ein kjeldekritiske tilnærmingar i handsaminga deira? I *Heimskringla* har Snorre forfatta eit forord der han greier ut om forfattarprinsipp som er nytta i verket hans. Noko slikt finn ein diverre ikkje i verken *Morkinskinna* eller *Fagrskinna*. For å sjå kva prinsipp forfattarane har lagt til grunn for sogeverka sine, lyt ein difor leite etter spor i sjølve teksten. Først ei klårgjeringa forfattaromgrepet knytt til kongesogene. Førestillinga om ein «forfattar» av *Morkinskinna* og *Fagrskinna* er problematisk. Ein veit ikkje sikkert kven som har forfatta verken *Fagrskinna* eller *Morkinskinna*, og ein veit såleis heller ikkje om sogeverka har vorte forfatta av eit enkelt individ eller av fleire. Denne oppgåva vil ikkje undersøke dette spørsmålet i nokon særleg grad. For å gjere det enklare å undersøke konseptet «forfattar» vidare, vil eg ha som utgangspunkt at sogeverka er forfatta av kvar sin einskilde forfattar. Innan den narrative teorien er det vanleg å førestille seg ein implisitt forfattar for å gjere etterrøkinga mogeleg, utan at dette er nokon påstand om at det faktisk eksisterer nokon reell einskild forfattar bak sogene.⁶⁶

I boka *Authority and Tradition in Ancient Historiography* har historikar John Marincola undersøkt korleis historieskrivarar frå antikkens Hellas og Roma skrev fram sin eigen autoritet i sine historieverk. Marincola nyttar seg av kategoriar som historikaren si grunngjeving for å skrive historie, etterrøking, karakter, og eigne opplevingar.⁶⁷ Ikkje alle desse kategoriane er fruktbare å nytte i mi eiga etterrøking. Korkje *Morkinskinna* eller *Fagrskinna* har eit utgreiande forord som gjer greie for kvifor desse historiane var verdt å skrive ned og forfattarane fortel heller ikkje om hendingar dei sjølve har vore med på. Historikarane si etterrøking og historikaren sin karakter vil kunne vere fruktbare analytiske verktøy, men grunna manglande forord lyt ein sjå til sjølve historieverket for å kaste ljós over desse analyseeingane, noko som gjer arbeidet noko meir utfordrande. Ei tilnærming her vil vere å sjå til forordet i *Heimskringla*. *Morkinskinna*, *Fagrskinna* og *Heimskringla* er forfatta i

⁶⁶ Jakobsson (2011) s LXXVII-LXXIX.

⁶⁷ Marincola (1997) s ix.

den same tidsperioden, og det er såleis ikkje utenkeleg at forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagrskinna* har hatt liknande kjeldekritiske tilnærmingar som ein finn hjå Snorre. Eit argument som støttar dette er at nokre av dei kjeldekritiske tilnærmingane ein finn hjå Snorre, òg går att i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. Ei kort utgreiing om forordet til Snorre er såleis på sin plass for å syne samanhengen mellom sogeverka sine kritiske tilnærmingar.

2.1 Kritiske tilnærmingar

Som nemnd i innleiinga, tek denne oppgåva utgangspunkt i at Snorre har forfatta *Heimskringla*, og då også forordet til soga. Forordet til Snorre eksisterer i dag i to versjonar, ein tilhøyrande *Heimskringla* og ein til *Soga om Olav den Heilag*. Desse fororda er to versjonar av det same forordet, og sett vekk frå at sistnemnde er noko meir detaljert kring skaldekvad, er det lite som skil dei.⁶⁸ I forordet fortel Snorre først kva historie han har skrive. «I denne boken har jeg latt nedskrive gamle beretninger om de høvdinger som har vært konger i Norderlandene og talt dansk tungemål [...].»⁶⁹ Nokon grunngjeving for kvifor han har valt å skrive ei slik historie finn ein derimot ikkje. Vidare fortel Snorre noko om kva kjelder han har nytta seg av og gir samstundes nokre prinsipp for bruken av dei. Han deler dei inn i tre kategoriar: 1) poetiske genealegorier eller anna poesi som tek for seg eldre tider, 2) skaldekvad og 3) Are Froði.⁷⁰ Den første kategorien er knytt opp mot den eldste historia som Snorre fortel om, *Ynglingasaga*. Kjeldene som Snorre nytta seg av for å fortelje om denne perioden var dei poetiske verka *Ynglingatal* og *Háleygjatal*. Snorre sår noko tvil rundt dei eldste kjeldene sine og fortel at ein ikkje er sikre på om desse historiene er sanne, men at gamle lærde hevda dei var sanne.⁷¹

Vidare greier Snorre ut om skaldekvada. Desse kvada skulle vere samtidige med hovdingane dei fortalte om. Dei skulle vere framførd for hovdingane sjølve, og grunngjev det med at «[...] ingen skald ville imannens nærvær våge å hylle ham for storverk som alle de som hørte på,

⁶⁸ *Heimskringla: Første del* (2012) s 25.

⁶⁹ *Heimskringla: Første del* (2012) s 25.

⁷⁰ *Heimskringla: Første del* (2012) s 25 – 27.

⁷¹ *Heimskringla: Første del* (2012) s 25.

og han selv med, visste var løgn og skryt; det ville ha vært spott og ikke ros.»⁷² Heilt til slutt i forordet legg Snorre til endå eit prinsipp rundt skaldekvada. Dei måtte vere «riktig kvedet og forstandig tolket.»⁷³ Med «riktig kvedet» syner nok Snorre til metrikken i kvadet. Dersom ein ser til versjonen av forordet som ein finn i den separate soga om Olav den Heilage legg til nokre prinsipp knytt til skaldekvada.⁷⁴ Den skriftlege kjelda Snorre har nytta seg av, verket av Are Froði, er viggd noko meir merksemd enn dei to føregåande. Snorre legg vekt på å syne fram kvifor denne kjelda er truverdig og skildrar Are som kunnskapsrik, med god hukommelse og med stort lærdomshug.⁷⁵ Snorre har truleg nytta seg av fleire skriftlege kjelder enn Are Froði sjølv om det berre er Are som vert nemnd i forordet, og det er utvilsamt at han har stolt på truverdet til dei skriftlege førelegga.⁷⁶

Ut frå forordet til Snorre kan ein sjå at han nytte litt tvil til dei eldste kjeldene sine. Når det gjel dei skriftlege kjeldene han nytta, er ikkje dei drøfta i stor grad, sett vekk frå oppbygginga av truverdet til Are Froði. Som Melve seier, kan ein tru at Snorre i stor grad stolte på dei nedskrivne kjeldene han nytta seg av. Den kjeldekategorien som vert viggd mest merksemd er skaldekvada, og Snorre dreg fram tre kjeldekritiske tilnærmingar til bruken. For det første skal kvada vere framført for høvdingane dei handlar om eller sønene deira, altså er truverdet i kvada sikra gjennom opphavssituasjonen. For det andre er kvad som er dikta av augevitne dei mest truverdige, og for det tredje må kvada vere rett komponert og forstandig tolka. Snorre har vorte heidra for å nytte seg av slike kjeldekritiske tilnærmingar, og han vert stundom karakterisert meir som ein moderne historikar. Eg meiner at Snorre må dele store delar av denne heideren med både *Morkinskinna* og *Fagrskinna* som kom før han. Dersom ein ser på desse kjeldekritiske tilnærmingane knytt til kvad som Snorre har nytta seg av, vil ein òg finne desse igjen i både *Morkinskinna* og *Fagrskinna*.

⁷² *Heimskringla: Første del* (2012) s 25.

⁷³ *Heimskringla: Første del* (2012) s 27.

⁷⁴ Forordet ein finn før den separate soga om Olav den Heilage er inkludert i utgåva av *Fagrskinna* som er nytta i denne oppgåva. Forordet frå *Heimskringla* er henta frå omsetjinga til Pollestad (2012).

⁷⁵ Melve (2018) s 202.

⁷⁶ Melve (2018) s 203.

I kapittel 32 i omsetjinga til Andresson og Gade det fortald om historiene kring Harald Hardråde og at det finnes ei rekke historier som forfattaren av sogeverket har høyrd, men som ikkje er inkludert i soga fordi dei ikkje er stadfesta. Deretter vert det sagt at «a great narrative of King Haraldr is recorded in the poems composed during his lifetime, and they were recited to him by those who composed them.»⁷⁷ Forfattaren skil såleis mellom historier som ikkje er stadfesta og dei historiene som har vorte framført for kongen sjølv, lik tilnærminga ein finn i forordet til Snorre. Også *Fagrskinna* inkluderer den same utsegna, men legg òg til at det var islendingar som komponerte kvada: «Kong Haralds saga er mye blitt satt i de kvadene som islandske menn selv fremførte for ham.»⁷⁸ Båe utsegnene påpeiker at kvada er framført forran høvdingen som kvadet handla om. Snorre si grunngjeving for at desse kvada er truverdige finn ein òg i *Morkinskinna* i historia om riddaren Giffarðr.⁷⁹ Giffarðr hadde opptrødd særfeig under eit slag ved Fuxerna og ein islending hadde komponert eit skjemtande vers om han. Giffarðr stemna mannen for retten i England, men då framførte islendingen eit vers som framstilte Giffarðr som ein helt. Det blir så fortald at «Giffarðr [...] knew in his heart that this was mockery and not praise, given what the circumstances were, but on no account did he want to reveal to people how he had comported himself at Foxerni.»⁸⁰ Snorre nytta seg truleg av *Morkinskinna* som kjelde, og det er nærliggande å tru at formuleringa i innleiinga til *Heimskringla* kan vere henta frå *Morkinskinna*.

Snorre vektlegg vidare at kvad som var komponert av skaldar som var til stades under hendingane dei kved om, har større truverd.⁸¹ Dette prinsippet om augevitne finn ein òg igjen i *Fagrskinna*. I soga om Olav den heilage, i samband med Sigvat sine *Nesjarviser* er det skote inn at «Her vises til at disse tidender nyss var hendt, da kvadet ble gjort, og at han formet det, som selv var med i slaget.»⁸² Snorre var altså ikkje den første som la større truverd på kvad komponert av augevitne.

⁷⁷ *Morkinskinna* (2000) s 204.

⁷⁸ *Fagrskinna* (2008) s 272.

⁷⁹ *Morkinskinna* (2000) s 302-305. Andersson & Gade (2000, s 24) peikar på at episoden om Giffarðr har vore drøfta som ei potensiell innskyting av Louis-Jensen (1977, s 80-81) som hevda at forteljinga er sett inn av seinare avskrivrarar. Andersson & Gade peiker likevel på at ein ikkje kan vite noko sikkert. Såleis kan forteljinga og den kjeldekritiske formuleringa ha vore ein del av den opphavlege *Morkinskinna* som Snorre nytta seg av.

⁸⁰ *Morkinskinna* (2000) s 305.

⁸¹ Eikill (2008) s 28.

⁸² *Fagrskinna* (2008) s 169.

Den siste kjeldekritiske tilnærminga som Snorre listar opp krinsar rundt komposisjonen og tolkinga av kvada. Snorre set dei minneberande eigenskapane til kvad høgare enn sogene. Forma på kvada sikra at dei blei korrekt overlevert gjennom generasjonar, medan soger i større grad kunne hugsast feil og såleis bli endra over tid.⁸³ Samanliknar ein *Morkinskinna*, *Fagrskinna* og *Heimskringla* sin bruk av skaldekvad syner det seg at kvad som ikkje er komponert i *dróttkvæt* i *Morkinskinna* ikkje er teken med i *Fagrskinna* og *Heimskringla*. Dette syner at Snorre held *dróttkvæt* for å vere den riktige metrikken til eit kvad og som sikrar det historisk truverd. *Fagrskinna* føl *Heimskringla*, eller rettare sagt, *Heimskringla* føl *Fagrskinna*. Sjølv om dette prinsippet er eksplisitt nemnd i *Fagrskinna* er det nærliggande å tru at forfattaren av *Fagrskinna* hadde same tankegang som Snorre.

I samband med desse tilnærmingane, særleg kring kvada, kan ein spørje seg om forfattaren av *Fagrskinna* var meir oppteken av å sikre det historisk truverdet i kvada enn det forfattaren av *Morkinskinna* var. *Morkinskinna* fortel ikkje noko om at kvad komponert av augevitne var meir truverdige, og inkluderer kvad i andre metriske former enn *dróttkvæt*. Dette kan peike mot ein forfattar som ikkje sette historisk truverd fremst. For å summere opp vil eg altså hevde at Snorre ikkje fortener all æra for dei kjeldekritiske tilnærmingane han har nytta, denne æra bør delast med forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. Snorre skal derimot ha æra for å formulere kjeldekritikken og framsetje dei klårare enn sine forgengarar.

2.2 Kjeldehandsaming i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*

Morkinskinna og *Fagrskinna* har nytta seg av ulike kjelder. I *Morkinskinna* sitt høve har ein spekulert i om soga byggjer mykje på skaldekvad og munnleg tradisjon, og mindre på tidlegare nedskrivne kjelder.⁸⁴ Når det gjeld kjeldematerialet til *Fagrskinna* har Gustav Indrebø hevdat at soga er forfatta i ein litterær tradisjon og berre marginalt byggjer på

⁸³ Bagge (1991) s 27.

⁸⁴ Andersson (2005) s 219.

munnleg tradisjon, ei tese som, i følgje Ted Andersson, ikkje er utfordra.⁸⁵ Eg skriv meg inn i same tradisjon som tidlegare forskarar og er samd i at *Morkinskinna* i stor grad byggjer på skaldekvad og munnleg materiale, medan *Fagrskinna* i større grad har nytta seg av skriftlege kjelder, men òg ei rekke skaldekvad. Som nemnd er ikkje føremålet med mi etterrøking å nøste opp i kjeldesituasjonen kring dei to sogeverka, men derimot å undersøke kjeldehandsaminga i sogene for å kaste ljós over sogeforfattarane.

2.2.1 Skriftlege kjelder

For å sjå kva skriftlege kjelder *Morkinskinna* og *Fagrskinna* har nytta seg av, må ein sjå etter spor i sjølve historia. *Morkinskinna* er sparsam med å nemne skriftlege kjelder som er nytta og ein finn særstak komentarar til dei skriftlege kjeldene. I det heile syner *Morkinskinna* eksplisitt til tre skriftlege kjelder som forfattaren har nytta seg av. Dette er *Hryggjarstykki*, *Orkneyinga saga* og *Knýtlinga saga*.⁸⁶ Notisen om *Orkneyinga saga* finn ein i kapittel fire der det vert fortald at Magnus den Gode sette inn Rognvald Bruasson som jarl på Orknøyane.⁸⁷ *Morkinskinna* fortel at *Orkneyinga saga* inneheldt «many historymaking events [...]»⁸⁸ og har inkludert ein av desse hendingane i sitt narrativ. Ingen kvad er nytta for å stadfeste denne historia, og dette indikerer at forfattaren av *Morkinskinna* ikkje såg seg nøydd til å byggje opp under truverdet til denne skriftlege kjelda. Referansen til *Knýtlinga saga* finn ein i soga om Olav Kyrre i kapittel 53.⁸⁹ Referansen finn ein knytt til den misslukka vesterhavsferda til den danske kong Knut som Olav Kyrre assisterte med skip og mannskap. *Morkinskinna* fortel at «[...] it is told in the saga of King Knútr that the Norwegians were the only ones not to abandon the naval rendezvous ahead of time. But the danes fled. [...] He sent the Norwegian king precious gifts in return for his support, but he signaled his wrath toward the Danes with fines.»⁹⁰ Denne historia er, lik historia frå *Orkneyinga saga*, ikkje verifisert med kvad, noko som igjen tyder på at det ikkje var like naudsyst å verifisere skriftlege kjelder. *Fagrskinna*

⁸⁵ Andersson (2005) s 217.

⁸⁶ Andersson & Gade (2000) s 14.

⁸⁷ *Morkinskinna* (2000) s 109.

⁸⁸ *Morkinskinna* (2000) s 109.

⁸⁹ *Morkinskinna* (2000) s 282.

⁹⁰ *Morkinskinna* (2000) s 282.

syner òg til *Orkneyinga saga*,⁹¹ men denne kommentaren er truleg henta direkte f r *Morkinskinna*.

Av dei tre skriftlege kjeldene, er det *Hryggjarstykki* og kjeldene knytt til denne som er v gdigst merksemd. *Hryggjarstykki* er riktig nok ikkje nemnd med namn i *Morkinskinna*, men mannen bak soga, Eirik Oddsson, er nemnd. *Fagrskinna* nemner verken Eirik Oddsson eller *Hryggjarstykki*. Sj lv om det er *Morkinskinna* og *Fagrskinna* som er hovudfokus for denne oppg va, vel eg her   dra inn Snorre og *Heimskringla* for   kunne samanlikne handsaminga av denne skriftlege kjelda, og soleis kaste eit betre lj s over forfattaren av *Morkinskinna*. Eirik Oddsson er nemnd p  same stad i *Heimskringla* som i *Morkinskinna*, men Snorre skyt  g inn tittelen p  sogeverket, *Hryggjarstykki*.

Den f rste referansen me finn til *Hryggjarstykki* i *Morkinskinna* er i kapittel 88.⁹² Det f rste *Morkinskinna* gjer er   byggje opp under Eirik Oddsson sin autoritet og vitneverdi.

«Now the story turns to the sons of King Haraldr, Ingi and Sigurdr, according to the account of the wise and discriminating man Eirikr Oddsson. The take is mostly from the report of the district chieftain H kon magi, who presided and told of these events when they were first written down. He himself and his sons participated in these expeditions and most of the battles. He knew the men who are named here. He who wrote this story also named several truthful men as sources for the account.⁹³

Det er ikkje berre autoriteten til Eirik Oddsson som blir vurdert her. Dei munnlege kjeldene Eirik sj lv har nytta, blir  g saumfarne. Prim rkjelda til Oddsson er ein distriktsh vding med namn H kon Magi. H kon og s nene hans skal ha vore med p  ekspedisjonane det vert fortalt om, samt at dei skal ha teke del i dei fleste slaga. H kon skal  g ha vore til stades n r historia vart skiven ned. Legg ein saman desse vurderingane, kjem ein fram til at Eirik Oddsson har eit godt vitne i H kon Magi. Men Eirik nytta ogs  fleire vitne for   styrke truverdet til

⁹¹ *Fagrskinna* (2008) s 223.

⁹² *Morkinskinna* (2000) s 375.

⁹³ *Morkinskinna* (2000) s 375.

historia, også desse vert styrka ved å verte omtala som «truverdige menn». Denne skildringa syner også at det ikkje nødvendigvis var nok å ha vore vitne til ei hending, også etiske aspekt var viktig hjå vitna. Var det menn som var til å stole på, eller var det menn som kunne fare med usanning? I følgje Eirik har han sjølv nytta menn som var til å stole på. Kven desse menna er finn ein ikkje indikasjon på før mot slutten av historia om Sigurd Slembe. Etter Sigurd og Magnus Blinde gjekk tapande ut av slaget ved Hålmengrå, vart Sigurd fanga og torturert av mennene til haraldssønene, Sigurd og Inge. Her vert endå eit vitne presentert, Hall, son til Thorgeir Steinsson.⁹⁴ Hall var ein av Kong Inge sine menn og det blir skrive at han var til stades då Sigurd vart torturert, og var såleis eit godt vitne til desse hendingane. Eirik Oddsson viser også at han har tillit til det Hall fortel: «I have reported very few of his words, though not because I have not heard a number of words attributed to him, but Hallr related that he said little and answered only a few though people assailed him verbally.»⁹⁵

Korleis vert *Hryggjarstykki* omhandla hjå Snorre? Hjå Snorre blir Eirik Oddsson introdusert for første gong som kjelde til historia om korleis ein av arbeidskarane til Einar Pålsson hadde redda sonen til Einar frå Sigurd Slembe. Etter historia skriv Snorre at «Eirik Odsson, som først skrev ned denne beretningen, sier at han hadde hørt Einar Pålsson selv fortell dette i Bergen»⁹⁶ Neste gong Eirik Oddsson vert nemnd er i samband med slaget ved Holmengrå der også ei av Eirik sine kjelder blir presentert, Gudrid, dotter til Birger og søster til biskop Jon.⁹⁷ Ein fullverdig presentasjon av Eirik Oddsson kjem først etter at Sigurd Slembe er teken til fange i soga. Då det vert fortalt om torturen av Sigurd Slembe vert Hall Torgeirsson nemnd som vitne til denne hendinga og at han fortalte det til Eirik Oddsson. Vidare står det at «Eirik Oddsson, som skrev [...] den boken som kalles Ryggjarstykke; der fortelles det om Harald Gille og hans to sønner, om Magnus Blinde og om Sigurd Slembe helt fram til de døde.»⁹⁸ Vidare fortel Snorre at Eirik var ein klok mann som hadde vore lenge i Noreg. Som *Morkinskinna*, fortel Snorre at Håkon Magi var eit av hovudvitna til soga saman med fleire andre.⁹⁹

⁹⁴ *Morkinskinna* (2000) s 386.

⁹⁵ *Morkinskinna* (2000) s 387.

⁹⁶ *Heimskringla: tredje del* (2012) s 217.

⁹⁷ *Heimskringla: tredje del* (2012) s 221.

⁹⁸ *Heimskringla: tredje del* (2012) s 222.

⁹⁹ *Heimskringla: tredje del* (2012) s 222.

Presentasjonen av Eirik Oddsson og *Hryggjarstykki* i *Heimskringla* skil seg noko frå den me finn i *Morkinskinna*. Snorre har for det første eit namn på verket til Eirik, og i forhold til *Morkinskinna* legg han òg til kven soga hovudsakleg fortel om og kva tidsrom historia strekk seg over.¹⁰⁰ Snorre legg også til ekstra informasjon om Eirik Oddsson og kjeldene hans. Som *Morkinskinna*, fortel Snorre at Eirik var ein klok mann, men òg at Eirik hadde vore lenge i Noreg på den tida.¹⁰¹ Dette er relevant når Snorre vidare fortel at Eirik òg skreiv ut frå kva han sjølv hadde høyrd og sett.¹⁰² Snorre nemner, som *Morkinskinna*, at Eirik sine øvrige vitne var å rekne som truverdige, men legg også til at dei var kloke, samt at dei var nære dei hendingane som hadde funne stad slik at dei høyrd og såg kva som gjekk føre seg.¹⁰³

Handsaminga av *Hryggjarstykki* i *Morkinskinna* og *Heimskringla* har fleire likskapar. Både støttar opp om truverdet til Eirik Oddsson og kjeldene has ved å leggje vekt på «klokskap» og «truverd». Men her skil sogene seg òg noko. Snorre tek kjeldekritikken noko lenger enn det forfattaren av *Morkinskinna* gjer. Han er meir presis i skildringa av kjelda som er nytta, og han har fleire kritiske prinsipp til opphavsmannen til kjelda, Eirik Oddsson. Hjå Snorre er ikkje Eirik berre mannen som har skrive ned historia, han er også sjølv eit vitne og må difor granskast nøyne. Eirik skreiv, i følgje Snorre, ein del av historia basert på det han sjølv hadde sett og høyrd. Det var difor viktig at Eirik ikkje berre var truverdig og klok, men også at han hadde opphaldt seg mykje i Noreg, for korleis kunne han elles ha opplevd dei hendingane han skreiv om? Det same prinsippet finn me att når Snorre omtalar dei munnlege kjeldene til Eirik, dei hadde vore nære hendingane slik at dei både hadde sett og høyrd det som gjekk føre seg.

¹⁰⁰ Korleis ein skal tolke tidsavgrensinga har det vore noko usemje om. Dersom ein vel å tolke ordlyden til at soga strekk seg til dei to sønene til Harald Gille dør, vil dette vere i 1161 då Inge dør. Ei anna tolking er at utsegna «fram til dei døydde» skal sjåast i samband med Magnus Blinde og Sigurd Slembe, som døydde i 1139. Eit argument for sistnemnde er at utsegna i *Heimskringla* berre nemner to av sønene til Harald Gille, og i perioden der Magnus Blinde og Sigurd Slembe levde var det berre Inge og Sigurd av Haraldssønene som hadde kongenamn. For ei utgreining om *Hryggjarstykki* sjå mellom anna Danielson (2002) *Sagorna om Noregs kungar: Från Magnús góði till Magnús Erlingsson*.

¹⁰¹ *Heimskringla: tredje del* (2012) s 222-223.

¹⁰² *Heimskringla: tredje del* (2012) s 223.

¹⁰³ *Heimskringla: tredje del* (2012) s 223.

Både Snorre og forfattaren av *Morkinskinna* syner at dei har nyttat seg av enkelte kjeldekritiske tilnærmingar i kjeldehandsaminga i deira respektive sogeverk . For *Morkinskinna* sin del er ikkje denne kjeldekritikken systematisk gjennom heile soga. Dei kjeldekritiske aspekta som kjem fram kring *Hryggjarstykki* er eit isolert høve, og ein finn ikkje liknande refleksjonar kring referansane til verken *Knýtlinga saga* eller *Orkneyinga saga*. Kjeldekritikken som kjem fram i handsaminga av *Hryggjarstykki* kan representera kjeldekritiske haldningar hjå forfattaren av *Morkinskinna*, men desse refleksjonane kan òg vere tankar som er henta frå Eirik Oddsson sjølv, medan forfattarane av *Morkinskinna* og *Heimskringla* har supplert med å styrke truverdet til Eirik Oddsson. At dette ikkje er gjort med forfattarane av *Knýtinga saga* eller *Orkneyianga saga* kan vere fordi forfattarane ikkje var kjende, noko som ikkje er uvanleg for sageforfattarar.¹⁰⁴ Det vanskeleg å etablere autoritet hjå anonyme personar. Forfattaren av *Fagrskinna* på si side fortel ikkje noko om dei skriftlege kjeldene som ligg til grunn for si framstilling, men kopierer likevel *Morkinskinna* sin referanse til *Orkneyinga saga*.

Kva kan ein tolke ut av desse sparsame drøftingane av skriftlege kjelder? *Morkinskinna* syner til heller få skriftlege kjelder, og det er truleg at soga har henta ein del av informasjonen sin frå munnleg materiale og skaldekvad. Dei få skriftlege kjeldene som vert nemnde er, med unntak av *Hryggjarstykki*, ikkje drøfta i nokon grad. Når det kjem til *Hryggjarstykki* vert truverdet til soga sikra ved at ein byggjer opp truverdet til forfattaren, Eirik Oddsson. *Fagrskinna* skyt ut store delar av informasjonen frå *Hryggjarstykki* og drøftar såleis ikkje nokon av sine skriftlege kjelder. Dersom ein føl tanken om at *Fagrskinna* baserte seg på ei rekke skriftlege soger og i mindre grad på munnlege informantar, kan det indikere at forfattaren av *Fagrskinna* såg på det som mindre naudsynt å styrke truverdet til skriftlege kjelder – dei var truverdige nok. Eg vil argumentera for at *Morkinskinna* og *Fagrskinna* syner den same haldninga til skriftlege kjelder, og at dette er den same haldninga som ein finn i forordet til Snorre. Skriftlege kjelder kan ein stole på, men i dei tilfelle der forfattaren av kjelda er kjend, kan ein drøfte truverdet til vedkommande for å styrke kjelda, noko både *Morkinskinna* og *Heimskringla* gjer, medan *Fagrskinna* teier.

¹⁰⁴ Bagge (1991) s 31.

2.2.2 Munnlege kjelder

Morkinskinna viser berre til nokre få skriftlege kjelder som kan ha danna grunnlaget for kongesoga. Dette har ført til at forskarar har spekulert i om soga i stor grad baserer seg på munnleg tradisjon. Gustav Indrebø hevda at ein i *Fagrskinna* sitt høve berre skulle spore informasjon attende til munnleg tradisjon der det strengt tatt var naudsynt. Difor er det tenkeleg at ein ikkje finn referansar til munnlege kjelder i *Fagrskinna* sitt høve.

Morkinskinna er heller sparsam med eksplisitte referansar til munnlege kjelder. I alt vert det referert til ti informantar med namn. Seks av desse finn ein jamt spreidd gjennom sogeverket, medan dei fire siste samlar seg kring soga om Sigurd Slembe.¹⁰⁵ Den første som vert omtalt er Oddr Gellisson som var til stades med Magnus den Gode under slaget på Lyrskogsheden.¹⁰⁶ Ein har ikkje greidd å spore kven dette er, men det er ikkje utenkeleg at han var islending, lik dei fleste av informantane i *Morkinskinna*.¹⁰⁷ Historia om slaget på Lyrskogsheden har ein overnaturleg dimensjon der mellom anna Olav den Heilage grip inn for å assistere Magnus den Gode til siger, og Andersson & Gade hevdar at den lange tidsperioden frå slaget og til nedskrivinga, 175 år, kan ha medverka til dette.¹⁰⁸

Den neste informanten som er nemnd er Harald Hardråde. Om Harald sine sydhavsreiser fortel *Morkinskinna* at historia om korleis Harald flykta frå Stiklestad var kjend for Kong Magnus og resten av nordmennene, men deretter står det at «[...] from now on, the story of Haraldr's travels is what Haraldr himself, and the men who accompanied him told.»¹⁰⁹ Harald Hardråde vert seinare karakterisert som både intelligent og ressursfull og vert såleis gitt ein god vitneverdi. *Fagrskinna* har inkludert narrativet om Harald Hardråde sine sydhavsreiser, men at Harald er kjelde til sine eigne reiser er ikkje nemnd. Dette kan vere fordi utdraget er henta frå *Morkinskinna*, og, som nemnd, drøftar ikkje *Fagrskinna* sine skriftlege kjelder i nokon grad. I historia om Harald Hardråde i Konstantinopel er det òg fortald om ein islending med namn Már, son til Hunrøð og far til Hafliði, som ville komme i kontakt med Harald

¹⁰⁵ Andersson & Gade (2000) s 61.

¹⁰⁶ *Morkinskinna* (2000) s 118.

¹⁰⁷ Andersson & Gade (2000) s 58.

¹⁰⁸ Andersson & Gade (2000) s 58.

¹⁰⁹ *Morkinskinna* (2000) s 130-131.

Hardråde gjennom Haldor Snorrason. Haldor på si side ville ikkje ha noko med Már å gjere, og Már forlèt Konstantinopel «thinking it was not unlikely that major events were in the offing.»¹¹⁰ Már er såleis ikkje eit vitne til hendingar, lik Odd Gellisson og Harald Hardråde, og Andersson & Gade har peika på at denne referansen verkar særleg triviell, men at den kastar ljós litteraturens verdi og minnebevaring.¹¹¹ Det er ikkje ei historie om korleis ein har fått informasjon, men korleis ein vart nekta denne informasjonen. «[...] Már’s family would not forget that it had come within an eyelash of sharing a great literary moment.»¹¹² I denne kategorien finn ein òg islendingen Eldjárn som er nemnd i samband med historia om riddaren Giffardr.¹¹³

Ein femte informant som blir nemnd, er ein mann med namn Torgils som er ført opp som vitne til riksdelinga mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde.¹¹⁴ Torgils var ikkje til stades, men fekk høyre historia frå Gudrid, dotter til Guttorm, son til Tore på Steig. Informasjonen blir såleis ført attende til samtid, og Torgils vert skildra som ein forsvarleg mann, noko som styrkar truverdet. *Fagrskinna* inkluderer òg referansen till Torgils i same ordlyd som *Morkinskinna*, og er truleg henta direkte derifrå. Den siste namngidde munnlege kjelda er ein norsk prest, Sigurd, som er kjelde til Sigurd Jorsalfar sitt store sinne.¹¹⁵ Det er òg fortald om fire munnlege kjelder knytt til *Hryggjarstykki* som *Morkinskinna* truleg har nytta seg av. Skildringa av desse informantane, som er drøfta tidlegare, reflekterer truleg Eirik Oddsson si haldning til munnlege informantar. Det er ikkje utenkeleg at forfattaren av *Morkinskinna* hadde same haldning til vitneverdien til munnlege informantar som ein finn i *Hryggjarstykki*, der dei blir omtala som kloke menn med godt hugs.

Referansane til munnlege informantar i *Morkinskinna* er ikkje talrike og deira bruksområde er noko ulikt. Harald Hardråde, Oddr Gellisson og Torgils Snorrason vert nytta som vitne til historiske hendingar og får styrka sin vitneverdi gjennom skildringar som kloke menn med godt hugs. Informantar som Már og Eldjárn må i større grad reknast som tradisjonsberarar enn

¹¹⁰ *Morkinskinna* (2000) s 132.

¹¹¹ Andersson & Gade (2000) s 58.

¹¹² Andersson & Gade (2000) s 58.

¹¹³ Andersson & Gade (2000) s 61.

¹¹⁴ *Morkinskinna* (2000) s 155-156.

¹¹⁵ *Morkinskinna* (2000) s 357.

vitne. Eldjárn vert ikkje omtala som noko anna enn ein islending, medan Már vert omtala som ein distriktsþövding og får såleis ein viss vitneverdi i form av sin sosiale status. Sverre Bagge hevdar at nettopp rykte og sosial status var viktigare som prov på truverdet til ei munnleg kjelde enn ei detaljert etterrøking av informasjonen som kjelda gav.¹¹⁶ Ut frå denne argumentasjonen må Harald Hardråde, som norsk konge, ha hatt eit veletablert truverd hjå forfattaren av *Morkinskinna* for si historie om hans eigne sydhavsreiser. Der eksplisitte munnlege informantar er fåtalige i *Morkinskinna*, er dei fråverande i *Fagrskinna*.¹¹⁷ Dette indikerer at forfattaren av *Fagrskinna* støtta seg i stor grad på tidlegare skriftlege kjelder.

Handsaminga av dei munnlege kjeldene gir òg nokre indikasjoner på handsaminga knytt til dei skriftlege kjeldene. Ser ein vekk frå kommentarane knytt til bruken av *Hryggjarstykki*, som kan vere overtatt frå Eirik Oddsson, gjer forfattaren av *Morkinskinna* ikkje noko forsøk på å underbygge truverdet til bruken av *Knytlinga saga* og *Orkneyinga saga*. Når det er brukt munnlege kjelder derimot, må desse truverdiggerast. Den manglande drøftinga av dei skriftlege kjeldene i *Morkinskinna* tyder på at desse kjeldene vart trudd og at det difor ikkje var naudsynt å underbygge dei. Dersom *Fagrskinna* då hovudsakleg er basert på tidlegare nedskrivne kjelder, forklarar dette kvifor forfattaren ikkje drøftar kjeldematerialet sitt.

2.2.3 Skaldekavad

Morkinskinna og *Fagrskinna* har nytta seg av ei stor mengd skaldekavad. *Fagrskinna* siterer 271 skaldekavad, medan talet i *Morkinskinna* er noko meir usikkert. Andersson og Gade siterer 320 kvad i si omsetjing, som er nytta i denne oppgåva, medan *Izlenesk fornrit*-utgåva frå 2011 siterer 328 kvad. Grunna tilstanden til det overlevande manuskriptet av *Morkinskinna* er det vanskeleg å slå fast kor mange kvad som var sitert i den opphavlege soga, men det har truleg vore fleir enn dei tala som er lista opp ovanfor.¹¹⁸ Det som er sikkert er at skaldekavad har vore

¹¹⁶ Bagge (1991) s 26.

¹¹⁷ Som nemnd ovanfor nemner *Fagrskinna* Torgils i samband med riksdelinga, eit utdrag som truleg er teken frå *Morkinskinna*.

¹¹⁸ Jakobsson «*Morkinskinna 1*» (2011) s CVII.

ei sentral kjelde for både sogene. Drøftinga vidare vil utforske kva tilnærmingar ein finn til bruken av skaldekavad i kongesogene. Først kjem ei lita utgreiing om skaldekunsten.

2.2.3.1 Skaldekunst

Skaldekavad har vore komponert i den skandinaviske delen av verda. Brorparten av skaldane var i første del norske, men seinare var det islendingar som dominerte, særleg etter år 1000.¹¹⁹ Skaldekavad kunne nyttast til å fremje ære, men òg vanære og var såleis ein viktig faktor i det politiske spelet.¹²⁰ Den grunnleggjande strukturen i eit skaldekavad er eit vers på åtte verselinjer, men ofte kan ein finne skaldekavad i kongesogene som berre inneheld fire vers. Den mest prestisjefulle og karakteristiske skaldeforma er *drápa*. Dette er eit formelt heiderskvad, og sidan det vert rekna som den mest prestisjefulle forma, er det *drápa*-forma ein som regel finn i kongelege heiderskvad.¹²¹ Ei *flokkr* vert derimot rekna som mindre prestisjefullt, og skil seg frå *drápa* ved at den ikkje inneheld eit *stev*.¹²² Eit døme på dette finn ein i *Heimskringla* der ein mann ved namn Torarin Loftunga heldt på å miste livet då han komponerte ei *flokkr* for Kong Knut.¹²³

Der *drápa* reknast som den fremste forma, er det *dróttkvætt* som reknast som den mest prestisjefulle metriske forma.¹²⁴ *Dróttkvætt* metrikken er kompleks og vil ikkje bli drøfta nærare i denne oppgåva, men nettopp denne komplekse metrikken har gjort at forskarar har hevda at desse kvada har vorte overlevert meir eller mindre utan endringar frå deira opphav og til dei blei skrivne ned.¹²⁵ Historikar Shami Ghosh sår tvil kring denne haldninga og viser til at forskarar «[...] have shown that variants could function perfectly well within the constraints both of metrical rules and of sense.»¹²⁶ På dette grunnlaget hevdar han vidare at «if thirteenth-century scribes were skilful enough to alter the wording of verses without

¹¹⁹ Whaley (2005) s 479.

¹²⁰ Whaley (2005) s 480.

¹²¹ Fidjestøl (1982) s 183.

¹²² Fidjestøl (1982) s 183.

¹²³ Heimskringla: andre del (2012) s 235.

¹²⁴ Poole (2005) s 269.

¹²⁵ Ghosh (2011) s 47, Gade (2000) s 65, sitert i Ghosh (2011) s 47.

¹²⁶ Ghosh (2011) s 47.

disturbing metre or sense, so surely were skalds in the centuries before.»¹²⁷ Ghosh hevda altså at enkelte av forfattarane bak sogene har vore så kompetente i skaldekunsten at dei kan ha endra informasjonen i eit skaldekvad utan at dette er openbart for seinare historikarar.¹²⁸

Sidan det ikkje er den realhistoriske verdien til skaldekvada som kjelder som er hovudfokus i denne oppgåva, vil ikkje dette verte drøfta vidare.¹²⁹ Eit moment som derimot bør takast opp er minnebevaringa knytt til skaldekvada. Ikkje alle skaldekvad vart hugsa og overlevert gjennom generasjonar. Spørsmålet ein lyt stille seg då er kva som skulle til for at eit kvad skulle bli hugsa og overlevert til neste generasjon. Mange av kvada handlar om kongar og vart framfør for nettopp desse kongane. Ein grunnleggjande faktor i denne samanhengen måtte då vere at kongen sjølv ville ønske å høyre desse kvada. Ingen skald ville finne på å framføre eit kvad for ein konge som vedkommande visste ville bli därleg motteke. Ein annan faktor var at publikum som fekk høyre kvadet tykte det var godt.¹³⁰ *Morkinskinna* eksemplifiserer dette momentet godt i historia om Arnorr Jarleskald som komponerte kvad til Magnus den Gode og Harald Hardråde.¹³¹ Arnorr hadde komponert eit hyllingsdikt til begge kongane og fekk høve til framføre dei. Kongane synte såleis at dei var interesserte i å høyre kvadet. Kvadet om Magnus den Gode vart framført først, men på fleire stadar i kvadet braut Harald Hardråde inn fordi han meinte at fremjinga av Magnus gjekk på kostnad av andre kongar, og sikta då særleg til seg sjølv. Når Arnórr var ferdig med kvadet om Magnus den Gode framførte han kvadet om Harald Hardråde. Harald vart deretter spurd om kva kvad han meinte var best og svara: «I can see the difference between the poems. Mine will be soon forgotten and no one will be able to recite it, but the poem composed about King Magnus will be recited as long as the North is peopled.»¹³² Kvadet til Magnus den Gode oppfyller såleis begge krava for å bli hugsa, det er godt likt av kongen, og det er så godt at folk vil ta det til seg og hugse det i lang tid. Dette ser òg Harald Hardråde, som er kjend for sjølv å vere ein dyktig skald. Kvadet om han sjølv derimot, hevda Harald kom til å bli gløynd, noko soga gir han rett i. Kvadet om

¹²⁷ Ghosh (2011) s 47-48.

¹²⁸ Ghosh (2011) s 49.

¹²⁹ For ein nærmare diskusjon sjå Ghosh (2011) s 25-95.

¹³⁰ Andersson & Gade (2000) s 431 note 21 – 3.

¹³¹ *Morkinskinna* (2000) s 165-167.

¹³² *Morkinskinna* (2000) s 167.

Magnus den Gode er sitert i *Morkinskinna*, medan kvalet om Harald Hardråde berre er nemnd med namn, og såleis er innhaldet gløymd.

2.2.3.2 Utval av skaldekvad

Morkinskinna og *Fagrskinna* skil seg noko med tanke på kva for kvad som vert nytta i den historiske perioden der dei to sogene overlappar. Ein kan ikkje vite sikkert kva for kvad som har vore del av den opphavlege *Morkinskinna*, og ein kan heller ikkje vite sikkert om forfattaren av *Fagrskinna* har kjent til desse kvada. Dersom ein tek utgangspunkt i at forfattaren av *Fagrskinna* har kjent til dei kvada som er inkludert i *Morkinskinna*, kan ei jamføring av kva for kvad som er inkludert kunne kaste ljós over forfattarane sine prinsipp og grunnlag for nytting av kvada. Ted Andersson og Kari Ellen Gade har undersøkt forholda mellom kvada i *Morkinskinna*, *Fagrskinna* og *Heimskringla* og sett på kva kvad som finnes i *Morkinskinna*, men som ikkje er med i dei to andre sogeverka. I *Morkinskinna* er det sitert 320 skaldestrofer på drygt 300 sider, medan *Fagrskinna* siterer 271 strofer på 254 sider.¹³³ Dersom ein avgrensar tidsperioden i *Fagrskinna* slik at den samsvarar med *Morkinskinna*, er talet 107 skaldekvad fordelt på om lag 100 sider. Her må ein ta omsyn til kjeldespørsmålet knytt til dei tre kompendia *Morkinskinna*, *Fagrskinna* og *Heimskringla*, som er langt frå avklart. Det er vanskeleg å vite kva for kvad som stod i den originale *Morkinskinna* og kva for nokre som kan ha vorte tilført seinare. Såleis er det umogeleg å få eit fullstendig bilet av overføringa av kvad mellom sogeverka. Drøftinga vidare vil ta utgangspunkt i at kvada ein finn i *Morkinskinna*-teksten som er tilgjengeleg i dag har vore ein del av den originale soga, og at *Fagrskinna* og *Heimskringla* har nytta denne som kjelde for historia om kongane frå Magnus den Gode til sønene til Harald Gille. Kva kvad som har vorte overført frå *Morkinskinna* til ein eller både dei andre sogeverka, kan då seie noko om dei forskjellige sogefattarane.

Først og fremst er kvada som ein finn i *tåttane* og dei tåtteliknande narrativa ikkje ein del av *Fagrskinna* og *Heimskringla*. Vidare har Andersson og Gade nytta soga om Magnus den gode og Harald Hardråde og identifisert nokre karakteristikkar for å syne kva kvad som ikkje er

¹³³ Finlay (2004) s 27.

overført frå *Morkinskinna* til dei andre sogeverka. I soga om Magnus den gode og Harald Hardråde er det sitert 156 strofer, dersom ein inkluderer utdraget frå *Flatøybok* som er nyttar for å dekkje lakuna i *Morkinskinna*-manuskriptet.¹³⁴ Av desse 156 stofene står 22 av dei i tåttane som er unike for *Morkinskinna*. Av dei attverande 134 stofene finn ein 74 av dei i *Fagrskinna*.¹³⁵ Andersson og Gade har nyttar nokre karakteristikkar for å illustrere kva kvad som ikkje har vorte overført frå *Morkinskinna* til dei andre sogeverka. Den første kategorien omhandlar kvad som er bytta ut og erstatta med meir «passande» kvad i *Heimskringla*.¹³⁶ Den andre kategorien omhandlar kvad som ikkje inneheld noko spesiell informasjon.¹³⁷ Døme på dette er kvad 34 som skildrar generelle kamphandlingar og som ikkje viser til noko spesifikt slag.¹³⁸ Ein tredje karakteristikk med kvada som ikkje er tekne med er at dei ikkje samsvarar med prosaen dei står til. Døme på dette er kvad 143 som fortel om Harald Hardråde sitt fall før det er fortald i prosaen.¹³⁹ Enkelte kvad som samanfattar store slag har også ein tendens til å bli kutta ut. Dette skjer der ein finn sekvensar på to eller fleire kvad som syner attende til slag som det allereie er gjort god greie for.¹⁴⁰ Dette gjeld mellom anna kvad 32 og 33 frå slaget på Lyrskogsheden,¹⁴¹ og kvad 151-153 om slaget ved Stamford Bridge.¹⁴²

I nokre høve er informasjon og språklege formuleringar som er henta frå kvad i *Morkinskinna* parafrasert inn i prosaen i dei andre kompendia, utan at sjølve kvadet er inkludert. Dette er høvet for til dømes kvad 80 som handlar om Magnus den Gode si gravferd. Her har *Fagrskinna* utelat sjølve kvadet, men frå kvadet har frasa «Einar Tambarskjelve og trøndarhæren drog nord til Nidaros med liket til Kong Magnus [...]» blitt skrive inn i prosaen.¹⁴³ I *Morkinskinna* finn ein fleire kvad med ein godhug for bildebruk knytt til slag der dyr fråtsar i lika til drepne menneske.¹⁴⁴ Til dømes denne strofa frå kvad 27: «[...] The bloody wolf pulled the fast-fried body from the fires [...]»¹⁴⁵, eller ei strofe frå kvad 33 «The

¹³⁴ Andersson & Gade (2000) s 25.

¹³⁵ Andersson & Gade (2000) s 25.

¹³⁶ Andersson & Gade (2000) s 28.

¹³⁷ Andersson & Gade (2000) s 26.

¹³⁸ *Morkinskinna* (2000) s 123-124.

¹³⁹ *Morkinskinna* (2000) s 269.

¹⁴⁰ Andersson og Gade (2000) s 27.

¹⁴¹ *Morkinskinna* (2000) s 121-122.

¹⁴² *Morkinskinna* (2000) s 274.

¹⁴³ *Morkinskinna* (2000) s 186, *Fagrskinna* (2008) s 260.

¹⁴⁴ Andersson & Gade (2000) s 26-27.

¹⁴⁵ *Morkinskinna* (2000) s 114.

courageous king stacked a corpse pile from wolves' food so high [...]»¹⁴⁶ Desse kvada vert i stor grad utelatne frå både *Fagrskinna* og *Heimskringla*. Andersson og Gade hevdar at sidan både *Fagrskinna* og *Heimskringla* utelet eller byter ut desse kvada, representerer dei smaken til forfattaren av *Morkinskinna*.¹⁴⁷

I tillegg til dei nemnde karakteristikkane, er «lausavisur» og kvad som representerer personlege notisar frå skaldane berre inkludert dersom dei inngår som ein viktig og naturleg del av narrativet.¹⁴⁸ Som døme har Andersson og Gade mellom anna drege fram sogene si bruk av Sigvat sine *Bersoglivisur*.¹⁴⁹ I *Morkinskinna*-manuskriptet er 16 vers inkludert, medan *Fagrskinna* berre inkluderer fem vers.¹⁵⁰ Andersson og Gade forklarar denne skilnaden med at utvalet til forfattaren av *Fagrskinna* vektlegg det som vedkommande fann viktigast – Magnus sin hemngjerrige oppførsel ovanfor trøndarane og Sigvat si åtvaring om opprør.

Kva for vers forfattarane har valt ut kan seie noko om tematikkar dei legg vekt på og kva for kritiske prinsipp dei nyttar, men ein må òg ta opp innskotsproblematikken. Kan nokon av kvada ha blitt sett inn av seinare avskrivrarar? Dette spørsmålet har vore særleg aktuelt for *Morkinskinna*, der forskarar lenge hevda at dagens versjon av soga hadde fått fleire innskot som ikkje skal ha stått i originalen.¹⁵¹ Manuskriptet dagens versjon av *Morkinskinna* er tufta på er datert til slutten av 1200-talet og originalen har truleg gått gjennom fleire ledd med avskrivingar. Andersson og Gade drøftar innskotsproblematikken knytt til kvada og konkluderer med at det er få prov som peikar mot storstilt innskyting av kvad i soga om Magnus den Gode og Harald Hardråde.¹⁵²

2.2.3.3 Bruk av skaldekvad

¹⁴⁶ *Morkinskinna* (2000) s 122.

¹⁴⁷ Andersson & Gade (2000) s 26.

¹⁴⁸ Andersson & Gade (2000) s 28.

¹⁴⁹ Andersson & Gade (2000) s 20.

¹⁵⁰ Andersson & Gade (2000) s 28.

¹⁵¹ Jakobsson (2014) s 68.

¹⁵² Andersson & Gade (2000) s 33.

Drøftinga har til no krinsa rundt kvifor kvad har vorte inkludert eller utelete frå sogene.

Utvaelte av skaldekvada heng tett saman med kva føremål dei vart nytta til. Vidare vil drøftinga klinse rund korleis kvada er nytta i sogene òg i kva grad forfattarane kommenterer eller grunngjev kvada dei har nytta.

Fagrskinna kommenterer knapt nok prosaen som er nedskrivne. Om kvada derimot, finn ein fleire kommentarar frå forfattaren. Desse kommentarane kan utdjupe kvadet, eller det kan stadfeste innhaldet. Eit døme på ein utdjupande kommentar finn ein i *Fagrskinna* i kvad 192, ei strofe av Harald Hardråde si *Gamanvisur*. Her er det sett inn ein kommentar for å klargjere at kvinna det blir referert til i kvadet var dotter til Kong Jaroslav, Ellisif.¹⁵³ Eit døme på stadfestande kommentarar finn ein i samband med slaget ved Århus(Áróss). Her viser *Fagrskinna* til eit kvad av Tjodolf der Svein Ulfsson blir omtalt som «jarl». Etter kvadet skyt forfattaren inn kommentaren «Her vises det sannsagt at Kong Magnus og has menn kalte Svein for jarl, enda om han selv og hans venner kalte ham konge.»¹⁵⁴ Eit anna døme finn me frå Harald Hardråde sine sydhavsreiser. Kvad 187 fortel at Harald erobra Jorsal «uten brann og skade»,¹⁵⁵ og prosaen som føl like etter påpeiker nettopp at Harald fekk kontroll over landet utan å herje. *Morkinskinna* har dei same notisane som *Fagrskinna*.¹⁵⁶

Ved eit enkelt høve vert òg truverdet til kvad og informasjonen dei inneholdt drøfta. Dette er i historia frå sydhavsreisene til Harald Hardråde der han blinda den greske kongen, og ein finn refleksjonar kring kvada i både *Morkinskinna*, *Fagrskinna* og *Heimskringla*. I *Morkinskinna* vert hendinga først fortald i prosaen og deretter verifisert med to kvad. Etter kvada kjem ein kommentar til hendinga.

In these two poems and many others about Haraldr, there is mention of this deed, and there is no need to waste words on the fact that he blinded the Byzantine Emperor

¹⁵³ *Fagerskinna* (2008) s 246.

¹⁵⁴ *Fagerskinna* (2008) s 233.

¹⁵⁵ *Fagerskinna* (2008) s 243.

¹⁵⁶ *Morkinskinna* (2000) s 125, s 144, s 148.

himself. Some count or duke could have been named in this context if that had seemed closer to the truth, but all the poems about Haraldr coincide on this point.¹⁵⁷

Fagrskinna skriv følgjande som den same hendinga:

I mange haraldskvad er fortalt om disse storverkene, og det er ikkje sagt noen ord mot at det var selve grekerkongen han blindet. En har hørt nevnt noen grever eller hertuger, men i alle haraldskvad sies det bare at dette var selve stolkongen.¹⁵⁸

Og *Heimskringla* har følgjande kommentar:

Av begge disse dråpaene, og mange andre kvad om kong Harald, fremgår det klart at det var selveste grekerkongen Harald blindet. Hadde det vært en annen stormann, en hertug eller en greve eller lignende, ville skaldene nok ha nevnt dem, om det hadde ment det var riktigere. Men det er Harald selv og de mennene som var med ham, som har fortalt om dette.¹⁵⁹

Det er tydeleg at denne hendinga er noko utruleg og det ser ut til at forfattarane har forventa å ikkje bli truud sidan dei ser seg nøydd til å presisere at denne hendinga faktisk er sann.

Morkinskinna går så langt som å hevde at det er bortkasta å nytte fleire ord på å drøfte sanninga noko meir, og *Heimskringla* ser seg nøydd til å legge Harald Hardråde og følgje hans til som ei ekstra kjelde. Alle tre sogene nemner òg at den same hendinga er nemnd ikkje berre i dei kvada som er tekne med, men òg i mange andre kvad, og gir såleis eit unikt innblikk i kjeldehandsaminga til forfattarane, som elles er fråverande. Desse forklaringane til skaldekvada illustrerer òg eit poeng ved deira bruksområde. Dersom ei hending var utruleg var det særleg naudsnyt å verifisere denne med skaldekvad for at publikum skulle ha truverd til historia. Hendingar som allereie var trulege derimot, hadde nok mindre behov for å måtte verifiserast.¹⁶⁰

Fagrskinna er prinsippfast i sin bruk av skaldekvad som verifikasjon for prosaen.

Morkinskinna derimot, har fleire bruksområde for sine skaldekvad. Som nemnd er alle kvada ein finn i tåttane i *Morkinskinna* ikkje inkludert i *Fagrskinna*. Kvada i tåttane står i stil til

¹⁵⁷ *Morkinskinna* (2000) s 147.

¹⁵⁸ *Fagerskinna* (2008) s 245.

¹⁵⁹ *Heimskringla: tredje del* (2012) s 57.

¹⁶⁰ Bagge (1991) s 28.

sjølve tåttane, dei er ikkje historisk viktige, men er inkludert for deira estetiske og underhaldande verdi. Dette støttar Andersson & Gade som argumenterer for at forfattaren av *Morkinskinna* var spesielt interessert i skaldekvad for deira estetiske og underhaldande verdi.¹⁶¹ Av dei 22 kvada som ein finn i tåttane, er 13 av desse å finne i kapittel 43, tåtten om Snegle-Halle, og kapittel 44. Tåtten om Snegle-Halle er ein tått som krinsar rundt islandske skaldar og Harald Hardråde sin hug for skaldekvad. Gjennom tåtten utfordrar Harald Hardråde dei to islandske skaldane Snegle-Halle og Tjodolv til å komponere skaldekvad. Harald Hardråde ber Tjodolv lage eit kvad om ein krangel mellom ein smed og ein garvar, men personane skal i første omgang representerast gjennom kjempa Geirrød og tordenguden Tor, og deretter som Sigurd Fåvnesbane og draken Fåvne.¹⁶² Seinare i tåtten må Snegle-Halle komponere eit godt kvad på staden, eller miste livet.¹⁶³ I det anekdotiske narrativet som føl etter tåtten om Snegle-Halle er det og skaldekunsten som står i fokus, og igjen kjem Harald Hardråde sin hug for, og kunnskap om kvad til syne. Harald Hardråde møter ein fiskar og spør med ein gong om fiskaren kan komponere vers. Fiskaren svarar at han ikkje kan det, men kongen ber han kvede likevel. Fiskaren kved godt og kongen ber Tjodolv følgje på. Tjodolv framset eit kvad, men kongen er ikkje nøgd og kunnskapen hans om vers kjem tydleg fram: «Listen to the great poet! You said «grøm» and «skømm», and that is not a true rhyme. A true rime would have been «hrøm/skømm», but it would make no sense, and you have composed better verse than this.»¹⁶⁴ Tjodolv ville ikkje kvede meir etter irettesetjinga og kongen måtte sjølv i aksjon og vise fram sine skaldeevner. Historiane om Snegle-Halle og fiskaren strekk seg over 11 sider og består av 13 kvad, der samlege kvad har estetisk/underhaldande verdi, noko som indikerer ein forfattar med hug for den underhaldande sida ved skaldekvada.

Ein tredje funksjon ein finn i bruken av skaldekvad i *Morkinskinna* er den stilistiske. Dette kjem godt fram i soga om Magnus Berrfött der *Morkinskinna* ved fleire høver nyttar kvad for å innleie eller avslutte eit slag eller ein ekspedisjon.¹⁶⁵ I soga om Magnus Berrfött skjer dette

¹⁶¹ Andersson & Gade (2000) s 57.

¹⁶² *Morkinskinna* (2000) s 244-245.

¹⁶³ *Morkinskinna* (2000) s 246.

¹⁶⁴ *Morkinskinna* (2000) s 253. Andersson & Gade forklarer at den metriske feilen til Tjodolf er at lengda til stavingane i rimet «grøm – skømm» er ulik. Andersson & Gade s 443. Her kan ein òg spørje seg om denne kommentaren frå Harald Hardråde har rot i røynda, eller om det er skaldekunnskapen til forfattaren av *Morkinskinna* som skin gjennom.

¹⁶⁵ Andersson & Gade (2000) s 41-42.

ved fem høve – 1) konflikten mellom Magnus Berrføtt og Tore på Steig,¹⁶⁶ 2) Magnus si første vesterhavsferd,¹⁶⁷ 3) slaget ved Menai,¹⁶⁸ 4) slaga i Gautaland,¹⁶⁹ og 5) Magnus si andre vesterhavsferd.¹⁷⁰

Heimskringla og *Fagrskinna* har vore selektive og prinsippfaste i sitt utval av skaldestrofer, og har berre inkludert kvad som gav konkret informasjon som kunne bygge opp under den historiske informasjonen i prosaen. Med andre ord er skaldekvada hovudsakleg nytta som historisk verifikasiing. *Morkinskinna* derimot, nytta ikkje berre skaldekvada som historiske kjelder og verifikasijsjon, men også for deira estetiske, underhaldande og stilistiske verdi. Andersson og Gade dreg òg fram at det er tydleg at forfattaren av *Morkinskinna* var godt skolert i skaldekunsten: «Not only was he able to cite a great number of stanzas from memory, but he understood the stanzas and their complex diction and took great pleasure in their imagery and in the stories they told.»¹⁷¹ Andersson og Gade argumenterer for at inkluderkinga av dei mange skaldekvada, samt bruken av fåttar og anekdotar om skaldar representerer interessa til forfattaren av *Morkinskinna*.¹⁷² Ein forfattar som, samanlikna med dei to andre sogeforfattarane, var meir ein historieforteljar enn ein kritisk historikar. Han fortalte ei historie der skaldekvad spelte ei sentral rolle, ikkje berre som historisk verifikasijsjon, men òg som estetiske og stilistiske verkemiddel i historia. Eg stiller meg bak argumentasjonen til Andersson og Gade og vil hevde at forfattaren av *Morkinskinna* sette den kritiske historikaren i andre rekke, og at dette syner igjen i forfattaren sin bruk av skaldekvada. Bruken av ei rekke kvad i *fornyrðislag* kan peike mot ein forfattar som ikkje hadde si primærinteresse for kvada som historisk verifiserande. Forfattaren av *Fagrskinna*, derimot, står fram som ein meir kritisk historikar der det historiske truverdet i kvada er det sentrale. Han føl, truleg, Snorre sitt prinsipp om rett komposisjon når han skyt ut kvad i *fornyrðislag*, og deler òg Snorre sine øvrige kriteria til bruken av skaldekvad.

¹⁶⁶ *Morkinskinna* (2000) s 287 – 291. Kvad 172 markerer starten, medan kvad 182-83 avsluttar sekvensen.

¹⁶⁷ *Morkinskinna* (2000) s 298 – 302. Kvad 187 innleiar, medan kvad 199-201 avsluttar.

¹⁶⁸ *Morkinskinna* (2000) s 301. Denne sekvensen har berre avslutning i form av kvad 195-198.

¹⁶⁹ *Morkinskinna* (2000) s 305 – 306. Kvad 206-210.

¹⁷⁰ *Morkinskinna* (2000) s 309. Denne sekvensen er berre innleia med kvad 217-218.

¹⁷¹ Andresson & Gade (2000) s 57.

¹⁷² Andersson & Gade (2000) s 57.

2.3 Autoritet

The historian's task is to narrate, but he must also win credibility for the narrative: his task is therefore also to persuade his audience that he is the proper person to tell the story and, moreover, that his account is one that should be believed.¹⁷³

Historikarane i antikken såg det som naudsynt å byggje opp om sin eigen autoritet for å syne at dei var skikka til å fortelje om emnet, samt å overtyde tilhøyraren om at hendingane det vart fortald om var sanne.¹⁷⁴ Bygging av eigen karakter knytte seg til erfaring, innsats og objektivitet, og vart ofte framsett i eit forord.¹⁷⁵ Forordet til Snorre seier noko om dei kjeldekritiske tilnærmingane, men noko eksplisitt informasjon knytt til Snorre som karakter får ein ikkje. Såleis kan ein heller ikkje overføre noko av denne informasjonen til forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, og ein blir igjen nøydd til å studere sjølve historia for å finne peikepinnar. I sjølve historia vert det ikkje formulert tankar om verken erfaringa eller innsatsen til sogeskrivarane, og såleis er det berre objektiviteten som står igjen.

I både *Fagrskinna* og *Morkinskinna* er historia fortald av ein tilsynelatande objektiv tredepersonsforteljar. Denne objektiviteten er karakteristisk for dei islandske sogene og vert ofte referert til som «sagastilen». Denne objektive stilene i sogene gjer at forfattarane held seg i bakgrunnen og i liten grad kjem med eksplisitte kommentarar, verken til historia han skriv, eller om sin eigen karakter. Eventuelle kommentarar vert då uttrykt gjennom aktørane i historia.¹⁷⁶ Dette skil seg frå den kristne historieskrivinga der forfattaren ofte trer fram med kommentarar til hendingar og handlingar i narrativet. Denne objektiviteten i sogene kan verte etablert mellom anna ved å distansere seg til informasjonen ein legg fram. I *Morkinskinna* finn ein stadig formuleringar der forfattaren distanserer seg frå materialet han fortel om. Ein kan merke seg at enkelte uttrykksmåtar går att gjennom soga som er med på å skape denne distansen Uttrykksmåtar som «det er fortald», «me er fortald», «me kan rapportere» og «det er rapportert at» vert jamleg nytta gjennom dei 78 sidene i soga om Magnus den Gode. På eit vis tek forfattaren etterhald ved å presentere materialet på dette viset, i alle fall for hans eigen del. Han fortel berre det han har høyrd og fått rapportert. Samstundes kan dette òg vere

¹⁷³ Marincola (1997) s 128.

¹⁷⁴ Marincola (1997) s 128.

¹⁷⁵ Marincola (1997) s 128-129.

¹⁷⁶ Lönnroth (1970) s 170, Bagge (1991) s 61, s 233.

formuleringane og ei narrativ tilnærming til ein forfattar som i større grad ser på seg sjølv meir som ein historieforteljar enn ein historikar. Ved å nytte slike formuleringar tek forfattaren tilhøyraren med «tur» gjennom det historiske materialet. *Fagrskinna* nyttar seg ikkje av den same måten å framstille stoffet og distanserer seg ikkje på same vis og historia som vert lagt fram er meir elle mindre utan språklege formuleringar som indikerer atterhald.

Denne objektive forteljaren kjem likevel ved eit fåtal høver fram i teksten i form av merknadar i førsteperson. I *Morkinskinna* skjer dette åtte gonger, medan det i *Fagrskinna* førekjem to gonger.¹⁷⁷ Dei to høva i *Fagrskinna* finn me først i soga om Harald Hardråde. «Vi vil ikkje overdrive eller fortelle slikt som ikkje kan bevitnes, enda vi har hørt mye, men det synes oss betre å la være å legge til for mye, enn at det siden må tas bort.»¹⁷⁸ *Morkinskinna* har med den same notisen. Det andre høvet der forfattaren bryt fram i *Fagrskinna* finn me i avslutninga på soga, «her ender min beretning»,¹⁷⁹ og markerer berre slutten på kongesoga. Andersson & Gade har peika på at tilfella i *Morkinskinna* der forteljaren trer fram i første person er jamt spreidd utover sogene om Harald Hardråde, Magnus Berrføtt, Sigurd Slembe, Øystein Haraldsson og Sigurd Haraldsson, samt at ein finn to kommentarane i tåttar. Vidare hevdar dei at ein ikkje kan tolke mykje ut frå så sparsame kommentarar, men at desse kommentarane ikkje peikar mot fleire forfattarar.¹⁸⁰ Førstepersonskommentarane seier ikkje noko særleg om forfattarane, men ein finn derimot nokre spreidde kommentarar til narrativet i *Morkinskinna* som seier noko om kvifor ei historie er verdt å fortelje eller kvifor noko har vorte hugsa. Ut frå dette framstår forfattaren av *Morkinskinna* som ein reflekterande forfattar som tenker gjennom det narrative materialet han set fram.¹⁸¹ Tre av desse kommentarane finn ein i tåttane eller dei tåtteliknande narrativa, medan ein finn tre slike kommentarar i hovudnarrativet. Eit døme finn ein i tåtten om Ivar Ingemundson. «It may be noted in what I am about to tell what an outstanding man King Eysteinn was [...]»¹⁸² I historia der Magnus den Gode gir Orm tittel som jarl blir òg inkluderenga av narrativet forklart. «This is to show

¹⁷⁷ Andersson & Gade (2000) s 73.

¹⁷⁸ *Fagrskinna* (2008) s 272.

¹⁷⁹ *Fagrskinna* (2008) s 419.

¹⁸⁰ Andersson & Gade (2000) s 73-74.

¹⁸¹ Andersson & Gade (2000) s 82.

¹⁸² *Morkinskinna* (2000) s 327.

how unlike other men the king was in making such a fine demonstration and judging that the quality of the man was more important than the enmity that separated them.»¹⁸³

Ein finn og kommentarar utanfor dei anekdotiske narrative. To av dei er tilknytt Harald Hardråde, medan den siste er knytt til historia om Sigurd Slembe. Kommentaren i historia om Sigurd Slembe og den eine historia om Harald Hardråde liknar kvarandre. Då Harald Hardråde leitte etter vatn på ei øy fekk han fanga ein slange og tørsta den ut. Deretter batt han ein tråd til slangen som førte dei til vatn. Om denne hendinga fortel *Morkinskinna* at «This device was preserved in memory because it seemed wise and ingenious.»¹⁸⁴ Ein finn bortimot den same kommentaren om korleis Sigurd Slembe heldt fyrtøyet sitt tørt då han prøvde å flykte under slaget ved Holmengrå. «We have told how he kept his tinderbox because it was so ingeniously managed so as not to get wet.»¹⁸⁵ Såleis syner *Morkinskinna* ei interesse for smarte hendingar og at slike ofte vart hugsa.

Etter slaget ved Nisså, der Harald Hardråde sigra over den danske Kong Svein Ulfsson, vart jarlen Finn Arneson teken til fange. Finn hadde tidlegare vore i teneste hjå Kong Harald og var ikkje blid under gjensynet. Finn sa då noko som «[...] later was remembered because it indicates that he was so angry that he could not control his words.»¹⁸⁶ Vidare fortel soga at Kong Svein og ein av følgjarane hans sökte tilflukt hjå ei gamal dame. Båe danskane var utkledd som tiggarar og då den gamle dama spurde korleis slaget hadde gått, visste ho ikkje at det var hennar eigen konge ho snakka til. Ho fekk vite at Nordmennene hadde gått sigrande ut av slaget og at Kong Svein hadde flykta. Då ytra ho i følgje soga nokre dumme ord: «Woe to us – we are miserably provided for since our king is both halt and cowardly.»¹⁸⁷ Dagen etterpå gav den gamle dama dei to tiggarane eit vaskefat og eit handklede, men når den forkledde kongen tørka seg midt på handkledet, rappa ho det frå han og bad han bruke enden så ikkje heile handkledet vart blautt. Vidare følgjer grunngjevinga for kvifor ei slik historie er teken med i soga. «This tale is only for the fun of it and worth telling only because it

¹⁸³ *Morkinskinna* (2000) s 158.

¹⁸⁴ *Morkinskinna* (2000) s 226.

¹⁸⁵ *Morkinskinna* (2000) s 386.

¹⁸⁶ *Morkinskinna* (2000) s 232.

¹⁸⁷ *Morkinskinna* (2000) s 232.

illustrates wisdom and witlessness.»¹⁸⁸ *Fagrskinna* inkluderer òg notisen og historiane. Gustav Indrebø hevda at denne utsegna kunne vere ei slags orsaking frå forfattaren for å inkludere ei slik uviktig historie.¹⁸⁹ I *Fagrskinna* sitt høve er ikkje dette ein utruleg tanke. Soga skyt ut alle tåttane som ein finn i *Morkinskinna* og er jamt over meir ordknapp i framstillinga si, så ein nøktern historikar kan ha følt seg nøydd til å unnskylda ei slik triviell historie. I *Morkinskinna* sitt høve passar derimot denne forklaringa därleg. *Morkinskinna* er gjennomsyra av slike tilsynelatande «uviktige» småhistorier og nyttar mykje plass på å fortelje om dei. Det ville såleis vore merkeleg å be om orsaking for ei historie som passar den øvrige stilen i *Morkinskinna*. Det må nemnast at Indrebø skreiv utifrå ei haldning at den versjonen av *Morkinskinna* som eksisterer i dag hadde gått gjennom fleire ledd med avskrivrarar som hadde skote inn mange tåttar, og at den originale *Morkinskinna* difor ikkje inneheldt like mykje «uviktig» materiale.¹⁹⁰ Denne haldninga har, som nemnd, i nyare tid vorte utfordra og fleire forskrarar hevdar no at tåttane utgjer ein naturleg del av *Morkinskinna*, og at det er relativt sparsamt med prov som talar for storstilt innskyting.¹⁹¹ Eg vil hevde at fleire av historiene i *Morkinskinna* kan reknast som trivielle og med avgrensa historisk verdi, men i konteksten har dei ein funksjon som gjer dei til ein naturleg del av narrativet i soga. Denne historia passar såleis inn i stilten i *Morkinskinna*, og det same gjer forklaringa.

Som etterrøkinga ovanfor har synt, er det heller sparsamt med referansar i sogene knytt til karakteren til sogeforfattarane. Dei antikke historieskrivarane la stor vekt på karakteren til historieskrivaren gjennom kriterium som erfaring, innsats og nøytralitet. Av desse kriteria er det berre målet om objektivitet som kan sporast i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, medan det ikkje vert gjeve uttrykk for nokon tankar kring erfaringa og innsatsen til sogeskrivarane.

2.3.1 Polemikk

Den polemiske dimensjonen var særslig framstående i den antikke historieskrivinga, og Marincola dreg fram at bruken av polemikk var viktig for sjølvhevdinga i den antikke

¹⁸⁸ *Morkinskinna* (2000) s 232.

¹⁸⁹ Indrebø (1917) s 32-33.

¹⁹⁰ Indrebø (1917) s 32-33.

¹⁹¹ Andresson & Gade (2000) s 13, s 24, Jakobsson (2014) s 68.

historieskrivinga. Det var ikkje nok at ein sjølv skulle lukkast, andre måtte mislukkast.¹⁹² Den polemiske dimensjonen er ikkje noko ein finn at i verken *Morkinskinna*, *Fagrskinna* eller *Heimskringla*. Kva kan vere årsaka til det? Ein av faktorane kan vere det relativt låge talet på sogeskrivarar. Som eit resultat av dette hadde ikkje sogeskrivarane det same behovet for å hevde seg sjølv framfor andre, slik dei antikke historikarane ofte gjorde. Sverre Bagge seier følgjande om forholdet mellom *Heimskringla* og forgjengjarane *Morkinskinna* og *Fagrskinna*: «Though Snorri mentions scalds, his intention is certainly not to use them to examine critically the works of his predecessors [...]»¹⁹³ Eldre historikarar og deira historiske verk var ikkje naudsynt å angripe for å hevde seg sjølv. Kanskje kan ein òg argumentere for ei historisk arbeidsdeling mellom sageforfattarane. Kvifor startar *Morkinskinna* først med Magnus den Gode? Soger om Olav den Heilage og Olav Tryggvasson eksisterte allereie og gitt at forfattaren av *Morkinskinna* kjende til desse sogene, såg han det som naturleg å byrje si historie i eit tidsrom som var mindre omtala i tidlegare historier. *Morkinskinna* sin opphavlege slutt, er som nemnd truleg i 1177 lik dei to andre kompendia, og denne øvre avgrensinga kan vere eit resultat av at ei sage om Kong Sverre allereie eksisterte. Såleis såg forfattaren av *Morkinskinna* ikkje noko poeng i å kritisere og forbetre tidlegare historieverk når ein i staden kunne supplere med historieverk om ei mindre dekka periode.

Fagrskinna passar òg i ein slik argumentasjon. Som *Morkinskinna*, finn ein ikkje kritiske broddar mot tidlegare historieskrivarar i *Fagrskinna*, og i eit arbeidsdelingsperspektiv vil eg hevde at *Fagrskinna* finn sin eigen plass. *Fagrskinna* dekker for det første ein større tidsperiode enn *Morkinskinna*, i det den fortel om dei norske kongane frå Halvdan Svarte og fram til Sverre Sigurdsson. Såleis er det det første kompendiet som dekkjer heile dette tidsrommet. *Fagrskinna* vektlegg òg andre tematikkar i si historieframstilling enn det *Morkinskinna* gjer. Dersom ein argumenterer med ei arbeidsdeling mellom sogene, er det ikkje utenkeleg at denne skilnaden i tematisk vektlegging òg kan vere eit resultat av dette. I *Morkinskinna* eksisterte det allereie eit anekdotisk og dekorativt narrativ som gjorde at *Fagrskinna* såg seg nøydd til å ta opp dei same tematikkane. Eg vil òg hevde at *Heimskringla* passar inn i denne argumentasjonen. Ei skildring som stundom blir nytta om *Heimskringla* er at den styrer ein mellomveg samanlikna med *Morkinskinna* og *Fagrskinna*.

¹⁹² Marincola (1997) s 218.

¹⁹³ Bagge (1991) s 29.

Heimskringla dekkjer òg eit endå større tidsrom enn *Fagrskinna* gjennom inkluderinga av den mytiske Ynglingesoga. I tillegg skil den tematiske vektlegginga seg og mellom *Fagrskinna* og *Heimskringla*, der sistnemnde inkluderer eit meir utfyllande narrativ om innanrikspolitiske hendingar, og særleg konfliktar som *Fagrskinna* styrer vekk frå.

Eit anna argument som kan forklare den manglande polemikken knyt seg til sogeskrivarane sitt truverde til tidlegare nedskrivne historie. Der fleire antikke historieskrivarar angrep sine føregåande historieskrivarar for å framheve si eiga historie, var det ofte truverdet til tidlegare kjelder som vert dregen i tvil.¹⁹⁴ Slike angrep finn ein ikkje i kongesogene si haldning til sitt skriftlege kjeldemateriale. Dette kan rett og slett vere fordi sogeforfattarane ikkje twilte på tidlegare nedskrivne kjelder. *Fagrskinna* nemner ikkje noko om sine skriftlege kjelder noko som indikerer at dei vart trudd. *Morkinskinna* nemner tre skriftlege kjelder, der *Hryggjarstykki* er eit unntak med tanke på dei kjeldekritiske kommentarane. Informasjonen som er henta frå *Knytlinga saga* og *Orkneyinga saga* er, sett vekk frå referansen til sjølve sogen, ikkje drøfta noko meir, og må såleis reknast som truverdige i *Morkinskinna* sine auger. Dersom ein då hadde truverd til sine kjelder, var det heller ingen grunn til å angripe dei. Ein kan òg tenkje seg at det avgrensa talet på historieskrivarar på tida då sogene vart skrivne ned gjorde at det ikkje var etablert ein historiografisk kultur. Såleis kan sogeforfattarane ha sett på kvarandre, ikkje som historieskrivarar, men som kjelder. Eit slikt synspunkt ville gjere det unødvendig å kritisere andre forfattarar, dei var trass alt «berre» kjelder til eigen historieskriving.

2.4 Oppsummering - Forfattarbilete

Kva bilete sit ein igjen med av sogeforfattarane? Etterrøkinga har synt at forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, lik Snorre, har nytta seg av kjeldekritiske tilnærmingar i sogeberka sine. Fleire av dei kritiske tilnærmingane som Snorre legg fram i sitt forord finn ein att i nettopp *Morkinskinna* og *Heimskringla*, og eg vil hevde at det er nærliggande å tru at Snorre kan ha henta sine kjeldekritiske tilnærmingar frå *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, men

¹⁹⁴ Marincola (1991) s 218.

gjort dei meir eksplisitt i forordet. Sogeforfattarane syner vidare likskap når det kjem til haldningar til skriftlege kjelder. Desse kjeldene sjeldan nemnd, og endå sjeldnare drøfta, noko som peikar mot at skriftlege førelegg vart trudd. Det er ikkje berre likskapar mellom dei to sogeforfattarane, og skilnaden kjem tydlegast fram i handsaminga deira av skaldekvad. Forfattaren av *Fagrskinna* har hatt den nøkterne historia i tankane og har såleis berre inkludert skaldekvad som er av historisk verdi. Forfattaren av *Morkinskinna* inkluderer i større grad kvad som ikkje berre har historisk funksjon, men òg estetiske, underhaldande og stilistiske funksjonar, noko som peikar mot ein forfattar med mindre interesse for rein historieskriving.

3 Historieframstilling i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*

I det førre kapittelet har fokuset vore på dei to sageforfattarane og korleis dei skriv fram sine posisjonar som historikarar. Dette kapittelet vil fokusere på sjølve historia som forfattarane skriv fram i *Fagrskinna* og *Morkinskinna*. Analysen er delt inn i tre nivå med utgangspunkt i sosiale aktørar. Desse nivåa vil vere *konge, aristokrat, og folk*. Denne tredelinga tek utgangspunkt i historikar Gudmund Sandvik si etterrøking av Snorre sitt samfunnssyn der han peiker på ei tredelinga mellom *konge, magnat* og *folk*.¹⁹⁵ Sverre Bagge omtalar òg denne tredelinga i si etterrøking av samfunnet i *Heimskringla*.¹⁹⁶ Bagge er samd i at denne tredelinga utgjer hovudskilje i *Heimskringla*, men trekk fram at skilje mellom magnat og resten av folket ikkje er soleklart.¹⁹⁷ Bagge syner til at det norrøne ordet for folket som regel er *bòndi*, som Bagge forklarar med «[...] free men who lived on farms that they owned or rented, whatever their wealth and position in society.»¹⁹⁸ Bagge hevdar at denne termen kan innehalde velståande menneske som i praksis kan reknast som aristokrati, men at dei manglar ein høg formell tittel, som til dømes jarl.¹⁹⁹ Bagge hevdar òg at skilje mellom magnat og konge er uklårt. Her dreg han fram at ein finn landsstyrarar som ikkje har kongetittel, som til dømes Håkon Jarl.²⁰⁰ Sjølv om skiljelinjene mellom dei tre kategoriane tidvis kan vere vase, er den tredelte strukturen tydleg i *Heimskringla*.²⁰¹ Føremålet med etterrøkinga vil vere å sjå korleis dei politiske nivåa og tilhøvet mellom dei er framskrive.

Narrativ framstilling

Før analysen vil eg greie noko ut om den narrative framstillinga i sageverka. Når ein skal skrive ei historie er det fleire måtar å framstille materialet på. Ein historikar har eit kjeldemateriale som vedkommande må forholda seg til, men korleis dette kjeldematerialet

¹⁹⁵ Sandvik (1955).

¹⁹⁶ Bagge (1991) s 123-145.

¹⁹⁷ Bagge (1991) s 123-124.

¹⁹⁸ Bagge (1991) s 123.

¹⁹⁹ Bagge (1991) s 124.

²⁰⁰ Bagge (1991) s 124.

²⁰¹ Bagge (1991) s 125.

vert skrive fram og kva ein vel å vektlegge kan skilje seg. Den narrative framstillinga i dei to sogene er dømer på to forskjellige måtar å legge fram historisk materiale, både med tanke på skrivekunst og tematisk vektlegging. Ein kan seie at *Morkinskinna* ikkje berre er oppteken av å formidle ei tørr og sakleg historieframstilling om dei norske kongane, men vil òg fortelje historier der menneska, og særleg kongen, vert karakteriserte, og der islandingar vert gitt ein sentral plass. *Fagrskinna* på si side har eit klarare mål for auge. Det er dei norske kongane som skal setjast i fokus, som Gustav Indrebø skriv «[...] det er eit konungatal han skal skriva, og det skal vera Noregs konungatal.»²⁰² Ved å undersøke den narrative komposisjonen kan ein sjå korleis dei to forfattarane har sett opp det historiske materialet for å nå sine mål.

Dramatisk flettekunst og nøktern biografi

Nokre av hovudomgrepa knytt til komposisjonen i *Morkinskinna* er utfylling, digresjon og fletting.²⁰³ Tidlegare forskrarar hevda at den narrative strukturen i *Morkinskinna* var korrumperert som eit resultat av innskytingar frå seinare avskrivarar. Argumentet for denne korrumperinga var alle dei anekdotiske historiene som berre *Morkinskinna* inneheldt, fåttane.²⁰⁴ Forskarar som Finnur Jónsson hevda at desse fåttane ikkje passa inn i hovudnarrativet i soga,²⁰⁵ og Gustav Indrebø skildra den narrative forma som sørgeleg.²⁰⁶ I nyare tid har særleg Árman Jakobsson hevda at fåttane kan sjåast som ein naturleg del av soga, som ein del av utfyllingsestetikken som islandske sogeskrivarar truleg kjende til.²⁰⁷ Jakobsson meiner at forfattaren av *Morkinskinna* framstiller seg sjølv som ein historikar som nyttar kjeldematerialet sitt som eit skelett. Fåttane og skaldekvada utgjer kjøtet og er på mange måtar kjernen i *Morkinskinna*, det som skil soga frå andre soger, som til dømes Ágrip.²⁰⁸ For å binde saman alle digresjonane har forfattaren av *Morkinskinna* nytta seg av det Carol Clover kallar «stranded narrative.»²⁰⁹ Med «stranded narrative» siktar Clover til «a shift

²⁰² Indrebø (1917) s 238.

²⁰³ Sjå Carol Clover (1982) for ein gjennomgang av komposisjonelle verkemiddel i sogene.

²⁰⁴ Jakobsson (2001) s 29.

²⁰⁵ Jónsson (1932) s XXV-XXXVI, sitert i Jakobsson (2001) s 29.

²⁰⁶ Indrebø (1939) s 62.

²⁰⁷ Jakobsson (2014) s 93.

²⁰⁸ Jakobsson (2014) s 108.

²⁰⁹ Clover (1982) s 65.

of narrative focus from part to part, usually in a way that entails the discontinuous telling of something that could just as well, and more naturally, be told all at once.»²¹⁰

Ein «strand», eller tråd,²¹¹ i eit narrativ kan altså bli lagt til side fordi ein må fortelje om ein annan tråd. Ein finn eit døme på ein slik tråd i soga om Magnus den Gode i *Morkinskinna*. I soga vert det fortald at Harald Hardråde kom attende frå sydhavsreisene sine og møtte Magnus den Gode. Her stoppar historia om Harald og Magnus, og i staden vert det fortald om Harald Hardråde sine sydhavsreiser, eit narrativ på om lag 20 sider. For å navigere denne forflyttinga har forfattaren nytta seg av nokre narrative frasar. Når hovudtråden blir lagt til side står det følgjande: «We will now turn from the story of King Magnus and tell of Harald's travels, first of all what happened to him after the fall of King Olafr.»²¹² Etter historia om Harald Hardråde tek forfattaren opp hovudtråden på ny. «Now the story picks up at the point where it left off, when king Magnus and his uncle Haraldr met in Denmark.»²¹³ Eit anna døme finn me òg i soga om Magnus den Gode, før slaget på Lyrskogsheden. Her stoppar tråden om Magnus si ferd mot Lyrskogsheden opp for å fortelje om hertug Otto. *Morkinskinna* fortel då at «[...] here the story must be suspended because not everything can be told at once.»²¹⁴ Desse formuleringane vitnar om ein forfattar som har kontroll på stoffet han presenterer. Han forskyy handlinga i tid og rom viser med dette at han veit meir enn det han vel å fortelje med ein gong .

Den anekdotiske naturen til *Morkinskinna*, med fokus på digresjonar og dramatisering av historia, gjer på eit vis soga spanande og meir interessant, samanlikna med dei kortfatta sogene som kom før, der den tørre saklege oppramsingar var gjennomgåande. Ei tørrare og meir sakleg historie er meir skildrande for forfattaren av *Fagerskinna*. Han nyttar seg ikkje av den narrative flettinga slik som sin motpart i *Morkinskinna*. *Fagerskinna* er, til samanlikning, eit heller kortfatta narrativ om dei norske kongane frå Halvdan Svart og fram til 1177. Soga er

²¹⁰ Clover (1982) s 65.

²¹¹ Mi omsetjing.

²¹² *Morkinskinna* (2000) s 130.

²¹³ *Morkinskinna* (2000) s 151.

²¹⁴ *Morkinskinna* (2000) s 115.

fortald kronologisk, og Gustav Indrebø karakteriserer forfattaren og narrativet på følgjande måte:

Naar det gjeld uppbyggjingi av dei *einskilde sogone*, har forfattaren styrken sin i aa halda fast paa visse hovudtankar, ein einskild traad. Han gaar liksom etter beige linor, utan digresjonar. Ingen overgår han i det. Den kunstfulle samanflettingi av fleire traadar er ikkje so mykje hans sak.²¹⁵

Den kunstnariske samanflettinga manglar og formuleringar som «noe senere» «deretter» og «den samme vinteren» tydeleggjer den rett snora som forfattaren prøver å leggje ut. Sjølv om desse rette linjene er gjennomgåande, er ikkje historia fortald fullstendig utan sidesprang. Eit døme på dette finn ein kring historia om Harald Hardråde sine sydhavsreiser. Etter det er fortald at Harald Hardråde kom til Noreg og møtte Magnus den Gode flyttar historia seg rett frå skildringa av skipet til Harald Hardråde og til hendingar som fann stad like etter slaget på Stiklestad, eit hopp attende i tid slik som òg *Morkinskinna* fortel det. Der *Morkinskinna* innleiar denne forflyttinga i tid og rom med ei narrativ frase finn ein ikkje noko liknande formulering i *Fagrskinna*, og vendinga blir heller brå og merkeleg. Dette vetele sidesprangen frå dei beige linjene hører til sjeldanheitene og det er ikkje utenkeleg at *Fagrskinna* har henta denne passasjen frå *Morkinskinna* utan å kopiere den narrative frasa. Forfattaren av *Fagrskinna* distanserer seg heller ikkje frå materialet han framset på same vis som forfattaren av *Morkinskinna* og legg fram materialet utan særleg tvil knytt til det. Den narrative framlegginga hjå dei to sogeforfattarane syner to ulike innfallsvinklar til historieskriving, *Morkinskinna* sin flettekunst kontra den nøkterne biografiske forma som *Fagrskinna* held seg til.

Analysen

I denne analysen syner kategorien *Konge* til dei norske kongane i sogene. Dei utanlandske sentralmaktene som blir omtalt i soga fell utanfor denne kategorien, og vert i staden handsama under den *transnasjonale* dimensjonen. Dette er fordi dei vert omtala både sjeldnare og noko ulikt frå den norske sentralmakta. *Aristokrati* vil omfamne magnatar eller høvdingar som Einar Tambarskjelve, Kalv Arneson og Sveinke Steinarsson. *Folket* syner til vanlege folk,

²¹⁵ Indrebø (1917) s 237.

ofte bønder. I sogene blir det sjeldan fortalt om individuelle bønder. I staden blir bøndene ofte omtala som kollektive grupper, ofte basert på landsdelen dei soknar til. Døme på dette er «trøndarar», «hordar» eller «opplendingar».

Kor ofte figurerer dei ulike politiske aktørane i dei to sogene og korleis blir dei framskrive? Til å byrje med kan ein telje kor mange episodar der dei ulike sosiale aktørane deltek i handlinga. Eg har forsøkt å dele sogene om Magnus den Gode inn i episodar for å sjå kor ofte dei ulike politiske nivå deltek i historia. Av dei to kongesogene inneheld *Morkinskinna* det lengste narrativet om Magnus den Gode. Dersom ein trekk frå historia om sydhavsreisene til Harald Hardråde som ein finn midt i soga, strekk narrativet om Magnus den gode seg over 78 sider. Desse 78 sidene kan ein igjen dele inn i 20 episodar. Kongen figurerer i alle 20 episodane, aristokratiet er representert i 6 episodar, medan folket er omtalt i 7 episodar. I *Fagrskinna* sitt høve er historia om Magnus den Gode på 23 sider som igjen kan delast i følgjande 7 episodar: 1) Magnus sin veg til trona, 2) Fred med Hardeknut 3) Magnus blir «den Gode», 4) Ekspansjon av det Norske riket, 5) Svein blir jarl, konflikt med Danmark, 6) Vendarane invaderar Danmark, 7) Harald Hardråde seglar inn i soga, samstyre, 8) Magnus dør. Som i *Morkinskinna* er det i dei fleste episodane innslag frå meir enn ein politisk aktør. I *Fagrskinna* er det også kongen som figurerer oftast, seks av sju episodar. Aristokratiet deltek i fire av sju episodar, medan folket er deltakar i tre av sju episodar.

3.1 Kongen i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*

I soga om Magnus den God er kongen hovudaktør i seks av dei sju episodane i *Fagrskinna*, medan kongen i *Morkinskinna* er sentral deltakar i samlege 20 episodar som soga er delt i. Det kan ikkje seiast å vere overraskande at kongen har ein sentral plass i historia, det er trass alt to kongesoger som er undersøkt. Det som er interessant er å sjå korleis kongane er framskrive. Historiane om kongen i sogevertka krinsar i stor grad kring to hovudtematikkar – legitimering og karakterisering. Sogeverka skriv seg såleis ikkje inn i ein hagiografisk tradisjon og den religiøse dimensjonen i sogene er vektlagd i mindre grad enn sogeverk som *Historia de Antiquitate Regum Norwagiensium*. Gustav Indrebø skriv om *Fagrskinna* at «Ho gjev kyrkje-soga i det heile ein ynkeleg plass. Fyrelagi fortel mangt um den kyrkjelege

framvokstren her i landet, og det er slikt som er bade viktig og truverdugt. Men Fgsk. gaar summarisk over det, eller ho nemner det slett ikkje»²¹⁶ Dette ser ein særleg i framskrivinga av Olav den Heilage, der fokuset på Olav som helgenkongen er vesentleg tona ned. Den religiøse dimensjonen er noko meir til stades i *Morkinskinna*. Til dømes får Magnus den Gode guddommeleg hjelp frå Olav den Heilage under slaget på Lyrskogsheden, Harald Hardråde får hjelp frå helgenkongen til å sleppe ut av fangenskap i Konstantinopel og Sigurd Jorsalfar handlar stundom i strid med kristen lov.²¹⁷ Sogene er altså ikkje blotta for religiøse element, men dei er likevel ikkje sentrale dimensjonar for historia og vil såleis ikkje bli drøfta noko nærare vidare i oppgåva.

3.1.1 Kongeideal i mellomalderen

Før ein kan undersøke korleis kongane blir framskrive i dei to sogeverka, er det naudsynt å greie ut om kva kongsideal som var rådande då sogene truleg vart nedskrivne. *Morkinskinna* og *Fagrskinna* er truleg skrive i løpet av første halvdel av 1200-talet. Den monarkiske ideologi i Noreg på 1200-talet var utleia frå den europeiske og den kristne tanken om kongen som Guds representant på jorda. Kongen hadde fått makta si frå, og handla på vegne av Gud. Han skulle leie folket etter Guds lov og dømme rettferdig deretter. Kongen styrde eit hierarkisk samfunn der undersottane plikta å vere lojale mot han.²¹⁸ Denne ideologien kjem klårast til uttrykk i *Kongsspegele*, datert til perioden mellom 1240–1263 av dei fleste forskarar.²¹⁹ Historikar Sverre Bagge hevdar i si undersøking av *Heimskringla*, at denne ideologien ikkje syner igjen i verket til Snorre Sturlasson, det same gjer historikar Jon Vidar Sigurðson.²²⁰ Den kristne kongsideologien ein finn i *Kongsspegele* skil seg frå den tidlegare verdslege ideologien der kongen ikkje fekk makta si ovanfrå, frå Gud, men måtte byggje den nedanfrå og opp ved hjelp av gode personlege eigenskapar, ein *primus inter pares*.²²¹ Denne makta kunne byggjast opp gjennom gode leiareigenskapar i både krig og fred, gavmildhet, og ikkje minst god karisma som gjorde eit kongsemne attraktiv for undersottane.²²² Historikar

²¹⁶ Indrebø (1917) s 251.

²¹⁷ *Morkinskinna* (2000) s 118-119, s 145-146, s 357.

²¹⁸ Bagge (1991) s 129.

²¹⁹ Bagge (1987) s 12-13.

²²⁰ Sigurdsson (2011) s 69.

²²¹ Sigurdsson (2011) s 69-70.

²²² Bagge (1991) s 129.

Árman Jakobsson på si side trekk fram eit høvisk ideal med grunnlag i dei fire kardinaldygdene *visdom, mot, måtehald og rettferd*.²²³ Jakobsson hevdar at ein god konge måtte inneha alle dei fire dygdene, og nyttar seg mellom anna av Harald Hardråde som døme. *Morkinskinna* har eit kontrasterande bilet av Harald Hardråde. Harald er både vis og modig, men stundom sviktar han når det kjem til måtehald, som igjen går ut over rettferda, noko Jakobssen hevdar skjer når Harald ikkje viser måtehald.²²⁴

Dersom ein legg den kongsideologien i Noreg på første halvdel av 1200-talet til grunn, skulle ein tenkje seg at eit *rex iustus*-ideal ville vere gjennomgående i sogeverka. Noko ein fort merkar seg er at særleg den religiøse dimensjonen ved *rex-iustus*-ideologien i stor grad er fråverande. Verken *Morkinskinna* eller *Fagrskinna* skriv på noko tidspunkt fram kongeembetet som noko gudgjeve som kongane har krav på. Den rettferdige og lovgivande dimensjonen av *rex iustus*-idealet er derimot meir framheva, og både sogeverka syner ei interesse for lovgjeving og rettferd. Olav den Heilage fekk, i følgje *Fagrskinna*, store problem med stormenna fordi dei likte därleg at «han dømte både store og små likt»,²²⁵ medan trøndarane nesten gjorde opprør mot Magnus den Gode i både sogene fordi han ikkje heldt den lova dei hadde krav på.

3.1.2 Karakterisering

Historiene ein finn om Magnus den Gode i *Morkinskinna* har eit særleg fokus på karakterisering, særleg kring kongen. Detaljerte skildringar av kongen finn ein særleg i tåttane i *Morkinskinna*. Det er forøvrig tåttane og dei «tåtte-liknande» narrativa som utgjer brorparten av skilnaden i lengda på sogene. Av dei 78 sidene som utgjer soga om Magnus den Gode i *Morkinskinna*, står desse episodane for om lag 30 sider. Alle desse episodane finn ein i tidsrommet der Magnus den Gode og Harald Hardråde regjerer saman. Ikkje noko anna år er like godt handsama som samstyret til Magnus den Gode og Harald Hardråde. Dette må ein knyte opp til kva historie forfattaren av *Morkinskinna* ønskte å skrive fram. Ei så detaljert

²²³ Jakobsson (2000) s 74.

²²⁴ Jakobsson (2014) s 245.

²²⁵ Fagerskinna (2008) s 177.

skildring frå ei relativt kort tidsperiode peiker mot ei stor interesse for nettopp desse kongane. Det peiker òg mot ei interesse for karakterisering av kongane, og særleg samanlikna mot andre kongar. Ei finn òg ei liknande interesse for styretida til Sigurd Jorsalfar og Øystein Magnusson, der samanlikninga blir meir eksplisitt gjennom ordkrigen, «mannjafnaðr», mellom dei to kongane. *Fagerskinna*, derimot, er meir stutt når det kjem til karakteriseringa og samanlikninga av dei norske kongane. Ein finn heller ikkje den same interessa for samstyra, som vert omhandla i stuttare ordlag i *Fagrskinna*.

3.1.2.1 Den vakre kongen

Ein tematikk som ein finn i både sogeverka er skildringar av kongane, både med tanke på eigenskapar òg deira fysiske utsjånad. Det første ein kan trekke fram er at dei fysiske skildringane av kongane, altså utsjånaden, er nær sagt berre positive. I desse reine fysiske skildringane av kongane skil ikkje sogeverka stort. *Morkinskinna* har som regel noko meir detaljerte skildringar, men utan at dette endrar framskrivinga av kongane i nokon grad. Med unntak av Inge Krokrygg, er alle dei norske kongane høge, velbygde, sterke og vakre menneske. Både *Morkinskinna* og *Fagrskinna* omtalar Magnus den Gode som sterk og vakker å sjå til.²²⁶ Slike karakteristikkar går igjen gjennom begge sogeverka. Etter slaget på Stiklestad blir Harald Hardråde skildra på følgjande måte i *Morkinskinna*: «He was a fit man, pale, impressive with heavy eyebrows, and with a rather fierce expression.»²²⁷ *Fagrskinna* fortel ikkje like detaljert om Harald Hardråde sin utsjånad, men det kjem fram at han var høgare enn vanlege folk. Før slaget ved Stamford Bridge lovar den engelske kongen at Harald Hardråde skulle få sju fot av England, «[...] og så my lenger som han er høyere enn andre menn.»²²⁸ I både sogene vert det òg fortalt om eit høgdemål i Mariakyrkja som Harald Hardråde hadde reist. Der var det kryssa av tre plassar i steinveggen med ulik høgde. Det høgaste målet høyrde til Harald Hardråde, det midtarste Olav Kyrre, og det nedste Magnus Berrføtt.²²⁹ Nemnde Olav Kyrre er det fortald lite om i både sogeverka, men skildringa av utsjånaden has ser særslig detaljert. Ser ein desse fysiske skildringane opp mot den tekstlege mengda som er nytta på å fortelje om kongane, er det ingen tvil om at Olav Kyrre er kongen

²²⁶ *Morkinskinna* (2000) s 102, *Fagrskinna* (2008) s 220.

²²⁷ *Morkinskinna* (2000) s 130.

²²⁸ *Fagrskinna* (2008) s 300.

²²⁹ *Morkinskinna* (2000) s 281, *Fagrskinna* (2008) s 324.

som er skildra mest utfyllande. Både *Morkinskinna* og *Fagrskinna* fortel at Olav Kyrre var ein velproporsjonert man med blondt hår og vakre auger og «det er alle menns tale i Norge at ingen hadde sett vandrere mann eller med betre utseende.»²³⁰ Son til Olav Kyrre, Magnus Berrføtt, vert omtala som «den vakraste å sjå til av alle menn, og høyest av alle», samt den mest høviske av alle.²³¹

Skildringa av kongane er som sagt relativt like. Det som skil sogene er at *Morkinskinna* tidvis òg inkluderer fysiske skildringar av personar som ikkje er kongar. Den som peikar seg klårast ut i denne konteksten er tronkrevjaren Sigurd Slembe. Han vert først omtala som stor og sterkt,²³² og seinare meir detaljert – «Sigurd was big, handsome man with brown hair and a somewhat low forehead. He had blue eyes, regular features, and a bump on his nose.»²³³ Ei slik skildring er det berre Harald Hardråde og Olav Kyrre som kan nærme seg, og dette om ein tronkrevjar. Ei forklaring på denne detaljerte skildringa kan vere at utdraget om Sigurd Slembe truleg stammar frå *Hryggjarstykki*, eit sogevert forfatta av Eirik Oddsson, som *Morkinskinna* har nytta seg av.²³⁴ Skildringa av Sigurd har truleg sitt opphav i soga til Eirik Oddsson og forfattaren av *Morkinskinna* har nok ikkje sett nokon grunn til å ikkje inkludere dei same skildringane av Sigurd Slembe i *Morkinskinna*.

Her kan ein òg nemne at sogene skil seg noko i skildringa av aristokratar. Det som hovudsakleg skil skildringa av konge og aristokrat er at utsjånaden til sistnemnde i liten grad blir skildra. Einar Tambarskjelve og Kalv Arnesson vert skildra som dei mektigaste menna i Trøndelag. Einar var ein stor krigar og var overlegen andre menn, medan Kalv vert skildra som ein klok rådgjevar.²³⁵ I tillegg vert Einar Tambarskjelve, Kalv Arnesson og Tore på Steig alle skildra som gode høvdinger.²³⁶ Men korleis dei ser ut, er det ikkje sagt noko særleg om, slike skildringar er som regel reservert for kongane i soga. Men nokre unntak finn ein i *Morkinskinna*, som til dømes Håkon Ivarsson og Ottar Britingr. Håkon Ivarsson vert skildra

²³⁰ *Morkinskinna* (2000) s 277, *Fagrskinna* (2008) s 310.

²³¹ *Fagrskinna* (2008) s 324, *Morkinskinna* (2000) s 281, s 307.

²³² *Morkinskinna* (2000) s 367.

²³³ *Morkinskinna* (2000) s 379.

²³⁴ Andersson & Gade (2000) s 14-15.

²³⁵ *Morkinskinna* (2000) s 99.

²³⁶ *Fagrskinna* (2008) s 251.

som vakker å sjå til,²³⁷ medan Ottar blir skildra som mørkhåra, stuttbygd, mandig og høvisk.²³⁸ Når *Morkinskinna* òg karakteriserer aristokratar med utsjånad, syner dette at interessa sogeneverket har for karakterisering òg strekk seg utover kongane.

3.1.2.2 Kongelege eigenskapar

Samlege av kongane i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, unnateke nemnde Inge Krokrygg, vert skildra som idealmenneske når det kjem til fysisk utsjånad. Når det kjem til eigenskapar dveler *Morkinskinna* mykje meir ved eigenskapar hjå kongane enn det *Fagrskinna* gjer. For forfattaren av *Morkinskinna* er det ikkje nok å berre fortelje at ein konge var klok eller sterk, det må visast fram, gjerne med dramatiserte dømer. Det er i denne samanhengen tåttane syner ein av deira hovudfunksjonar i *Morkinskinna*. Det er i tåttane at kongane og deira eigenskapar vert framsynt, gjerne i samspel med undersåttane.²³⁹ Der tåttane fungerer som ei scene der kongelege eigenskapar blir synt fram, fungerer samstyrta som ei scene for å samanlikne dei ulike kongane.

I soga om Magnus den Gode vert Magnus tidleg omtala med lovord i *Morkinskinna*. Han vart oppfostra hjå kong Jaroslav i Russland, og vert tidleg skildra som dyktig i forskjellige leikar. Han var smidig og kunne gå på hendene og utviste soleis eksepsjonell fysisk styrke.²⁴⁰ I *Morkinskinna* vert òg Magnus den Gode framskriven som ein klok politikar. Saman med fosterfar hans, Kong Jaroslav, driv han eit politisk spel for å få den norske trona. Dette skjer gjennom ein handelsmann, Karl, som får rolla som agent for Magnus. Karl får peng frå Magnus som skal nyttast til å vinne dei norske stormenna.²⁴¹ Denne historia finn ein ikkje i *Fagrskinna*, noko som gjer at biletet av Magnus den Gode skil seg. I *Fagrskinna* er ikkje Magnus den Gode nemnd i det heile i prosessen som førte til maktovertakinga hans. I staden er det dei trønderske stormenna, med Einar Tambarskjelve og Kalv Arnesson i spissen, som er motoren bak heimhentinga av son til Olav den Heilage.²⁴² Etter Magnus den Gode tek styret i

²³⁷ *Morkinskinna* (2000) s 226.

²³⁸ *Morkinskinna* (2000) s 350.

²³⁹ Jakobsson (2001) s 35.

²⁴⁰ *Morkinskinna* (2000) s 90.

²⁴¹ *Morkinskinna* (2000) s 89-100.

²⁴² *Fagrskinna* (2008) s 211-212.

Noreg får han ei meir utfyllande skildring i både sogeverka. Han vert skildra som ein mektig og populær mann som var sterkare, klokare, meir autoritær og meir mannleg enn alderen skulle tilseie. Han var ein veldig vakker mann og god mot vennene sine når han fekk gode råd.²⁴³

Den klåraste skilnaden i sogeverka si framstilling av Magnus den Gode finn ein i historiene frå samstyret til Magnus den Gode og Harald Hardråde. Dette tidsrommet fortel *Fagrskinna* knapt noko om, samanlikna med *Morkinskinna*. Av dei 20 episodane som soga om Magnus den Gode i *Morkinskinna* her er delt i, er 11 av dei frå samstyret til Magnus den Gode og Harald Hardråde. I tekstleg menge er det snakk om 22 sider som ikkje er inkludert i *Fagrskinna*. I dette tidsrommet finn me òg to fåttar, samt åtte fåtteliknande narrativ.

Den første fåtten fortel om Torstein Hallsson.²⁴⁴ Torstein er ein av kongen sine undersottar som tek for store fridommar ved å leggje ut på ei handelsferd til Dublin utan å varsle kongen eller å ha løyve til å gjennomføre ferda. Han meiner heller ikkje han treng å betale skatt. Magnus vert ikkje nøgd og gjer Torstein til fredlaus. Torstein tilbyr Einar Tambarskjelve nokre hestar, men Einar takkar nei. Son hans, Endride, er ikkje like vis. Endride tek imot gåva frå Torstein og Magnus blir særslig misnøgd. Einar må arbeide hardt får å attreise forholdet til Magnus, og må gå så langt som å truge med å forlate Magnus før kongen godtek kompensasjon. Denne fåtten kastar ljós over sider, både ved kongen, men òg undersottane hans. På ei side blir Magnus den Gode skiven fram som ein konge som verdset venene sine, og særleg det nære forholdet til Einar Tambarskjelve. Kongen set til side sine personlege kjensler for å halde på vennskapet med Einar Tambarskjelve. På ei anna side skriv denne fåtten òg fram Einar sin tydlege maktposisjon. Han har så stor påverknad på kongen, at ved å truge med å forlate landet, får han pressa gjennom viljen sin. Dersom ein ser attende på dei karakteristikkane som Magnus den Gode vart tilskrivne i byrjinga av soga, kan ein sjå på denne fåtten som eit bilet på kongen sin visdom. Han forstår at vennskapet med Einar Tambarskjelve er for verdifullt å kaste vekk for ein heller liten ting.

²⁴³ *Morkinskinna* (2000) s 102, *Fagrskinna* (2008) s 220.

²⁴⁴ *Morkinskinna* (2000) s 163-165.

Morkinskinna har fleire tilfelle som illustrerer Magnus den Gode sine andre karakteristikkar, til dømes has takksemd for gode råd. Før slaget på Lyrskogsheden fortel *Morkinskinna* at Kong Magnus fekk gode råd frå ein gamal bonde som heldt til i området, og som takk fekk bonden ei god lønn.²⁴⁵ Under slaget på Lyrskogsheden var det ein formidabel mann i den Vendiske hæren som hadde magiske krefter som gjorde at stål ikkje beit på han. Denne mannen drap fleire av Kong Magnus sine menn. Ein mann i kongen sin hær lurde på kvifor kongen let den vendiske mannen slakte mennene hans. Kongen visste ikkje råd og spurde då mannen om han hadde gode råd å gje, og saman fekk dei gjort ende på vendaren. Seinare i *Morkinskinna*, kapittel 16, kom det ein mann til Kong Magnus og bad om å få pengar. Dette var den same mannen som gav kongen gode råd på Lyrskogsheden, og nok ein gong vert det vist at Magnus den Gode verdsette gode råd.²⁴⁶

Det er ikkje berre i soga om Magnus den Gode at ein finn tåttar. Ein av dei mest eksplisitte døma på tåttane sin funksjon finn ein i soga om Kong Øystein Magnusson.²⁴⁷ Tåtten handlar om Kong Øystein og den islandske skalden hans, Ivar Ingimundsson. Isolert kan det sjå ut som om tåtten handlar om Ivar og kjærleikssorga hans, men ser ein tåtten saman med resten av *Morkinskinna*, ser ein at den eigentleg handlar om kor god Kong Øystein var mot undersottane sine og kor viljug han var til å hjelpe dei dersom dei hadde problem.²⁴⁸ Dette vert òg eksplisitt uttrykt i byrjinga av tåtten.²⁴⁹ Tåtten om Ivar og Kong Øystein er òg plassert rett etter *Morkinskinna* har skildra Kong Øystein med både utsjånad og eigenskapar, men syner igjen at det ikkje er nok å berre fortelje kor god Kong Øystein var mot undersottane sine, det må òg visast fram.

Tåttane i *Morkinskinna* krinsar rundt kongelege eigenskapar og kongeleg karakter og fungerer som ei scene der kongane blir vist fram og deira eigenskapar dramatisert. Ei liknande framsyning får ein i samstyla i *Morkinskinna*. Som nemnd utgjer styra til Magnus den Gode

²⁴⁵ *Morkinskinna* (2000) s 119.

²⁴⁶ *Morkinskinna* (2000) s 158.

²⁴⁷ *Morkinskinna* (2000) s 326-328.

²⁴⁸ Jakobsson (2014) s 93-96.

²⁴⁹ *Morkinskinna* (2000) s 326.

og Harald Hardråde om lag 60 prosent av den tekstlege mengda i *Morkinskinna*. Historia om Magnus den Gode og Harald Hardråde kan igjen delast i tre hovuddelar: 1) Skildring av Magnus den Gode, 2) Skildring av Harald Hardråde, og 3) Samanlikning av kongane gjennom samstyret deira. Samstyra utgjer om lag ein femdel av narrativet sjølv om kongane regjerte saman i berre eit år. I tillegg får ein endå betre innsyn i Harald Hardråde i tida etter Magnus den Gode dør, då det narrative fokuset ligg på Harald. Theodore Andersson har plassert desse to kongane i to ulike kategoriar, krigarkongen og den fredelege styraren,²⁵⁰ ei inndeling eg er samd i.

Magnus vert framskrive som den fredelege kongen med fokus på heimleg styre. Han får Danmark gjennom avtale med Hardeknut og kjemper berre for å halde fast ved riket når Svein Ulfsson svik han. Han vel å styre unna ei innvadering av England for «[...] his realm was sufficiently large provided that God would allow him to rule it.» På dødsleiet ber han også Harald Hardråde la Svein ha Danmark i fred og heller konsentrere seg om Noreg. Harald Hardråde er ein krigarkonge med større fokus på utanlandske ekspedisjonar. Han gjer storverk på sydhavsreisene sine og nyt suksess i dei seinare konfliktane med danskane. Når desse to motstridande kongsideala vert sett til å styre saman, er det kanskje ikkje overraskande at resultatet blir konflikt. Det faktum at Harald Hardråde ofte kjem noko därlegare ut av konfliktane mellom dei to kongane er heller ikkje overraskande, gitt at episodane frå samstyret i stor grad utspelar seg i eige rike og handlar om heimleg styre. Det er ikkje det heimlege styret som er Harald Hardråde sin største styrke. I krig og vanskelege situasjoner er det få som held same nivå som han, noko sydhavsreisene has og konfliktane med danskane syner gong på gong,²⁵¹ men i det heimlege styre er Magnus hans overmann. Ei meir eksplisitt samanlikning av desse kongetypane finn ein i samstyret til Sigurd Jorsalfar og Øystein Magnusson. Denne samanlikninga finn stad i ordkrigen mellom dei to regentane. Kong Øysten, som vert klassifisert som ein fredeleg styrar, kjem betre ut av ordkrigen med krigarkongen Sigurd Jorsalfar, men ut frå dette er det vil eg ikkje hevde at *Morkinskinna* trekk

²⁵⁰ Andersson (1993) s 16-17.

²⁵¹ Til dømes episodane der Harald utkonkurerer Gygir og borgene han erostrar på sydhavsreisene (s134-144), eller måten han slepp unna Svein Ulfsson i Limfjorden. (s 202-203).

fram nokon av kongane som ideal. Sjølv om Kong Øystein kjem betre frå samanlikninga, er Sigurd Jorsalfar framleis omtala som ein formidabel mann og ein god styrar.²⁵²

3.1.2.3 Ein skal ikkje tala vondt om kongen

Dei norske kongane blir jamt over framstilt som vakre menn med gode evner. I *Morkinskinna* kan kongane likevel tidvis komme uheldig ut av historier. Eit trekk som går att gjennom heile *Fagrskinna*, er tendensen til å styre utanom negative skildringar av legitime norske kongar. Dette er eit trekk ein ikkje ser like klårt i *Morkinskinna*. I *Morkinskinna* er kongane framskrive i både positive og negative ordlag, truleg for å fremje ein av hovudtematikkane i soga – karakteriseringa av dei norske kongane. Ved å syne kongane frå både gode og dårlige sider vert karakteren deira utdjupa. I tillegg til å styre vekk frå negative omtalar av kongane, tonar *Fagrskinna* òg ned innanrikskonfliktar som ofte kunne oppstå i samstyra til kongane.

Skilnaden kjem ikkje tydleg fram i skildringa av kongar som Magnus den gode, Olav Kyrre og Øystein Magnusson. Dette er fordi *Morkinskinna* ikkje har noko særleg negativt å seie om desse kongane. Magnus den Gode blir riktig nok framskrive som hard og hemnlysten etter han har komme til makta i Noreg, men i historia sin heilskap kjem Magnus godt ut av det, og blir «den Gode». Skilnaden blir derimot tydlegare dersom ein ser på kongar som Harald Hardråde, Sigurd Jorsalfar, Harald Gille eller Sigurd Munn.

Morkinskinna greier ved fleire høve ut om konfliktar som oppstod mellom koregentane Harald Hardråde og Magnus den Gode i deira felles styreår. I fleire av desse høva kjem ikkje Harald særleg godt ut av historiane. Han blir mellom anna fort misunneleg når han føler at Magnus får større ære enn han sjølv. Dette kjem godt fram i episoden som fortel om då Arnórr jarleskald kom til kongane for å kvede for dei.²⁵³ Arnórr ønskete å framføre kvadet om Magnus først, noko som gjorde Harald misnøgd – det var størst ære i å bli adressert først. Harald heldt fram med å vise si missnøye gjennom kvadet om Magnus, og braut ved fleire

²⁵² *Morkinskinna* (2000) s 345.

²⁵³ *Morkinskinna* (2000) s 165-167.

høve inn i framføringa til Arnórr. I det anekdotiske narrativet om Trond frå Oppland kjem òg Harald Hardråde si misunnelege side til syne i det han legg Trond for hat når Trond blir Magnus sin mann. Hemngjerrig er òg biletet ein sit at med av Harald Hardråde etter tåtten om Reidar den dumme. Dei ulike historiene om Harald Hardråde som blir framskrive i *Morkinskinna* har ført til at forskarar er usamde i kva totalbilete ein sit igjen med. Gustav Indrebø hevda at *Morkinskinna* framstilte Harald Hardråde positivt i det han omtala som hovudnarrativet, medan han vart framstilt negativt i tåttane og dei tåtteliknande narrativa.²⁵⁴ Theodore Andersson på si side hevdar at Harald Hardråde er negativt framstilt i både tåttane og hovudnarrativet, og at dette kan forklarast med eit negativt syn på ekspansjonistiske kongar.²⁵⁵ Árman Jakobsson er ikkje samd og hevdar at Harald Hardråde vert framskrive med både gode og därlege sider utan at dette skal sjåast som ein kritikk mot ekspansjonistiske kongar. Jakobsson knyt styret til Harald Hardråde opp mot dei fire kardinaldydane *visdom, mot, måtehald og rettferd*, og knyt dei negative omtalane av Harald opp mot manglande måtehald.²⁵⁶ Så lenge Harald Hardråde utviser måtehald i handlingane sine, vert han skiven fram som ein av dei fremste norske kongane. Eg vil hevde at soga verken tek avstand frå eller ser positivt på nokon av kongetypane, men i staden er interessert i kaste ljós over dei ulike sidene deira utan å felle overordna dommar. *Fagrskinna* nemner berre kort at det oppstod konfliktar mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde, men ser seg ikkje nøydd til å utdjupe dette noko meir, og framskriv såleis eit mykje mindre konfliktfylt samstyre.

I soga om Sigurd Jorsalfar og Øystein Magnusson har *Fagrskinna* komprimert soga relativt kraftig, og utelet ei rekke historier.²⁵⁷ Til dømes *tingsoga*, lovdisputten mellom dei to kongane, samt den påfølgjande «mannjafnaðr» eller «flytinga» mellom dei to kongane. Ved å utelate desse episodane, som er dømer på konflikt mellom dei to koregentane, skriv *Fagrskinna* fram eit samstyre som gjekk meir eller mindre på skinner. *Morkinskinna* på si side, tek med både desse hendingane. *Morkinskinna* skriv soleis fram eit meir konfliktfylt forhold mellom dei to brørne. Ein illustrasjon på dette ser ein i utsegna som føl etter lovdisputten mellom brørne «There were many disputes between the brothers, but peace was

²⁵⁴ Indrebø (1928) s 173-180.

²⁵⁵ Andersson (1994) s 58.

²⁵⁶ Jakobsson (2000) s 77.

²⁵⁷ Her må det nemnast at *Fagerskinna* har ei lakune som strekk seg frå Sigurd Jorsalfar sitt opphold hjå keisar Alexios i Miklagard og fram til utgreiinga om Øystein Magnusson sitt styre i Noreg. Sjå *Fagerskinna* (2008) s 350-351).

maintained in the land as long as both kings lived. But after this quarrel there was never again any warmth or kindness or affection between the brothers.»²⁵⁸

Morkinskinna fortel òg om Sigurd sine mentale lidingar mot slutten av regjeringstida hans. Igjen er det ikkje nok å nemne eit karaktertrekk, det må synast fram. Heile fem episodar er inkludert for å fortelje om desse lidingane. Historiene er ikkje berre inkludert for å skildre Sigurd Jorsalfar, men har òg ein moraliserande dimensjon. Kapittel 74 fortel om då Sigurd kasta den vakraste boka han hadde på elden og samstundes slo til dronninga.²⁵⁹ Ingen av undersottane hans torde å seie noko til kongen før ein mann ved namn Ottar Britingr tok mot til seg. For dette vart han høgt akta. I kapittel 77 finn ein ei liknande historie. Kong Sigurd ynskte å ete kjøt på ein fredag, noko som var i strid med kristne lover.²⁶⁰ Ingen vil motseie kongen, men alle var i eit sørgelege humør. Til slutt tok Alsak Hani, lik Ottar Britingr, mot til seg og tala kongen frå det, og også han vart lønna for det. Eit tredje døme finn ein i kapittel 80.²⁶¹ Mot slutten av livet ønskte Sigurd Jorsalfar å skilje seg frå dronninga, og ekte ei ny kone. Kongen ville halde festen i Bjørgvin, men biskopen, Magne, forbaud dette og sa at ei slik handling ville «[...] disgrace God's law and Holy Church and our bishopric [...]»²⁶² Kong Sigurd flytte då festen til Stavanger. Biskopen i Stavanger meinte òg at denne handlinga var i strid med Guds lov, men dersom kongen ville donere ein stor pengesum så kunne det la seg gjere og kongen blei gift på ny. Historiene karakteriserer ikkje berre Sigurd Jorsalfar sine därlege sider mot slutten av has styringstid, men har òg ein moraliserande dimensjon der undersottane blir testa. Ottar, Aslak og biskop Magne handlar i tråd med lov og rett og vert lønna for det, anten materielt eller spirituelt. Biskopen i Stavanger passerer ikkje testen, og det vert fortald at kongen ikkje var meir nøgd med biskopen, enn med biskop Magne.²⁶³ *Fagrskinna* har ikkje teke med nokon av desse historiene, og fortel berre at Kong Sigurd hadde hatt därleg helse i lengre tid mot slutten av levetida hans.²⁶⁴ Dette er ei handsaming som står i stil med handsaminga av andre negative omtalar om norske kongar i soga, samt ei mindre vektlegging av moralisering og kyrkjelege høver i *Fagrskinna* enn i *Morkinskinna*.

²⁵⁸ *Morkinskinna* (2000) s 345.

²⁵⁹ *Morkinskinna* (2000) s 350-351.

²⁶⁰ Jakobsson (2014) s 248.

²⁶¹ *Morkinskinna* (2000) s 357-358.

²⁶² *Morkinskinna* (2000) s 357.

²⁶³ *Morkinskinna* (2000) s 358.

²⁶⁴ *Fagerskinna* (2008) s 353.

Styret til Harald Gille og Magnus Blinde vert òg framskrive på forskjellige måtar i sogene. I *Morkinskinna* kjem Harald Gille til Noreg medan Sigurd Jorsalfar regjerer og hevdar han er son av Magnus Berrføtt. Farskapen vart testa og trudd, men Harald Gille måtte sverje at han ikkje skulle krevje trona så lenge Kong Sigurd, og son has, Magnus, var i live.²⁶⁵ Denne eiden held ikkje Harald, og krev trona når Sigurd døyr. *Fagrskinna* fortel det same om korleis Harald Gille kom til Noreg, men fortel ikkje om at han svor noko eid om å ikkje krevje riket.²⁶⁶ Såleis bryt han heller ikkje noko eid i det han krev trona. Dette er ikkje det einaste høve der *Fagrskinna* «reinvaskar» Harald Gille for ukongelege handlingar. Seinare i sogeverka vert det fortald om slaget mellom Harald Gille og Magnus Blinde i Bergen. Magnus Blinde går tapande ut av slaget og vert teken til fange og lemlest til trælane til Harald Gille. I det same slaget vart òg biskop Reinald av Stavanger hengt.²⁶⁷ Noko meir enn dette seier ikkje *Fagrskinna* om denne hendinga. Det er ei historisk hending som er så viktig at den må nemnast sjølv om det set kongen i eit därleg ljós, men noko utgreiing eller dømming av handlingane er ikkje naudsynt. *Morkinskinna* på si side moraliserer over hendinga. Lemlestinga av Magnus Blinde vert omtalt som ukongeleg, men *Morkinskinna* gir ikkje Harald Gille skulda aleine for denne handlinga, og legg skulda vel så mykje på rådgjevarane hans. Rådgjevarane til Harald Gille har òg dels skuld i henginga av biskopen, men kongen er på inga måte skuldfri. *Morkinskinna* fortel så følgjande om hendinga: «With this deed the king grieved the hearts and minds of all good men, and it is probable that this crime doomed Norway and all who were implicated and were subject to excommunication and God's wrath.»²⁶⁸

Handsaminga av Magnus Blinde og Sigurd Slembe er òg eit døme der *Fagrskinna* skil seg frå *Morkinskinna*. Særleg Magnus Blinde si rolle i samarbeidet med Sigurd skil seg klårt. I *Morkinskinna* blir Magnus framskrive som ein slu og kløktig partnar i samarbeidet. Etter Magnus Blinde og Sigurd Slembe går tapande ut av slaget ved Minne, dreg Magnus til Sverige. Her eggjar han kong Karl Sørkvissen til å angripe Noreg og det blir fortalt at «[...]

²⁶⁵ *Morkinskinna* (2000) s 355-356.

²⁶⁶ *Fagerskinna* (2008) s 352-353.

²⁶⁷ *Morkinskinna* (2000) s 363-364, *Fagerskinna* (2008) s 357-359.

²⁶⁸ *Morkinskinna* (2000) s 364.

King Magnus and his men said that Norway was free for the taking if any great leaders had the stomach for it [...]”²⁶⁹ Karl følgde Magnus sitt råd og møtte Kong Inge til slag ved Krokskog. Magnus Blinde og svenskane gjekk tapande ut av slaget. Magnus Blinde drog så vidare til Danmark for å overtale Eirik Emune til å angripe Noreg. «Magnus the Blind went to Denmark to meet with King Eirikr eimuni. [...] He asked King Eirikr if he wished to invade Norway [...] He said that if he came with a great force, no one would dare so much as to cast a spear at him.”²⁷⁰ Både desse passasjane er ikkje inkludert i *Fagrskinna*. Magnus Blinde blir ikkje nemnd i det heile i samband med slaget mellom Kong Inge og Karl Sørkvissen, og i samband med hærferda til Eirik Emune fortel *Fagrskinna* berre at Magnus var med.²⁷¹ Denne framstillinga av Magnus Blinde føl *Fagrskinna* si handsaming av legitime norske kongar – hendingar som sette dei i dårleg ljós vert stort sett berre nemnd i knappheit eller skore heilt vakk. Denne tilnærminga tyder riktig nok ikkje at *Fagrskinna* har eit utelukkande positivt og ukritisk syn på alle dei norske kongane. *Fagrskinna* skriv til dømes at sønene til Eirik Blodøks blei grådige mot folket og at dei ikkje heldt lova og i tillegg at dei gøynde skattar i jorda som «småbønder.»²⁷² Ei slik skildring kan ikkje seiast å vere særleg positiv.

3.1.3 Legitimering og eit sameint rike

Dei føregåande etterrøkingane har synt at *Morkinskinna* vektlegg karakterisering av kongane, gjerne opp mot kvarandre gjennom samstyra. I *Fagrskinna* er det legitimeringstematikken og utanrikspolitikk som kjem særleg godt fram i historia om Magnus den Gode. Etter Magnus har vorte henta heim til Noreg, er det første som skjer at makta hans blir legitimert. Dette skjer allereie i første setning i kapittel 46: «Straks folk fikk spurt at Olav den helliges sønn, Magnus, var kommet til Trondheimen, kom mange til ham og svor ham troskap, til og med menn som hadde vert mot Olav.»²⁷³ Det er ikkje først og fremst Magnus som er kommen til Noreg, det er son til den førre legitime norske kongen, Olav den Heilage. Og nettopp Magnus sitt slektskap til helgenkonge blir poengtert gjentatte gonger i *Fagrskinna*. Til dømes då Svein Alfivason bad bøndene kjempe mot Magnus, ville dei ikkje friviljug kjempe mot son til Olav

²⁶⁹ *Morkinskinna* (2000) s 374.

²⁷⁰ *Morkinskinna* (2000) s 374.

²⁷¹ *Fagerskinna* (2008) s 366.

²⁷² *Fagerskinna* (2008) s 83.

²⁷³ *Fagerskinna* (2008) s 215.

den Heilage.²⁷⁴ Eit anna døme finn me då Magnus og Hardeknut, som var konge i Danmark, kom saman for å få i stand fred mellom dei to landa. I soga blir då Magnus sitt slektskap til Olav den Heilage poengtert fleire gonger.²⁷⁵ Til saman er Olav den Heilage nemnd 20 gonger på 22 sider i soga om Magnus den gode i *Fagrskinna*, nokre gonger av forfattaren, andre gonger av Magnus sjølv. Denne hyppige refereringa til Olav den Heilage er særskild for soga om Magnus i *Fagrskinna*. I sogene etter Magnus den Gode blir helgenkongen berre nemnd sporadisk, ofte i samband med lover, byggverk eller privilegium han hadde gitt i si styretid.²⁷⁶

Fletta inn i sogeverka si historie om Magnus den Gode, er byrjinga på soga om Harald Hardråde. Magnus og Harald delte på eit tidspunkt kongemakta mellom seg, og i samband med dette måtte det nyaste innslaget i kongerekka i soga legitimerast. Når Harald trer inn som norsk konge, tek forfattaren ein kort pause frå handlinga for å plassere den nye kongen i den norske kongerekka. Frå styret til Magnus og Harald blir det ført ein tråd attende til den første kongen i Noreg, Harald Hårfagre: «Da Harald Sigurdson tok kongedømme i Norge med freunden sin, Kong Magnus, var det frå Harald Hårfagres død gått hundre og tjue vintrer og to i tillegg.»²⁷⁷ Vidare blir det skrive at alle kongar i Noreg har stamma frå Harald Hårfagre, sett vekk frå dei periodane då Noreg låg under Svensk eller Dansk styre. Forfattaren fører ikkje berre linjer attende i tid her, han ser også framover. Det blir skrive at «[...] etter at Kong Harald Sigurdsson tok kongedømmet, har hans ætt holdt kongedømmet siden, enda om noe har skiftet i ættelinje fra ham.»²⁷⁸ Tidlegare i soga har forfattaren allereie ført slekta til Harald Hardråde heilt attende til Harald Hårfagre, og på denne måten har soga legitimert makta til Harald Hardråde og alle kongane etter han.

I denne legitimeringstematikken kan ein òg merke seg når forfattarane nyttar seg av termen «konge». ²⁷⁹ Det er interessant å sjå at kongane i sogene ikkje blir titulert som konge, før dei faktisk er tekne til konge. Ein kan òg lese dette som eit teikn på kva sogeforfattarane rekna

²⁷⁴ *Fagrskinna* (2008) s 215.

²⁷⁵ *Fagrskinna* (2008) s 218-219.

²⁷⁶ *Fagrskinna* (2008) s 272, 282, 392.

²⁷⁷ *Fagrskinna* (2008) s 256.

²⁷⁸ *Fagrskinna* (2008) s 256.

²⁷⁹ Det er noko problematisk at eg nyttar meg av omsette soger og såleis ikkje kan gå direkte til kjeldene på deira originalspråk og undersøke termane der. Eg må i staden støtte meg på omsetjinga til andre historikarar.

som legitime kongar. Harald Hardråde blir ikkje omtalt som konge før Tore på Steig har gitt han kongenamn.²⁸⁰ Harald Hardråde kan sjølv meine han har krav på kongenamn, men før nokon gir han det, vert han ikkje rekna som konge. Då Svein Ulfsson vart teken til konge av danskane, omtalar ikkje nokon av sogeneverka han som «konge», men som «jarl», og påpeiker at Kong Magnus og nordmennene gjorde det same.²⁸¹ Svein blir ikkje omtala som konge før det nærmar seg slutten på Magnus den Gode si styretid.²⁸²

Eit interessant døme i denne samanhengen er omtalen av tronkrevjaren Sigurd Slembe. Sjølv om Sigurd vart godteken som konge i både Hordafylket og Sognefylket blir han aldri omtala som konge i sogene. Kva kan dette komme av? Det kan truleg ikkje vere fordi heile landet måtte ta han til konge. Haraldssønene vart tekne til kongar kvar for seg, ein i Trondheim og ein i Viken, men begge vert omtala som kongar. Ei forklaring kan vere at forfattaren ønskte å skilje Sigurd Slembe frå Sigurd Munn som blir omtala som kong Sigurd. Det kan òg vere ein dom frå forfattaren av *Morkinskinna*. Farskapen til Sigurd Slembe er usikker, men det er ikkje utenkeleg å tru at forfattaren har gjort seg opp ei meinings, at Sigurd Slembe ikkje er son til Magnus Berrfött. Meiningar og haldningar hjå sogeneforfattarane kan, som nemnd, stundom skine gjennom, ofte i talar som i antikkens historieskriving, men òg i form av «folk» si meinings.²⁸³ *Morkinskinna* fortel følgjande om Sigurd Slembe som er av interesse: «It appeared to some people that he was the priest's son [...]»²⁸⁴ Det er ikkje utenkeleg at dette kan representera forfattaren sitt syn på farskapen til Sigurd Slembe og at såleis ikkje er kongsemne.

Sentralt i både sogeneverka om dei norske kongane er utanrikspolitikken, og då særleg krigføring og erobringar utanfor det norske riket. Denne tematikken kjem særleg godt fram i *Fagrskinna* som vel å tone ned innanrikspolitiske konfliktar som ein finn i *Morkinskinna*. Dette ser ein tydleg dersom ein dreg parallellar til *Heimskringla*. *Heimskringla* har den same tidsavgrensinga som *Fagrskinna* og *Fagrskinna* utgjer om lag ein firdel av *Heimskringla*.

²⁸⁰ *Morkinskinna* (2000) s 154, *Fagerskinna* (2008) s 251.

²⁸¹ *Morkinskinna* (2000) s 125, *Fagerskinna* (2008) s 233.

²⁸² *Morkinskinna* omtalar svein som konge i kapittelet før Magnus døyr, medan *Fagrskinna* nyttar «konge» om Svein før Magnus og Harald byrjar samstyret sitt.

²⁸³ Lönnroth (1970) s 170, Bagge (1991) s 61.

²⁸⁴ *Morkinskinna* (2000) s 367.

Likevel har *Fagrskinna* og *Heimskringla* om lag like mykje utanrikspolitisk materiale, og syner såleis at *Fagrskinna* ikkje vektlegg innanrikspolitiske konfliktar stort.²⁸⁵ Nokre unntak finn ein likevel, mellom anna striden mellom Magnus Berrfött og Steigar-Tore.²⁸⁶ Historier som ikkje blir korta ned er til dømes Harald Hardråde sine sydhavsreiser og krigføring med danskane, og heller ikkje Sigurd Jorsalfar si ferd er truleg nemneverdig korta ned.²⁸⁷

3.1.4 Oppsummering

Historiene om kongane i *Fagrskinna* og *Morkinskinna* skil seg klårast når det kjem til dei tematiske vektleggingane i historia som vert fortald. *Fagrskinna* vektlegg ei framstilling av kongen med fokus på maktlegitimering gjennom ei historie blotta for dei «uinteressante» digresjonane som er karakteristiske for *Morkinskinna*. Dette påverkar igjen korleis kongane vert framskrivne. *Morkinskinna* er særslig oppteken av å karakterisere kongane og kongelegheit, særleg gjennom småforteljingar som skal syne fram forskjellige sider ved dei. Soga fortel ikkje berre om kongen sine gode dygder og eigenskapar, men dreg også inn døme på mindre gode eigenskapar. Dette betyr ikkje at kongane blir framstilt i eit nemneverdig därleg ljós. Sjølv om enkelte kongar kan gjere därlege handlingar er dei framleis framifrå hovdingar og menneske. Magnus den Gode er for hard mot sine undersottar, men mjuknar og blir ein av dei mest elskverdige kongane i Noreg. Sigurd Jorsalfar slit med ei skrantande mental helse mot slutten av si styretid, men vert framleis omtala som ein utmerka og eineståande styrar.

Kongane i *Morkinskinna* vert òg i stor grad samanlikna og særleg skjer dette i periodane med samstyre. Samlege av desse samstyra er prega av uro som kan skuldast motstridande kongetypar. Sjølv om kongen står i sentrum i *Morkinskinna*, vektlegg soga òg forholdet mellom konge og undersott. Aristokratar, bønder og islendingar får ei framheva rolle i *Morkinskinna* samanlikna med *Fagrskinna*.

²⁸⁵ Bagge (1991) s 143.

²⁸⁶ *Fagerskinna* (2008) s 326-329.

²⁸⁷ I samband med sydhavsferda til Sigurd Jorsalfar har *Fagrskinna* ei lakune som gjer det vanskeleg å seie kor lang denne historia er. Dersom ein samanliknar historia om Harald Hardråde si reise i *Fagrskinna* med *Heimskringla* sin versjon, er narrativet om lag like langt. Difor kan det vere rimeleg å tru at det ikkje skil stort i tekstmengda som er skriven om Sigurd Jorsalfar i *Heimskringla*, om lag 9 sider, og teksten som manglar i *Fagrskinna*.

Tidlegare forskarar har forsøkt av å klassifisere kongane i *Morkinskinna* som anten gode eller därlege, samt å identifisere ei overordna haldning til kongelegheit. Theodore Andersson knytte karakteriseringa av dei norske kongane opp mot den Norsk-Islandske handelskrigen og argumenterer for at *Morkinskinna* på bakgrunn av dette har ei negativ haldning til ekspansjonistiske kongar og føretrekk i staden fredelege heimeverande kongar. Ármann Jakobsson hevdar at *Morkinskinna* har eit positivt syn på kongelegheit og knyt kongelegheita opp mot dei fire kardinaldydane, der ein god konge innehavar samlege. Både Andersson og Jakobsson hevdar at *Morkinskinna* formulerer eit relativt heilskapleg bilet av korleis ein idealkonge bør vere. Ei slik normativ lesing av kongane skal ein vere varsam med, og eg vil hevde at *Morkinskinna* ikkje nødvendigvis er ute etter å formulere ein abstrakt kongsideologi, og eg føl såleis Shami Ghosh her som hevdar at «the views emerging from the compendia as coherent wholes [...] are indeed more grounded in the narratives of individual lives, and have perhaps less of an abstract perspective on kingship as an absolute.»²⁸⁸ Kongar er framskrivne med gode og därlege eigenskapar, men eg les ikkje noko overordna idealbilete av kongelegheit ut frå sogeteksten i *Morkinskinna*.

Fagrskinna har vorte viggd lite merksemd i forskinga og ikkje sidan Gustav Indrebø har soga fått akademisk merksemd i form av ein monografi. Kongebilete i *Fagrskinna* har tidvis vorte kort nemnd i verk som eit samanlikningsgrunnlag. Sverre Bagge har drege fram at *Fagrskinna* kategoriserer kongar som gode eller därlege og at ein kan identifisere ein viss pro-monarkisk tendens i soga.²⁸⁹ I *Fagrskinna* er det heilt tydleg at kongen aleine står i fokus og alle legitime norske kongar jamt over vert framstilt i eit betre ljós, der eventuelle därlege eigenskapar og innanrikskonfliktar er utelatne eller nemnd kort i forbifarten. Dette resulterer i at kongebilete i *Fagrskinna* er meir eindimensjonalt. Soga framstiller så og sei berre dei positive sidene til kongane. Harald Hardråde, til dømes, er ein framifrå krigarkonge og ein god heimleg styrar. Konfliktane i samstyret med Magnus den Gode er redusert til konflikten kring ankringsplassen, samt ein kort merknad som seier at «enda har det vært flere saker, som kunne ha skapt uenigheter.»²⁹⁰ Ei «reinvasking» av dei fleste norske kongane lyt peike mot ei positiv haldning til dei. Her må det riktig nok nemnast at ein finn unntak, som til dømes omtalen av Eirikssønene, som er nemnd ovanfor. Vidare syner forfattaren ei interesse for

²⁸⁸ Ghosh (2011) s 186.

²⁸⁹ Bagge (1991) s 143.

²⁹⁰ Fagerskinna (2008) s 258.

nasjonale hendingar som ikkje er konfliktprega, som byggverk og lov giving. Interessa kring politiske konfliktar ligg derimot utanlands og ein kan sjå ein klar brodd mot utanlandske makter, særleg danskane.

3.2 Aristokrati i *Fagrskinna* og *Morkinskinna*

Til no har det vore kongane som har stått i sentrum for etterrøkinga. Vidare vil undersøkinga krinse rundt kva historier ein finn om aristokratiet i *Morkinskinna* og *Fagrskinna* og korleis forholdet mellom konge og aristokrati er skrive fram. Soga om Magnus den Gode vert framleis nytta som utgangspunkt. Den mest framståande aristokraten i Soga om Magnus den Gode, er den trønderske høvdingen Einar Tambarskjelve og drøftinga vidare vil først krinse rundt han.

3.2.1 Morkinskinna

I *Morkinskinna* blir Einar Tambarskjelve for fyrste gong introdusert i spelet for å hente Magnus den Gode heim til Noreg. Einar vart kontakta av Magnus gjennom handelsmannen Karl som baud Einar peng og baud han å støtte Magnus sitt krav til trona. Einar for til Russland med 12 andre stormenn frå Noreg og henta Magnus til Noreg. Einar var den som snakka på vegne av dei norske stormennna, og det er såleis tydeleg at han var den mektigaste høvdingen i blant dei. Magnus vart frakta til Noreg, og Einar vart fosterfar hans, saman med Kalv Arnesson, ein annan trøndersk stormann. I tida etter at Magnus hadde sikra seg den norske trona, skildrar *Morkinskinna* ein maktkamp mellom Einar Tambarskjelve og Kalv Arnesson. Ved ein fest der både Einar og Kalv er til stades med kongen, tok Kalv plassen til Einar, som alltid sat nærest kongen. Dette fann ikkje Einar seg i og uttalte «The old ox should be put in his stall before the calf», før han sat seg mellom kongen og Kalv.²⁹¹ Det er tydeleg at Einar ønskte å halde den sterke posisjonen sin som mannen nærest kongen. I neste kapittel vert det fortald at Magnus tok ei hardare linje ovanfor trøndarane grunna trøndarane sin motstand mot Olav den Heilage. I samband med dette ønskte Magnus å reise til Stiklestad for

²⁹¹ *Morkinskinna* (2000) s 102.

lære meir om hendingane som fann stad der og bad Einar bli med for å fortelje om det. Einar, truleg vel vitande om kva rolle Kalv spelte i denne samanhengen, bad kongen ta med seg Kalv i staden, for «he was closer to these events and will be much more familiar with them. He will be able to describe where the important events occurred».²⁹² Det heile resulterte i at Magnus forstod at Kalv kan ha vore med å drepe Olav den Heilage. Kalv drog frå Noreg i all hast, og som einaste fosterfar og rådgjevar sat Einar att som den mektigaste mannen i Noreg, sett vekk frå kongen sjølv.

Forholdet mellom Einar og Magnus vert framskrive som særst tett i *Morkinskinna*, og Einar har ei tydleg påverknadskraft ovanfor kongen. Dette blir ikkje eksplisitt nemnd, men framsynt fleire gonger, gjerne i *tåttane*. I tåtten om Torstein Hallsson fall son til Einar, Endride, i ugreie med kongen i det han tok i mot ei gáve frå Torstein Hallsson som kongen tidlegare hadde gjort fredlaus. Einar forsøkte å mekle mellom sonen sin og kongen, men Magnus var ikkje viljug til å forlikast. Det heile enda med at Einar ramsa opp alt han hadde gjort for Magnus, truga med å fare frå landet og storma ut av hallen i sinne. Først då vart Magnus viljug til å forlikast og sa at «our friendship will never be surrendered.»²⁹³ Dette syner det nære vennskapet mellom konge og aristokrat, men det syner òg at Einar Tambarskjelve hadde ein særst stor innverknad på kongen og styret i landet.

Morkinskinna skriv fram ei historie om ein stormann som sat på mykje makt i Noreg i rolla som kongens høgre hand, men denne maktposisjonen vart utfordra då Harald Hardråde segla inn i soga. Einar ønskte ikkje at Magnus skulle dele makta si med Harald, kanskje vel så mykje for sin eigen del som for Magnus sin. Denne haldinga førte til at Harald og Einar fort utvikla eit spent forhold. *Morkinskinna* fortel om fleire hendingar der desse maktpersonane står ovanfor kvarandre. Eit døme på det forholdet mellom Kong Harald og Einar finn ein i historia om Harald si harde skatteinnkrevjing. Bøndene hevda at Harald var for hardfør i skatteinnkrevjinga og det blei påstått at han kravde meir enn han hadde rett til. På eit tingmøte der Einar Tambarskjelve og Kong Harald var til stades, tala bøndene varmt om Magnus og hevda at sidan Magnus vart teken til konge ved Øyratinget før Harald fekk kongenamn, hadde

²⁹² *Morkinskinna* (2000) s 103.

²⁹³ *Morkinskinna* (2000) s 165.

Magnus større autoritet over folket. Då Einar rosa desse orda, svara kong Harald at «you are high and mighty now, Einarr, and now as always you are making your opposition to me clear. It will be a fine day when pride takes a fall. By as much as you are now a head taller than everyone else, you will soon be a head shorter.»²⁹⁴ Einar Tambarskjelve la ingen ting mellom i forholdet til Harald Hardråde, men så lenge Kong Magnus var i live ligg sympatiens i *Morkinskinna* hjå Einar Tambarskjelve fordi han handla innanfor dei lovlege rammene.

Stoda endra seg når Magnus den Gode døydde. Harald Hardråde vart einekonge og sympatiens i historia flyttar seg over på kongen si side når Einar ikkje modererer oppførselen sin. Eit døme på Einar Tambarskjelve si manglande moderering finn ein i kapittel 34, der både Einar Tambarskjelve og Harald Hardråde gjer krav på ein skatt som vert funnen i Trøndelag. Kong Harald hevda at han hadde krav på skatten for «it was the law of the land that the king should appropriate any valuables found in the earth.»²⁹⁵ Einar Tambarskjelve motsette seg dette og hevda at denne lova berre var gjeldande for verdisaker som ein ikkje kunne identifisere noko eigarskap til. Einar Tambarskjelve hevda at sidan denne skatten kunne førast attende til Håkon jarl, så hadde han sjølv og kona hans, Bergljot, krav på den samt alt anna arvegods som måtte ha høyrd til Håkon jarl. Kong Harald påpeikte då følgjande «You are powerful indeed, Einarr, if you rule the land rather than me even though I have the title.»²⁹⁶ Det er dette konflikten mellom kongen og aristokraten grunnar i. Einar Tambarskjelve ville vere like mektig som Kong Harald i Trøndelag. Han kom aldri utan eit stort følgje når kongen var til stades, hindra han kongen i å utføre arbeidet sitt, og gjekk så langt som å ta ein tjuv frå eit tingmøte slik at kongen ikkje fekk dømme han.²⁹⁷ Harald heldt ut med Einar lenge, men til slutt måtte stormannen bøte med livet. «Thus the enmity that King Haraldr had long contained and suppressed finally brought about Einarr's death. As has been previously referred to in this story, there were many forebodings of what was to happen before it ended this way.»²⁹⁸ Sympatiens ligg no hjå kongen. Stormenn har ingen rett til å vere likemenn med ein konge.²⁹⁹ I den same vendinga skyt forfattaren òg inn eit stikk mot dei øvrige aristokratane i Noreg. «At

²⁹⁴ *Morkinskinna* (2000) s 162.

²⁹⁵ *Morkinskinna* (2000) s 207.

²⁹⁶ *Morkinskinna* (2000) s 207.

²⁹⁷ *Morkinskinna* (2000) s 205.

²⁹⁸ *Morkinskinna* (2000) s 211.

²⁹⁹ Jakobsson (2014) s 242.

this time, the magnates of Norway were so reckless that as soon as they were displeased with the king about something, they headed south for Denmark to King Svein.»³⁰⁰

Aristokraten Einar Tambarskjelve er relativt grundig handsama i *Morkinskinna*. Det nære forholdet han hadde til Magnus den Gode er eksemplifisert fleire gonger, og det anstrengde forholdet han hadde til Harald Hardråde likeins. Forfattaren syner soleis ei interesse for forholdet mellom konge og aristokratiet. Ut frå framstillinga kan ein tolke korleis aristokratiet skulle handle i samband med kongen. Under det danske styret fungerer det trønderske aristokratiet som ein opposisjon mot det danske styret. Under styret til Magnus den Gode har Einar Tambarskjelve rolla som næreste rådgjevar. Når Magnus den Gode og Harald Hardråde styrer saman fungerer Einar Tambarskjelve som ei vaktbikkje som passar på Magnus sin posisjon, og samstundes sin eigen. Alle desse rollane gir Einar Tambarskjelve eit positivt bilet i *Morkinskinna*, som ein framifrå aristokrat for norske kongar. Bilete av aristokraten endrar seg når Einar Tambarskjelve ønskjer å vere like mektig som Kong Harald Hardråde i Trøndelag. Slik skulle ikkje ein aristokrat oppføre seg ovanfor kongen sin, og Einar Tambarskjelve blei til slutt tatt av dage, noko som blir framskrive som eit naturleg resultat av konflikten mellom aristokraten og kongen.³⁰¹

Historia om Einar Tambarskjelve er ikkje den einaste aristokratiske historia i *Morkinskinna*. Også i soga om Magnus Berrføtt finn ein ei lengre utgreiing om forholdet mellom konge og aristokrati. Historia om Kong Magnus Berrføtt og aristokraten Sveinki Steinarson strekk seg over om lag seks sider i *Morkinskinna*. Historia tek til etter at Kong Håkon Toresfostre døydde og Magnus Berrføtt hadde sigra over Tore på Steig og trøndarane sitt nye kongsemne Svein Haraldsson, som ikkje hadde kongeleg slekt. Magnus Berrføtt hadde styrd Noreg med Kong Håkon i knappe to år før han døydde, og Sveinke Steinarsson hadde vore ein stor tilhengar av Kong Håkon. Etter Magnus sigra over Tore på Steig stod han aleine igjen som konge i Noreg, men Sveinke Steinarsson hadde ikkje underkasta seg endå. Magnus Berrføtt var ikkje nøgd med stormannen og sendte menn til Götaelv, der Sveinke Steinarsson heldt til, for å forvise han frå landet. Sveinke Steinarsson nekta å føye seg og vidare vert det fortald om

³⁰⁰ *Morkinskinna* (2000) s 211.

³⁰¹ *Morkinskinna* (2000) s 211.

meklinga mellom kongen og Sveinke Steinarsson. Det enda med at Sveinke Steinarsson godtok ei landsforvising på tre år, men det tok ikkje lang tid før Kong Magnus sendte bod for å få han heim igjen.³⁰²

Historia om Magnus Berrføtt og Sveinke Steinarsson inneheld ei rekke moment knytt til forholdet mellom konge og aristokrati, og syner soleis at forfattaren si interesse for denne tematikken er gjennomgåande. Som i historia om Harald Hardråde og Einar Tambarskjelve, er det snakk om ein konflikt mellom ein konge og ein aristokrat. Synspunktet er det same som tidlegare i soga, ein stormann skal ikkje motsette seg rettmessige kongar.³⁰³ Dette kjem klårt fram i formuleringa til Kolbein Klakka, som var ein av stormenna som mekla mellom Magnus Berrføtt og Sveinke Steinarsson. «You are much to wise a man to wish to arm yourself against your duly elected king. [...] Such action has never profited anyone .»³⁰⁴ Etter forhandlingar fram og attende, ender historia på følgjande vis:

When King Magnus came south to Denmark, he and Sveinki met there. They entered into conversations and were completely reconciled. They discussed matters fully on good terms, and now they both grasped what devoted service the district chieftains had rendered each of them, Sveinki then returned to his lands and became a great bastion for King Magnus's realm. Their friendship and good faith lasted as long as circumstances allowed.³⁰⁵

Avslutninga på historia om Magnus Berrføtt og Sveinke Steinarsson er harmonisk, og her er det verdt å merke seg at det er dei diplomatiske evnene til dei meklande aristokratane som til sjuande og sist fører til forlik mellom dei stridande partane, og historia endar harmonisk. Denne avslutninga skriv på mange måtar fram viktige eigenskapar hjå både konge og aristokrati. Aristokratane er til for å rådgje kongen, og kongen bør lytte til kloke råd.

Framskrivinga av aristokratiet i *Morkinskinna* er interessant, og særleg den tekstlege mengda som er viggd til å fortelje om forholdet mellom konge og aristokrati. Dette syner at forfattaren

³⁰² *Morkinskinna* (2000) s 291-297.

³⁰³ Jakobsson (2014) s 242.

³⁰⁴ *Morkinskinna* (2000) s 295.

³⁰⁵ *Morkinskinna* (2000) s 297.

av *Morkinskinna* har ei særleg interesse, ikkje berre for kongane, men også for forholdet mellom konge og aristokrati. Finn ein den same interessa i *Fagrskinna*?

3.2.2 Fagrskinna

Ein finn klåra skilnadar i framstillinga av Einar Tambarskjelve i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, der førstnemnde har viggd vesentleg meir plass til stormannen i si historie. I *Fagrskinna* er det kongen som er hovudfokus og det går ut over vektlegginga av dei andre politiske aktørane.

Fagrskinna har ei vidare tidsavgrensing enn *Morkinskinna*. Såleis blir det fortald at Einar Tambarskjelve tenestegjorde under Olav Tryggvason og stod i opposisjon til Olav den Heilage, men at han ikkje var i landet under slaget på Stiklestad. Den utvida tidsavgrensinga gjer at ein får innsyn i bakgrunnshistoria til Einar Tambarskjelve, samt opptakta til Kong Magnus sin heimkomst frå ståstad til det norske folket. Der *Morkinskinna* først tek til med Magnus den Gode sin oppfostring i Russland, fortel *Fagrskinna* også om tida etter Olav den Heilage fall under slaget på Stiklestad. Noreg låg då under dansk styre og Svein Alfivason var konge i Noreg, men det var mor hans, Alfiva, som stod for mykje av styret.³⁰⁶ Det norske folket var ikkje nøgde og meinte det vart gjort urett mot dei. Danskestyret vert i soga samanlikna med tida Gunnhild Kongemor styrde, «den verste som hadde vært før i Norge.»³⁰⁷ Fiskarane måtte betale leige for å nytte sjøen, og sjølv om det var fred og fridom i landet, følte ein seg ikkje fri grunna dei harde skattane.³⁰⁸ Denne missnøya blir lagt fram av Einar Tambarskjelve under eit møte i Trondheim der Einar Tambarskjelve sa følgjande:

“Ikke var jeg kong Olavs venn, men trønderne var likevel ikke rare kjøpmenn da de solgte kongen sin og tok merra og føllet med; denne kongen kan ikke snake, og mor hans vil bere vondt, og steller til nok av det.””³⁰⁹

³⁰⁶ *Fagerskinna* (2008) s 198.

³⁰⁷ *Fagerskinna* (2008) s 199.

³⁰⁸ *Fagerskinna* (2008) s 199.

³⁰⁹ *Fagerskinna* (2008) s 208.

Dette vart sagt så høgt at «mange hørte det»³¹⁰, og ein kan tolke teksten som at kongen og Alfiva ikkje høyarde det. Alfiva bad bøndene setje seg og høyre på kongen. Bøndene høyarde på dette og vart stille. Missnøya var stor, men ein talte ikkje mot sentralmakta direkte. Einar Tambarskjelve på si side reiste seg og tala slik at alle høyarde det. Han bad folk dra heim og vente på urettferd der i staden for å kaste vekk tida si. Han kritiserte òg folket for måten dei behandla Olav den Heilage på og hevda at det fryktelege danskestyret var straffa deira.³¹¹ Einar yter motstand mot det danske styret, og bøndene er ikkje reddare for Kong Svein og mor hans, enn at dei høyrer på sin regionale stormann. I samspelet med den danske sentralmakta er det og ganske tydleg at sympatiens ligg hjå Einar Tambarskjelve og trønderane. Dette kjem mellom anna fram i framferda til Einar Tambarskjelve mot kongen og mor hans. Den er på ingen måte tilbakehalden slik ein kunne tenke seg når ein undersott omtalar kongen sin, men noko uvilje mot Einar er det vanskeleg å lese ut frå utdraget. Dette grunna truleg i at det ikkje sat ein nordmann på den norske trona, men ein danske. Seinare i soga, når det derimot sit ein rettmessig norsk konge på trona, Harald Hardråde, og Einar Tambarskjelve fer fram på liknande måte, ligg sympatiens ligg hjå kongen i staden for stormannen. Her har ikkje *Fagrskinna* greidd like mykje ut som *Morkinskinna*, og manglar fåttane der Einar Tambarskjelve og Harald Hardråde kjem i konflikt. *Fagrskinna* fortel at Einar og Harald kom i konflikt fordi Einar ville vere like mektig som kongen i Trøndelag. Einar kom aldri til Trondheim utan eit stort følgje, og ved eit høve hindra han dømminga av ein tjuv ved eit domsmøte.³¹² Det neste som blir fortald er at Harald fekk både Einar Tambarskjelve og sonen hans drepen. *Fagrskinna* fortel også at Harald lenge hadde tolerert Einar, og at drapet i so måte reknast som rettferdig.

3.2.3 Komparasjon

Skil framstillinga av aristokratiet seg mellom dei sogeverka? Aristokratiet viggde ein vesentleg mindre plass i *Fagrskinna* enn i *Morkinskinna*. Historia om Sveinke Steinarsson, til dømes, er ikkje nemnd i det heile i *Fagrskinna*. Når det gjeld framstillinga av Einar Tambarskjelve er denne særskilt ulik mellom sogeverka. Ein fin skilnadar i Einar Tambarskjelve si rolle i å få Magnus den Gode til Noreg. I *Morkinskinna* er det Kong Jaroslav og Magnus sjølv som blir

³¹⁰ *Fagerskinna* (2008) s 208.

³¹¹ *Fagerskinna* (2008) s 208.

³¹² *Fagerskinna* (2008) s 273.

framskrive som den aktive parten, medan Einar er mottakeleg for å støtte Magnus sitt krav på trona når tilbodet blir lagt fram for han. *Fagrskinna* framstiller Einar som ein meir aktiv part. Han motset seg den danske Kong Svein og mor has, og oppfordrar trøndarane til å gjere det same. Soleis blir det framskrive ei antidansk haldning, noko som *Fagrskinna* støtt framskriv.

Vidare gjennom soga om Magnus den Gode er det i *Morkinskinna* at Einar Tambarskjelve vert vigd størst merksemrd. *Morkinskinna* fortel om ein politisk klok stormann med eit nært forhold til kongen som sikrar seg rolla som den nest mektigaste mannen i riket. I *Fagrskinna*, derimot, er Einar knapt nok nemnd frå han støtter Magnus sin veg til trona og fram til Magnus dør. Frå og med trøndarane, med Einar Tambarskjelve i spissen, vel å hente Magnus den Gode heim til Noreg og fram til Einar Tambarskjelve vert drepen av Harald Hardråde, er Einar nemnd 6 gonger, stundom berre i forbifarta.³¹³ Til samanlikning er Einar nemnd heile 17 gonger i det korresponderande tidsrommet i *Morkinskinna*, ofte som ein heilt sentral aktør i narrativet. Det er tydleg at fokuset i *Fagrskinna* ikkje ligg på aristokratiet, men på kongane. *Morkinskinna* fortel òg ein del om konfliktane mellom Einar Tambarskjelve og Harald Hardråde. I desse konfliktane ligg, som nemnd, sympatiene ofte hjå Einar så lenge Magnus lev, medan Harald ofte kjem därleg ut av historiene. Sverre Bagge har peika på at resultatet av at *Fagrskinna* skyt ut dei fleste av konfliktane mellom Harald Hardråde og Einar Tambarskjelve blir at «*Fagrskinna* gir ei meir ideologisk forklaring på konflikten mellom dei».³¹⁴ Grunnlaget for heile konflikten blir då at Einar Tambarskjelve motset seg kongemakta ved å hindre kongen i å oppretthalde lova når han hindrar at ein tjuv blir dømd, i staden for ein langvarig konflikt mellom to mektige menn slik *Morkinskinna* framstiller den.

Sjølv om *Morkinskinna* viser ei større interesse for rolla til aristokratiet, skriv både sogeverka fram stormenna som viktige rådgjevarar for kongane. Kalv Arnesson og Einar Tambarskjelve vart fosterfedrar for den unge Magnus den Gode, og særleg *Morkinskinna* fortel om det tette forholdet Kong Magnus og Einar Tambarskjelve hadde. Såleis blir aristokratane tilskrive eit politisk handlerom der dei kunne påverke kven som sat med kongemakta. Det var kongsemne

³¹³ 1) Magnus blir henta heim, 2) Ovjarlen, 3) Aristokratane aviser Harald Hardråde sitt krav på trona, Einar nemnd med namn, 4) Einar motset seg Harald sitt ønske om å ta Danmark etter Magnus dør, 5) Likferda til Magnus, og 6) Drapet på Einar Tambarskjelve.

³¹⁴ Bagge (1991) s 286.

som hadde rett til å styre, men aristokratiet kunne i stor grad velje sjølv kven dei ville støtte dersom det var fleire kongsemne som gjorde krav på trona. Då Harald Hardråde kom attende til Noreg ville Magnus forhøyre seg med aristokratiet når Harald ønskte at riket skulle delast. Aristokratane, med Einar Tambarskjelve i spissen, ønskte berre ein konge, og Magnus følgde då dette rådet. Aristokratane heldt seg ikkje alltid innanfor handlingsramma si. *Morkinskinna* illustrerer dette godt i ein tale som Magnus Berrføtt heldt til sine følgjarar under stridigheitene med Tore på Steig.

What greater shame and dishonour could be inflicted on a king whose birth entitles him to rule than what they have done to me? They have taken a man of no royal birth and poor lineage to rule. [...] As long as our kinsman Hákon was alive, there was some excuse for their giving him power to rule, and we let that pass, but this is dishonourable.³¹⁵

Denne utsegna skriv fram eit aristokratiet som stod relativt fritt til å støtte det kongsemne dei ønskte, og det var såleis opp til dei respektive kongsemna å sikre seg denne støtta, men å støtte ein mann som ikkje hadde rett til å styre var ærelaust. I denne samanhengen lyt det nemnast at *Fagrskinna* endrar dei bakanforliggande aktørane i konflikten mellom Magnus Berrføtt og Steigar-Tore. *Morkinskinna* skriv at det var Steigar-Tore og trøndarane som støtta eit kongsemna av därleg ætt og kjempa mot Magnus Berrføtt, medan *Fagrskinna* skriv at det var opplendingane som stod med Steigar-Tore. Gustav Indrebø har peika på at dette kunne vere eit medvite val frå forfattaren av *Fagrskinna* for å reinvasker trøndarane, og knyt dette opp mot førestillinga av at *Fagrskinna* er forfatta i Trøndelag.³¹⁶ Aristokratiet vart òg stundom for storkrevjande, og når dette skjedde, syner både sogene ei negativ haldning mot dei. Denne haldninga kan ein sjå tydleg under Harald Hardråde si styring. Her skriv både *Fagrskinna* og *Morkinskinna* fram dei regionale stormenna som «overmodige» og «uvørne» då dei drog til Danmark med ein gong dei ikkje var nøgde med ting i Noreg.³¹⁷

Aristokratiet i *Morkinskinna* er viggd ein meir sentral plass i *Morkinskinna* som såleis skriv fram ei historie som kastar ljos over forholdet mellom konge og aristokrat. Einar Tambarskjelve får ein profilert plass i soga og blir framskrive som ein dyktig rådgjevar og politikar med vesentleg innverknad på Magnus den Gode. Konflikten som oppstår med

³¹⁵ *Morkinskinna* (2000) s 287.

³¹⁶ Indrebø (1917) s 270-271

³¹⁷ *Fagerskinna* (2008) s 275, *Morkinskinna* (2000) s 211.

Harald Hardråde gjennom dei anekdotiske narrativa skriv fram som ei feide mellom to personar. Den utfyllande historia om Einar Tambarskjelve er ikkje eit einskild fenomen, og stormenn som Steigar-Tore, Sveinke Steinarsson og Gregorius Dagsson vert viggd ein sentral plass i *Morkinskinna* si historieframstilling. Her skil framstillinga seg i *Fagrskinna*, som jamt over gir aristokratiet mindre plass. Einar Tambarskjelve er knapt nok viggd merksemd påverknaden hans på Magnus den Gode er bortimot vekke. Forholdet til Harald Hardråde er heller ikkje framskrive som ei feide, men liknar meir ein konstitusjonell kamp når *Fagrskinna* forklarar konflikten med at Einar Tambarskjelve ville vere like mektig som kongen i Trøndelag.

3.3 Folket i *Fagrskinna* og *Morkinskinna*

Den tredje sosiale aktøren som skal undersøkast i denne oppgåva er folket. Denne gruppa er oftast representert som bønder. Samanlikna med samtidig europeisk historieskriving er bøndene eller folket hyppigare nemnd i kongesogene enn i dei europeiske historiske verka.³¹⁸ Folket er, som tidlegare nemnd, deltakande i seks av dei 20 episodane i soga om Magnus den Gode i *Morkinskinna*, medan dei deltek i to av sju episodar i *Fagrskinna*. Etterrøkinga av folket vil krinse rundt tre hovudfaktorar knytt til korleis folket vert tilførd identitet. Desse faktorane er gruppertilhørsle, geografisk tilhørsle, og funksjon.

Folket, eller bøndene, er ikkje den sentrale aktøren i nokon av sogeverka og er nemnd relativt sjeldan. Når dei først blir framskrive er det hovudsakleg som kollektive grupper. Vidare er desse kollektive gruppene stort sett knytt til eit avgrensa geografisk område, hovudsakleg regionale område, men òg stundom nasjonale. I utdrag om Magnus den Gode i *Fagrskinna* er det ikkje skrive noko om ein individuell bonde, men heller bønder i fleirtal. *Morkinskinna* nemner ein mann med namn Atle, som tala mot Magnus under eit tingmøte i Trøndelag. Dette utdraget er henta frå Ágrip, og elles i *Morkinskinna* vert ikkje bønder nemnd med namn. I dei seks episodane i *Morkinskinna* er det trønderske folket skrive fram i tre av dei, opplendingane

³¹⁸ Bagge (1991) s 138.

er framskrive i to, og norske bønder utan nokon regional nemning er omtala i ei episode. I *Fagrskinna* opptrer trøndarane i ein episode, medan opplendingane er deltakande i den andre.

Den første regionale folkegruppa som er nemnd i både sogeverka, er trøndarane. Etter å ha svike Olav den Heilage, fortel *Morkinskinna* at trøndarane innsåg at dei hadde gjort urett og samla dei beste menna i regionen for å hente Magnus Olavsson, seinare den Gode, heim frå Russland. *Morkinskinna* framstiller denne prosessen slik at både trøndarane og Magnus den Gode blir framskrive som aktive partar. Kong Jaroslav og Magnus sendte ein norsk kjøpmann, Karl, for å smørje dei norske stormenna, og samstundes samla trøndarane seg for å hente Magnus Olavsson heim som kompensasjon for sviket mot Olav den Heilage.³¹⁹ *Fagrskinna* skil seg noko frå denne framstillinga. I *Fagrskinna* er verken Kong Jaroslav eller Magnus den Gode aktive partar. Det er trøndarane med stormenna Einar Tambarskjelve og Kalv Arnesson som organiserer operasjonen. Narrativet i *Fagrskinna* strekk seg òg lenger attende i tid enn i *Fagrskinna* og fortel soleis om stoda i Noreg i kjølvatnet av slaget på Stiklestad og det danske styret som følgde med. Her blir dei trønderske bøndene, og aristokratane, framskriv som misnøgde og motsetjande ovanfor det danske styret utan at ein kan lese missnøya som noko negativt mot bøndene.

Vidare føl narrativet i dei to sogeverka kvarandre. Trøndarane er òg i fokus etter Magnus den Gode hadde vorte teken som konge i heile landet. Han byrja då å verte hardfør mot trøndarane. Folk hevda at svikarar, som trøndarane var, skulle ein konge ikkje menge seg med. Trøndarane på si side hevda at dei vart urettferdig behandla og snakka om opprør. Frendar av Kong Magnus fekk nyss om dette og gjennom Sigvat sine *Bersoglivisur* fekk dei kongen på betre tankar. Trøndarane blir framskrive som ei stolt folkegruppe, og omtalar seg sjølv som hjarte av Noreg.³²⁰ Når kongen ikkje handsamar dei rimeleg, gir dei uttrykk for missnøye og meinte at det var urett om «trønderne skulle ha mindre rett enn folk elles i landet»³²¹. Etter Kong Magnus forsona seg med bøndene og vart «den Gode», fortel ikkje *Fagrskinna* noko særleg meir om dei trønderske bøndene. *Morkinskinna* derimot, nemner

³¹⁹ *Morkinskinna* (2000) s 89-100.

³²⁰ *Morkinskinna* (2000) s 104.

³²¹ *Fagerskinna* (2008) s 220.

trøndarane i ein episode frå samstyret til Magnus den Gode og Harald Hardråde³²², ei tidsperiode som *Fagrskinna* i det store og heile ikkje fortel stort om. Her er ikkje trøndarane nemnd eksplisitt, men den trønderske stormannen Einar Tambarskjelve og Øretinget³²³ er nemnd, noko som talar for at bøndene det er snakk om er trønderske. Dei trønderske bøndene hevda at Harald Hardråde var for hard i skatteinnkrevjinga si, og at han kravde meir enn han hadde rett på. Dei hadde òg større hug for Magnus den Gode og ønskte heller å betale skatt til han. Dette rettferdigjorde dei med å vise til at «if a man asks for the royal title and there is already a king in the country, who has been accepted at the Eyrarthing, that prior king has the greater authority over us [...]»³²⁴ Einar Tambarskjelve støtta bøndene, og såleis fungerer historia òg til å fyre opp under konflikten mellom Einar Tambarskjelve og Harald Hardråde.

Den andre folkegruppa som er nemnd i soga om Magnus den Gode i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, er opplendingane. Her føl sogene kvarandre i framstillinga. Då Harald Hardråde kom attende til Noreg for å krevje kongenamn, var Oppland den første plassen han framsette kravet. Bøndene hadde ikkje noko ønske om å gje Harald Hardråde kongenamn så lenge Magnus den Gode var i live, og i første omgang måtte Harald Hardråde godta dette. Han drog vidare til Gudbrandsdalen der Tore på Steig, då 15 år, gav han kongenamn. Etter dette drog Harald attende til opplendingane, denne gong med eit stort følgje og fekk då kongenamn.³²⁵

Den andre historia om opplendingane finn ein berre i *Morkinskinna*, i eit av dei anekdotiske narrativa frå samstyret til Magnus den Gode og Harald Hardråde. Det er riktig nok ikkje dei opplandske bøndene som er hovudfokus i denne historia, men dei spelar ei intersant rolle. Historia handlar om Þrándr frå Oppland, som hamnar i unåde hjå Harald Hardråde når Þrándr tilsynelatande viser større ære og velvilje mot Magnus den Gode.³²⁶ Konflikten mellom Þrándr og Harald Hardråde eskalerte og ein frykta at Kong Harald ville komme væpna for å løyse konflikten. Mot slutten av historia har det samla seg væpna menn i skogen i nærleiken av garden til Þrándr, og ein trudde at det var Kong Harald som var kommen. Þrándr sende

³²² *Morkinskinna* (2000) s 161-163.

³²³ Om Øretinget: <https://snl.no/%C3%98reting> [Lest 09.04.2019].

³²⁴ *Morkinskinna* (2000) s 162.

³²⁵ *Morkinskinna* (2000) s 153-154, *Fagerskinna* (2008) s 252.

³²⁶ *Morkinskinna* (2000) s 159.

etter hjelp, og bøndene frå nærområde strøynde til for å assistere Þrándr.³²⁷ Det er interessant å sjå korleis *Morkinskinna* skriv fram ei lokalbefolkning som, tilsynelatande, har eit sterke truskapsband til sin lokale stormann/storbonde enn til ein av kongane i landet, i det dei strøymer til Þrándr for å assistere han. *Fagrskinna* føl den øvrige trenden i sogeverket der den skyt ut innanrikspolitiske konfliktar, og skriv fram eit samstyre utan nemneverdige konfliktar.

Ved eit høve er dei norske bøndene nemnd, men utan at deira geografiske tilhøyrslle er greidd noko nærrare ut om. I dette høvet er det berre *Morkinskinna* som nemner bøndene. Etter at Magnus den Gode har teke over Noreg, var det mykje ufred mellom Noreg og Danmark. Hardeknut, som var konge i Danmark, hevda at Magnus den Gode hadde teke land som hørde til han sjølv, medan Magnus den Gode hevda han hadde rett til å hemne seg på danskane for det dei gjorde mot far hans, Olav den Heilage. Ufreden mellom dei to landa var ei stor ulempe for bøndene, og *Morkinskinna* fortel at bøndene frå både rika samla seg og fekk i stand mekling mellom dei to kongane.³²⁸ *Morkinskinna* skriv fram ei bondestand med ein politisk funksjon som gjer at dei kan mekle på vegne av kongane. *Fagrskinna* skriv om den same hendinga, men forandrar aktørane. I staden for at det var bøndene som sette i stand ei mekling mellom dei to kongane, var det landets beste menn som skulle ordne møte.³²⁹ Det same skjer når *Morkinskinna* fortel at stormenna og heile allmugen gav Edvard kongenamn etter at Hardeknut døydde,³³⁰ nemner *Fagrskinna* berre stormenna.³³¹

Dersom ein kastar blikket utanfor soga om Magnus den Gode finn ein òg fleire historier om bønder. Her føl både sogene kvarandre i framstillinga. I styretida til Harald Hardråde vart det ufred mellom kongen og opplendingane. Opplendingane hevda at dei hadde krav på større særrettar enn andre folk fordi dei assisterte Olav den Heilage under slaget ved Nesjar, noko som gjorde at helgenkongen gav dei særrettar.³³² Harald Hardråde meinte at alle skulle følgje den same lova, og herja og brann hjå bøndene til dei gav opp og følgde den same lova som resten av landet. Her ligg sympatiens hjå kongen, og særleg ser ein det i skaldekvada som føl

³²⁷ *Morkinskinna* (2000) s 159-161.

³²⁸ *Morkinskinna* (2000) s 101.

³²⁹ *Fagerskinna* (2008) s 219.

³³⁰ *Morkinskinna* (2000) s 128.

³³¹ *Fagerskinna* (2008) s 225.

³³² *Morkinskinna* (2000) s 215-217, *Fagerskinna* (2008) s 282.

med prosaen. Her blir det fortald at bøndene hindra kongen i å oppretthalde lova, og denne handlinga vert omtala som uhøyrd.³³³

I samband med norske kongar si handsaming av bøndene i landet, kan ein òg sjå på korleis dei norske kongane handsamar dei danske bøndene som tidvis låg under norsk styre. Då Magnus den Gode var hardfør mot trøndarane, mista nokon eigedommane sine medan andre måtte forlate landet. Då Harald Hardråde kom i ugreie med dei opplandske bøndene herja og brann han i området deira til dei underkasta seg. Straffa som vart nytta var såleis materiell.

Handsaminga av dei danske bøndene som sveik Magnus den Gode og tok Svein Ulfsson til konge er annleis. Her fortel både *Morkinskinna* og *Fagrskinna* at Magnus den Gode drog til Danmark og straffa danskane. Nokon kjøpte seg fri, nokon måtte flykte frå alt dei eigde, medan nokon òg vart drepne.³³⁴ Sogeverka skil altså mellom korleis ein handsamar «norske» og «danske» bønder. *Morkinskinna* fortel òg om ein annan bondekonflikt i soga om sønene til Harald Gille. Det blir fortald at Kong Øystein Haraldson «had a disagreement with the farmer residing in Ranríki and Hisingen [...]»³³⁵ Kva denne usemja gjekk ut på, er ikkje nemnd.

Vidare er det fortald at bøndene samla hærstyrkar og møtte kongen til kamp. Kongen gjekk sigrande ut av slaget der han drap mange og tok gislars for løysepeng. Det faktum at bønder blir drepne her skuldast nok at dei gjekk mot kongen med våpen, noko som gjer at denne situasjonen skil seg noko frå den øvrige handsaminga av bøndene. Igjen skyt *Fagrskinna* ut ei historie om innanrikspolitiske konfliktar.

Morkinskinna og *Fagrskinna* skriv fram folket som samhandlande kollektive grupper knytt til eit avgrensa geografisk område. Kva funksjon har folket i sogene? Eg vil hevde at historiene ein finn om folket i *Morkinskinna* og *Fagrskinna* hovudsakleg skriv fram bøndene med to funksjonar knytt til legitimering og rettsorden. For det første kan ein sjå på kva hendingar bøndene er deltakande aktørar. Det er til dømes i samband med maktovertakinga til Magnus den Gode, og seinare Harald Hardråde. Bøndene sin funksjon i desse historiene er å godta kongane ved å akseptere dei på tingsamlingane. Ein kunne ikkje reknast som konge før dette var gjort, og såleis blir bøndene skrive fram som del av ein legitimeringsinstans. På dette viset

³³³ *Morkinskinna* (2000) s 216, *Fagerskinna* (2008) s 282.

³³⁴ *Morkinskinna* (2000) s 114, *Fagerskinna* (2008) s 228.

³³⁵ *Morkinskinna* (2000) s 390.

skriv både sogene fram ei tilhøve mellom styrar og styrte der makta til styraren grunnar i folket. Desse politisk-teoretiske tankane liknar dei ein finn i det romerske verket *Corpus iuris* som vart fullførd i 534.³³⁶ I *Corpus iuris* vert det referert til *lex regia*, eller «kongeleg lov», der det romerske folk overførde makta og autoriteten sin til keisaren gjennom folkeforsamlingar ved byrjinga av styret hans.³³⁷ Dei politiske tankane i *Morkinskinna* og *Fagrskinna* liknar, men utan at ein kan syne til ei rettskjelde lik *Corpus iuris* som grunnlag for desse tankane. Denne politiske tanken strider såleis mot den norske styrarideologien på midten av 1200-talet der kongen fekk legitimert makta ovanfrå.³³⁸

Historiene om folket seier òg meir om forholdet mellom styrar og styrde. Bøndene, og aristokratiet, vert gitt eit visst handlingsrom når det kjem til kva kongsemne dei ønskjer å støtte. Dette var aktuelt i dei høva der fleire arvingar gjorde krav på kongemakta og når fleire kongar styrde saman. I samkongedømet til Magnus den Gode og Harald Hardråde er bøndene mest glad i Magnus, og føretrekk å svare til han og ikkje Harald Hardråde. Bøndene i Trøndelag grunngjev dette med at sidan Magnus den Gode vart teken til konge først, hadde han størst og mest legitim makt over dei. Desse historiane er ikkje omtala i *Fagrskinna*, og samstyret får då eit meir harmonisk preg.

Sogeforfattarane syner òg ulike haldningar til bøndene sin oppførsel mot sentralmakta, alt etter kven som styrer. Haldninga til dei trønderske bøndene under det danske styret til Svein Alfivason kontra dei opplandske bøndene under styret til Harald Hardråde skil såleis seg klårt. Det skal seiast at trøndarane sin motstand mot det danske styret kjem noko tydlegare fram i *Fagrskinna* enn i *Morkinskinna*, mykje fordi *Fagrskinna* fortel om slaget på Stiklestad og det danske styret som følgde. Uavhengig av dette kan ein sjå at sympatiens ligg hjå dei norske bøndene og ikkje hjå den danske kongen i begge sogeverka. Dette faktumet har endra seg når Harald Hardråde slår ned dei opplandske bøndene som krev meir enn kongen meiner dei har krav på. Sogene framstiller Harald Hardråde si framferd mot opplandingane som heilt legitim. På denne måten vert misnøgde bønder framskrive ulikt alt etter om det sit ein dansk eller ein norsk monark på trona. Dette er den same haldninga som ein finn i dei aristokratiske

³³⁶ Canning (1998) s 6.

³³⁷ Canning (1998) s 8.

³³⁸ Bagge (1991) s 129.

historiene, der dei norske stormenna vert positivt framskrivne når dei motset seg det danske styret, men når den same oppførselen vert ført mot den norske Harald Hardråde vert dei derimot framskrive som arrogante. Ei anna forklaring til haldningsendringa kan forklarast med at styret til Svein og Alfiva var därleg, og at reaksjonen i mindre grad er på dansk styre, men heller på därleg styre. Dette er ei forklaring som passar betre for *Morkinskinna* som er meir oppteken av kongelegheit, enn for *Fagerskinna* som har ei gjennomgåande antidansk haldning.

Sogeverka skriv òg fram bøndene med ein funksjon knytt til rettsorden. Kongen er ansvarleg for lovgjeving og rettferd, men han er òg ansvarleg for å følgje dei lovene som er nedsett og denne lova skal gjelde for alle. Det er i denne forma *rex iustus*-ideologien syner att i sogene. Då Magnus den Gode, før han fekk tilnamnet «den Gode», vart for hard mot trøndarane truga dei med opprør. Her følgde ikkje kongen dei lovene han sjølv hadde nedsett og som bøndene hadde godteke då dei tok han til konge. Desse rettane fortel Sigvat om i *Bersøglivísur* som han kvad til Magnus. Her drog Sigvat linjer attende til Håkon den Gode og la vekt på at desse lovene hadde seinare kongar følgd, dei same lovene som Magnus sjølv hadde lova å oppretthalde. Når kongen bryt desse lovene og handsamar dei trønderske bøndene med ei anna, strengare lov enn det resten av landet, er det legitimt å truge med opprør. Som trøndarane sjølv seier hadde dei gjort opprør for mindre saker før.³³⁹

3.4 Den transnasjonale dimensjonen

Det er utvilsamt den norske dimensjonen som er mest framtredande i dei to sogeverka, men det finnes òg ei verd utanfor dei norske riksgrensene som det vert fortalt om. Den transnasjonale famnar hovudsakleg om landa Noreg, Danmark, Sverige og England, men det vert stundom òg fortalt om Russland og landa kring Middelhavet. *Morkinskinna* og *Fagrskinna* skriv fram den transnasjonale dimensjonen på to forskjellige måtar. *Morkinskinna* fremjar flytande grenser og skriv fram ei historie med ei rekke transnasjonale nettverk, knytt til både kongemakt og aristokrati. *Fagrskinna* derimot nyttar den transnasjonale dimensjonen for å fremje det norske. Tilnærminga til *Fagrskinna* liknar måten dei Angevinske

³³⁹ *Fagrskinna* (2008) s 220-221, *Morkinskinna* (2000) s 104.

historieskrivarane skreiv fram sine naboar.³⁴⁰ Brorparten av desse historikarane skriv rett nok fram ein fundamental skilnad mellom dei siviliserte kristne engelskmennene på den eine sida og dei usiviliserte barbarane på den andre,³⁴¹ som ein ikkje kan lese i *Fagrskinna*. Av dei nærmaste naboane i kongesogene er det berre dei vendiske styrkane som innvaderar Danmark som vert omtala som heidningar. Til å byrje med kan ein sjå korleis sogeverka fortel om dei utanlandske kongane.

3.4.1 Utanlandske sentralmakter

Til no har det berre vore dei norske sentralmaktene som har vore fokus i analysen, men også utanlandske kongar har ein plass i dei norske kongesogene. Korleis vert desse kongane omtala samanlikna med dei norske? I historiene om Magnus den Gode i *Morkinskinna* og *Fagrskinna* er det i hovudsak to utanlandske sentralmakter som blir skildra – den engelske og den danske. Handsaminga av dei engelske kongane er relativt like. Både sogene fortel om brevvekslinga mellom Magnus den Gode og Kong Edvard, og begge skildrar Edvard i positive ordlag. Når det kjem til danskane skil sogeeverka seg meir. *Fagerskinna* har ei gjennomgåande negativ haldning mot danske sentralmakter, og danskane generelt, ein dimensjon som ikkje går igjen i same grad *Morkinskinna*.

Svein Alfivason og mor hans er dei første utanlandske sentralmaktene som vert omtala i særleg grad i *Morkinskinna*. Ein finn få, om nokon, positive ordlag om Svein Alfivason, men *Morkinskinna* nyttar seg ikkje av den same spottande tona som *Fagrskinna* skriv fram. I *Fagrskinna* blir styret til Svein og Alfiva samanlikna med styret til Gunnhild kongemor, som i følgje soga var «den verste som hadde vært før i Norge.»³⁴² *Fagrskinna* held fram med denne nedsetjande tonen mot Svein og Alfiva under eit tingmøte i Trøndelag, der Einar Tambarskjelve talar kongen midt i mot. «Ikke var jeg kong Olavs venn, men trønderne var likevel ikke rare kjøpmenn da de solgte kongen sin og tok merra og føllet med [...]»³⁴³ *Morkinskinna* tonar ned den antidanske tona, men har heller ikkje noko godt å seie om styretida til Svein, og når Magnus den Gode tok over Noreg blir det fortald at «They all

³⁴⁰ Staunton (2017) s 338-365.

³⁴¹ Staunton (2017) s 342-343, 352-353.

³⁴² *Fagerskinna* (2008) s 199.

³⁴³ *Fagerskinna* (2008) s 208.

desired rather to be free under King Magnus than to suffer the tyranny of the Danes any longer.»³⁴⁴ Båe sogeverka skriv såleis fram eit negativt bilet av Svein Alfivason og styret hans, men *Fagrskinna* er meir spottande enn *Morkinskinna*. I samband med dette kan ein spørje seg kva *Morkinskinna* refererer til når den fortel om «tyranni» og «fridom». Det danske styret i *Morkinskinna* vert omtalt som undertrykkande og vondt, men kva som ligg i desse omgrepa er ikkje nemnd. I Sverre Bagge si etterrøking av *Heimskringla* dreg han fram to faktorar for at folket var nøgde med styret – fred og låge skattar.³⁴⁵ Dersom ein ser til *Fagrskinna* finn ein eksplisitte referansar til det danske styret og fortel at «det ar god fred for hver manns liv, både innenlandske og utenlandske, men nesten hver manns gods var i fare for skatt og avgifter.»³⁴⁶ Såleis kan ein knytte det «tyranniske» danske styret opp mot hard skatting, medan eit liv i «fridom» siktar til mindre skatting av folket.

Ein av dei utanlandske kongane som opptrer oftast er Svein Ulfsson. Han blir introdusert i soga om Magnus den Gode og er ein sentral del i det utanrikspolitiske biletet heilt fram til styretida til Olav Kyrre. *Fagrskinna* held seg til si linje ovanfor det danske og har såleis få rosande ord om Svein som går tapande ut av samlege konfliktar med både Magnus den Gode, Harald Hardråde og likeins Olav Kyrre.³⁴⁷ *Morkinskinna* ordlegg seg meir positivt om Svein, og anerkjenner has gode eigenskapar som konge. På eit tidspunkt omtalar Magnus den Gode Svein som ein diamant, og hevdar at Svein hadde gått sigrande ut av fleire konfliktar dersom alle hadde vore som han.³⁴⁸ På dødsleiet syner Magnus igjen at han verdset Svein ved at han overlæt Danmark til Svein og ber Harald Hardråde sverje på å ikkje gjere krav på landet, noko Harald ikkje går med på. *Fagrskinna* har ikkje inkludert dei positive merknadane om Svein, og heile historia på dødsleie til Magnus er ikkje teke med. Dette har to konsekvensar som set framstillinga i tråd med *Fagrskinna* si øvrige historieframstilling. For det første får ikkje Svein Ulfsson det danske riket frå Magnus den Gode, og for det andre blir Harald Hardråde framskrive i eit betre ljós når han ikkje går mot Magnus sitt ønske slik *Morkinskinna* skriv fram historia. Den antidanske haldninga i *Fagrskinna* gjer seg òg gjeldande i historia om

³⁴⁴ *Morkinskinna* (2000) s 100.

³⁴⁵ Bagge (1991) s 138-139.

³⁴⁶ *Fagerskinna* (2008) s 199.

³⁴⁷ Etter mange konfliktar gjer Svein Ulfsson og Harald Hardråde fred mellom seg som vert heldt i hevd heilt til Harald døyr. Svein hevdar då at freden berre var gjeldande så lenge Harald lev, men vert nøydd til å inngå fred på ny med Olav Kyrre. Her fører *Fagrskinna* ein hardare tone mot danskane enn den ein finn i *Morkinskinna*.

³⁴⁸ *Morkinskinna* (2000) s 181.

Haraldssønene si konflikt med Sigurd Slembe og Magnus Blinde. Her blir det fortalt at Eirik Emune kom frå Danmark med ein hær, men heile ekspedisjonen mislukkast og «Eirik [...] flyktet hjem til Danmark med stor skam.»³⁴⁹

3.4.2 Hevding av det norske og flytande grenser

Framskrivinga av dei utanlandske sentralmaktene i *Fagrskinna* og *Morkinskinna* syner at sogene skriv fram den transnasjonale dimensjonen på to ulike måtar. *Morkinskinna* tek for det første ikkje til i Noreg, men ved hoffet til Jaroslav i Russland. Vidare syner *Morkinskinna* ei interesse, ikkje berre for norske høve, men strekk seg til Island, Sverige, Danmark, England, Russland, Middelhavet, Jerusalem og Konstantinopel. Ei av dei mest illustrerande historiene om desse flytande grensene er historia om Håkon Ivarsson.³⁵⁰ Her skriv *Morkinskinna* fram ein stor krigar som gjer teneste både hjå den norske, danske og svenske kongen, utan at det blir reflektert noko særleg over denne skiftande lojaliteten. Narrativet om Håkon Ivarsson strekk seg over 19 sider i *Morkinskinna*. *Fagrskinna* nøyer seg med å fortelje at Håkon drog til Danmark og var med kong Svein ei stund før han kjempa mot Harald Hardråde sør i Jylland og tapte dette slaget. Meir er ikkje fortalt om Håkon. Dette er heilt i tråd med *Fagrskinna* si historieframstilling. Eit lenger narrativ om ein stor krigar som òg kjempa for danskane mot den legitime norske kongen, passar ikkje inn i den historia *Fagrskinna* skriv fram.

I *Fagrskinna* er den utanlandske dimensjonen i stor grad representert med utanlandske kongar, og særleg er danskane utsett for ei gjennomgåande negativ tone. Eg vil hevde at denne negative tona er nytta som eit verkemiddel for å skrive fram ein klårare patriotisk dimensjon, ei framheving av det norske. Denne framhevinga av det norske vert gjennomført ved å tale nedlatande om andre, då særleg danskane, samstundes som ein skriv fram sitt eige som betre. Fremjinga av det norske skin klårast gjennom under slaget ved Svolder der både danskane og svenskane vert framskrive som veike og underlegne dei norske krigarane. Om danskane seier Olav Tryggvasson: Ikke skal vi frykte denne hæren. Aldri har daner hatt seier i

³⁴⁹ *Fagerskinna* (2008) s 366.

³⁵⁰ *Morkinskinna* (2000) s 225-243.

slag mot nordmenn på skip.»³⁵¹ Om svenskane vert det sagt: «Ikke bør vi frykte svenske hesteetere, for de ville bli gladere av å slikke innsiden av blotebollene sine enn å gå opp på Ormen Lange under våre våpen.»³⁵² Til slutt vert det fortald om nordmennene som kjempa mot Olav Tryggvasson: «Mye har stormennene i denne hæren stelt til mot oss, og av denne hæren får vi en hardere kamp; de er nordmenn som vi, og har ofte sett blodige sverd og mye våpenbruk [...]»³⁵³ Svenskar og danskar er ingen trugsel, nordmenn derimot, er dugande menn og må takast på alvor. Det skal nemnast at dette utdraget er henta frå Odd Snorreson si soge om Olav Tryggvason, men ved å inkludere passasjen skriv *Fagrskinna* nordmennene fram som den staute motsetjinga av dei veike danskane og svenskane.

Denne dimensjonen er tona vesentleg ned i *Morkinskinna*, og passasjen om det tyranniske danske styret i er eit av få dømer der ein patriotisk dimensjon skin gjennom. Andersson & Gade argumenterer for at denne patriotiske dimensjonen i *Morkinskinna* kan sjåast frå ein islandsk ståstad og setjast i samband med islandsk sjølvhevding ovanfor eit trugande norsk styre i tida før *Morkinskinna* truleg vart nedskriven.³⁵⁴ Dette kan vere ei forklaring, men eg vil òg hevde at *Morkinskinna* si negative framskriving av dette danske styret kan vere eit resultat av at Svein og Alfiva var därlege regentar og såleis styrde därleg.

3.5 Oppsummering: Historieframstilling i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*

Gjer desse ulike framstillingane noko med historieframstillinga i sogeneverka? Den tematiske vektlegginga i dei to sogeneverka gjer at historia dei fortel skil seg. *Morkinskinna* er oppteken av å fortelje, ikkje berre historie, men også historier. Dette ser ein særleg godt i bruken av dei anekdotiske tåttane. *Morkinskinna* er oppteken av kongar og karakteristikkar kring kongelegheit. Kongar blir gjennom heile soga samanlikna, eksplisitt eller implisitt, med andre

³⁵¹ *Fagerskinna* (2008) s 142.

³⁵² *Fagerskinna* (2008) s 142.

³⁵³ *Fagerskinna* (2008) s 143.

³⁵⁴ Andresson & Gade (2000) s 421, note 3.

kongar. Men det er ikkje berre kongar som er i fokus. Eit av dei mest karakteristiske elementa i *Morkinskinna* er tåttane, der islendingar ofte spelar ei sentral rolle. *Morkinskinna* har ein klar islandsk dimensjon og har ei tydleg interesse for islendingar sin posisjon i verda. Tåttane handlar ikkje berre historier om islendingar. Dei krinsar i stor grad kring karakteriseringar og eigenskapar hjå dei norske kongane. Tåtten om Ivar Ingemundsson viser kor stor hugleik Kong Øystein hadde til undersottane sine, medan tåtten om Torstein Hallsson viser kor nært forholdet var mellom Kong Magnus den Gode og Einar Tambarskjelve var, og kor høgt kongen verdsette ein undersott som Einar.

Alle desse interesseområda er med på å farge historia som blir framskrive. Kongane er hovudfokus og dei kan grovt delast i to forskjellige typar – krigarkongen og den fredelege styraren. *Morkinskinna* set jamleg desse to typane opp mot kvarandre, eksplisitt gjennom samstyra eller meir implisitt når dei ulike kongotypane styrer aleine. Det som er karakteristisk for samstyra er at dei er prega av uro. Denne uroa kan sjåast som eit resultat av motstridande kongotypar som forsøker å styre saman. Det er inga umogelegheit at samstyra kan fungere dersom kongane set seg føre å styre ordentleg saman, slik Magnus den Gode og Harald Hardråde ved eit høve gjer når dei lækjer ein undersott. Tidlegare forskrarar har vore usamde i om *Morkinskinna* framskriv dei forskjellige kongane som gode eller därlege, og særleg Harald Hardråde har vore diskutert. Harald Hardråde er ein av dei mest interessante, om ikkje den mest interessante, karakteren i *Morkinskinna*. Eg vil hevde at *Morkinskinna* ikkje gir noko klart uttrykk for om kongar er gode eller därlege, og i mine auger er *Morkinskinna* meir oppteken av ulike sider ved kongelegheit. Kongar vert skildra med gode og därlege eigenskapar, men eg les ikkje noko overordna abstrakt idealkonsept av kongelegheit ut av *Morkinskinna*, eller *Fagerskinna* for den skuld.

Det er ikkje berre historia om kongane som er sentrale for *Morkinskinna*, òg aristokratane og folket har ein sentral plass i soga. Aristokratar som Einar Tambarskjelve er vigg vesentleg meir plass i *Morkinskinna* enn i *Fagrskinna*, og utvidar soleis historia til i større grad å omhandle, ikkje berre kongen, men òg forhold mellom styrar og styrde. Dette inkluderer også nokre historier om bønder, den tredje sosiale aktøren som har vore undersøkt i oppgåva. Sjølv om historiene om bøndene er fåtalige, spelar dei ikkje uviktige rollar. Det er mellom anna

bøndene som får i stand freden mellom Magnus den Gode og Hardeknut, og dei er ei aktiv brikke i det politiske spelet. Harald Hardråde kan hevde både lenge og vel at han har krav på kongenamn, men han vill ikkje få det så lenge allmugen ikkje er viljug til å gje han det. I legitimeringstematikken føl *Morkinskinna* og *Fagrskinna* kvarandre, og både sogene skriv fram eit styresett der makta vart bygd nedanifrå og opp. Dette skil seg frå den norske styringsideologien på 1200-talet, der kongemakta var noko Gudgjeve – makt bygd ovanifrå.

Dersom me vender oss til *Fagrskinna* framskriv dette sogeverket eit bilet som skil seg noko, som kan reflekterer målet og meininga bak soga. Hovudfokuset er tydleg på dei norske kongane, og ein skal hovudsakleg handsame dei i positive ordlag. Der, det av historiske omsyn, er naudsynt å nemne mindre flatterande karakteristikkar, er dei berre fortald om i korheit. Såleis er kongar som Harald Hardråde, Sigurd Jorsalfar og Sigurd Munn framskrive meir positivt, utan dei negative karakteristikkane som *Morkinskinna* stundom skriv fram. Den same harmoniske historia finn ein i samstyra mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde, og Sigurd Jorsalfar og Øystein Magnusson, som hovudsakleg er framskrive som fredelege og utan større konfliktar. Dette er samstyre som er framskrive med vesentleg meir konflikt i *Morkinskinna*. Denne harmoniseringa av innanriksstoda er gjennomgåande for *Fagrskinna*, og må såleis seiast å vere eit beivist val frå forfattaren si side for å fremje eit sameint norsk rike. Som nemnd har opphavet til *Fagrskinna* vorte knytt til Håkon Håkonsson, og Gustav Indrebø hevda at soga var eit bestillingsverk frå kongen. Dette kan vere forklare framskrivinga av eit norsk innariksstyre der konflikt er tona ned, men kva motivasjonar som låg til grunn kan ein berre spekulere i.

Noko som er derimot er tydeleg, er at kongen skulle vere i sentrum i *Fagrskinna*. Dette betyr at rolla til undersottane, både aristokrati og folket, er tona ned. Til dømes er Einar Tambarskjelve vigd vesentleg mindre plass i *Fagrskinna* enn i *Morkinskinna*. Dette gjer at det tette forholdet mellom Magnus den Gode og Einar Tambarskjelve ikkje vert framskrive, og konflikten mellom Einar og Harald Hardråde blir framskrive som ein konstitusjonell kamp, til skilnad frå den feideliknande konflikten som *Morkinskinna* framskriv. Bøndene vert òg vigd mindre plass, og vert gitt mindre politisk spelerom. I *Fagrskinna* er det ikkje bøndene frå Danmark og Noreg som meklar mellom dei to kongane, det er ei oppgåve for dei fremste mennene i landet. *Fagrskinna* har gjort seg flid med å vere kortfatta i handsaminga si, og har

såleis kutta ut alle uhistoriske tåttar og anekdotar. Dette har igjen ført til at det islandske perspektivet på historia er fråverande. Der *Morkinskinna* skriv fram ein transnasjonal dimensjon som syner nettverk på tvers av grenser, er denne dimensjonen nytta til å hevde det norske i *Fagrskinna*. Dette vert gjort ved å framskrive dei utanlandske motstandarane som dårlegare og veikare enn nordmennene. Den tematiske vektlegginga i *Fagrskinna* syter for at dette biletet blir klårare ved at hovudfokuset ligg på utanrikskonfliktar der utanrikspolitiske konfliktane til dei norske kongane er viggd like mykje plass i *Fagrskinna* som i *Heimskringla*, sjølv om narrativet i sistnemnde er fire gonger så langt.

Framskrivinga av dei sosiale aktørane i *Morkinskinna* og *Fagrskinna* skil seg. *Morkinskinna* skriv fram ei historie der kongen er i fokus, men der aristokrati og folk òg spelar ei sentral rolle. Soga er interessert i forholdet mellom kongen og undersottane, som er med på å utdjupe karakteriseringa av kongelegheit. *Fagrskinna* derimot gir ikkje plass til andre enn den gode, legitime norske kongen i si historieframskriving. Historia som blir fortald handlar i stor grad om kongen som leiar for eit sameint norsk rike og hans utanrikspolitiske stordommar.

4 Avslutning

4.1 Konklusjon

Morkinskinna og *Fagrskinna* fortel om det same historiske tidsrommet frå og med kong Magnus den Gode til og med sønene til Harald Gille. I denne oppgåva har eg først undersøkt korleis forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagrskinna* skriv fram sin eigen autoritet som historikarar. Deretter har eg undersøkt skilnadar i historia som dei to soleverka framskriv. Som me har sett, har dei anonyme forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagrskinna* fleire trekk til felles med den meir kjende forfattaren av *Heimskringla*, Snorre Sturlasson. Fleire av dei kjeldekritiske prinsippa som Snorre legg fram i forordet til *Heimskringla* finn ein òg att i *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, og eg vil argumentere for at Snorre kan ha henta fleire kjeldekritiske element frå forgjengjarane sine og sett dei fram meir eksplisitt. Såleis fortener forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagrskinna* sin del av heideren som har vorte retta mot Snorre. Sogeforfattarane syner òg ulikskapar i kjeldekritikken og kjeldebruken sin, særleg knytt til bruken av kvad, samt kva narrativt materiale dei har valt å inkludere i historia. Medan forfattaren av *Fagrskinna* hovudsakleg nyttar skaldekvada for deira historiske funksjon, inkluderer *Morkinskinna* ei rekke kvad òg for deira estetiske, underhaldande og stilistiske funksjon. *Morkinskinna* sin bruk av skaldekvad står i stil med mykje av det narrative materialet i soga, særleg tåttane. Dette er historier som er inkludert, meir for deira underhaldande og karakteriserande funksjon og mindre av historiske årsaker. Eg vil argumentere for at tilnærminga til *Morkinskinna* peikar mot ein forfattar som er mindre oppteken av å skrive fram eit reinspikka historisk verk, slik *Fagrskinna* i større grad gjer.

Desse ulike tilnærningsmåtane er med på å farge historia som dei to forfattarane skriv fram. Hjå *Morkinskinna* er kongen i fokus, men han er ikkje åleine. Ei rekke narrativ med aristokratar, bønder og islendingar er inkludert for å kaste eit ljós over karakteren til kongen, både gode og dårlege, og illustrerer samstundes forholdet mellom styrar og styrde. Tåttane fungerer som dramatisering av dei kongelege eigenskapane, og samstyra fungerer igjen som ei scene der eigenskapane møter kvarandre og vert samanlikna. Ein kan utleie to ulike kongetypar, krigarkongen og den fredelege heimestyraren, utan at eg les noko abstrakt kongideal ut frå sogeteksten. I desse samstyra finn ein forskjellige kongetypar noko som jamt

over resulterer i konfliktfylte styreår. Interessa famnar òg utanfor dei norske grensene med innslag frå Sverige, Danmark, Island, Russland, England, Irland og fleire land ved Middelhavet, og *Morkinskinna* er såleis interessert i å syne fram verda. *Fagrskinna* derimot er hevdar av det norske og set den gode legitime norske kongen i det absolutte sentrum. Kongane er eindimensjonale og jamt over positivt framskrive, og dei konfliktfylte samstyra i *Morkinskinna* er erstatta av komprimerte harmoniske samstyre i *Fagrskinna*. Den transnasjonale dimensjonen er nytta, ikkje som ei interesse for det ikkje-norske, men som reiskap i hevdinga av det norske. Rolla til aristokratiet og folket er vesentleg tona ned, men det sentrale ved folket står igjen og er felles for både sogene. Folket vert tilskrive identitet i form av kollektive grupper knytt til eit avgrensa geografisk område, med funksjonar knytt til det politiske spelet. Makt blir i sogene framskrive som noko ein bygg nedanfrå og ein konge treng då støtte i folket. Denne tanken strider såleis mot styrarideologien i Noreg som etablerte seg på 1200-tallet der kongen fekk makta si frå gud og der folket hadde som plikt å følgje han. Folket har såleis funksjonar knytt til legitimitet og rettsorden. Dei gir kongenamn på tingsamlingane og har ei oppfatning av kva styre dei reknar for gode eller mindre gode.

Eg vil hevde at skilnadane i den historiske framstillinga truleg grunnar i sogeorfattarane og føremålet med sogeverka. *Morkinskinna* er truleg skrive på Island og er såleis kan ein tenkje seg at soga ikkje berre skrive for eit norsk publikum, men òg for islendingar. Dette kan igjen forklare dei mange historiene i *Morkinskinna* der islendingar spelar ei sentral rolle. **Historier** er det sentrale, ikkje berre **historie**. *Fagrskinna* er truleg forfatta i Noreg på oppdrag frå Håkon Håkonsson med eit hovudsakleg norsk publikum i tankane. Det er ei soge som skal fortelje historia til dei norske kongane, og berre det. Det er som Gustav Indrebø skriv «Det skulle vera eit konungatal, og det skulle vere Noregs konungatal.»³⁵⁵

Den store interessa for *Heimskringla* har lenge kasta ein skugge over både *Morkinskinna* og *Fagrskinna*. I nyare tid har *Morkinskinna* i større grad vorte løfta fram i lyset gjennom arbeidet til mellom anna Theodore M. Andersson og Ármann Jakobsson, der sistnemnde har viggd store delar av si akademiske karriere til å forske på soga. Det er rom for mykje forsking

³⁵⁵ Indrebø (1917) s 238.

når det kjem til *Fagrskinna*, som framleis står att i ein slags akademisk skuggedal. Soga har ikkje vorte sett ordentleg i sentrum sidan Gustav Indrebø sin monografi frå 1917. Ein får vone at òg denne soga får eit ordentleg løft før det går 102 nye år. Ein annan retning som fleire forskarar ser i, er å undersøke den norrøne historieskrivinga sitt forhold til den øvrige europeiske historiografien.

5 Kjelder og litteratur

- Andersson, Theodore M., (2006) “The Growth of the Medieval Icelandic Sagas (1180-1280)” Ithaca: Cornell University Press.
- Andersson, Theodore M. (2005) “Kings’ Sagas (Konungasögur)” i Carol J. Clover and John Lindow (eds.), *Old Norse-Icelandic Literature: A Critical Guide*. Toronto: University of Toronto Press, 197-238.
- Andersson, Theodore M., Gade, Kari Ellen, (2000) «Introduction» i *Morkinskinna: The Earliest Icelandic Chronicle of the Norwegian Kings (1030-1157)*, Islandica 51 Ithaca and London, Cornell University Press.
- Andersson, Theodore M. (1994) «The Politics of Snorri Sturluson” i *The Journal of English and Germanic Philology* Vol 93. (1) Januar, s. 55-78.
- Andersson, Theodore M. (1993) «Snorri Sturluson and the saga school at Munkaþverá» I: Wolf, Alois. Red. *Snorri Sturluson* Tübingen, Gunter Narr Verlag Tübingen, s 9-25.
- Árman Jakobsson (2014) “A Sense of Belonging: *Morkinskinna* and Icelandic Identity, c. 1220” København: University press of Southern Denmark.
- Árman Jakobsson og Þórður Ingi Guðjónsson,. (2011) «Innledning.» omsett av Tor Ulset, i *Morkinskinna 1*. Íslenzk fornrit XXIII-XXIV. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag,
- Árman Jakobsson og Þórður Ingi Guðjónsson,. (2011) «Innledning.» omsett av Tor Ulset, i *Morkinskinna 2*. Íslenzk fornrit XXIII-XXIV. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag,
- Árman Jakobsson (2001) «The Amplified Saga: Structural Disunity in *Morkinskinna*.» i *Medium Aevum* (2001) 70 (1), s 29-46.
- Árman Jakobsson (2000) “The Individual and the Ideal: The Representation of Royalty in *Morkinskinna*” i *The Journal of English and Germanic Philology*. Vol 99 (1) Januar, s. 71-86.

- Armann Jakobsson (1998) «King and Subjekt in Morkinskinna» i *Skandinavistikk* Vol 28, s 101-117.
- Bjarni Aðalbjarnarson (1937) «Om de norske kongers sagaer.» Oslo, Skrifter utgitt av Det Norske Vitenskaps- Akademi i Oslo II. Hist.-filos. klasse. 1936. no. 4.
- Bagge, Sverre, (1991) “Society and Politics in Snorri Sturluson’s Heimskringla.” Berkeley/Los Angeles/Oxford: University of California Press.
- Canning, Joseph (1998) «A History of Medieval Political Thought 300-1450» London/New York, Routledge.
- Clover, Carol J. (1982) «The Medieval Saga.» Ithaca/London: Cornell University Press.
- Gimmler, Heinrich (1976) «Die Thættir der Morkinskinna: ein Beitrag zur Überlieferungsproblematik und zur Typologie der altnordischen Kurzerzählung», [Doktorgrad] Frankfurt am Main.
- Hagland, Jan Ragnar (2008) «Fagrskinna: Innleiing» i *Fagrskinna: Sagaen om Norges Konger*. Redaktør Titlestad, Torgrim, 2. utgåve. Stavanger, Saga Bok. s 15-22.
- Heiret, Jan, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg (red.) 2013. «Fortalt fortid. Norsk historieskriving etter 1970.» Oslo, Pax Forlag.
- Indrebø, Gustav (1939) «Nokre merknader til den norrøne kongesoga» i *Arkiv för nordisk filologi* vol. 54, s 58-79.
- Indrebø, Gustav (1928) «Harald Hardraade i Morkinskinna.» i *Festschrift til Finnur Jónsson 29. maj 1928* (Copenhagen: Levin & Munksgaard, 1928), pp. 173-80.
- Indrebø, Gustav (1917) «Fagrskinna», Kristiania, Grøndahl & Søns Boktrykkeri.
- Lönroth, Lars (1970) «Rhetorical Persuasion in the Sagas» i *Scandinavian Studies* vol. 42, s 157-189.
- Fidjestøl, Bjarne (1982) «Det Norrøne Fyrstediktet», Øvre Ervik, Alvheim og Eide Akademisk Forlag.

- Finnur Jónsson (1932) «Indledning». I: Finnur Jónsson red. *Morkinskinna*. Samfund til udgivelse af gammel nordisk litteratur 53, København.
- Finlay, Alison (2004) “Introduction” i *Fagrskinna: A Catalogue of the Kings of Norway*. Leiden – Boston, Brill.
- Ghosh, Shami. (2011) “Kings’ Sagas and Norwegian History.” Problems and Perspectives. Leiden/Boston: Brill.
- Jakobsen, Alfred, Hagland, Jan Ragnar, (1980) “Fagrskinna-Studier”, Trondheim, Tapir. Red. Titlestad, Torgrim (2008) 2. utgåve. Stavanger, Saga Bok.
- Marincola, John (1997) «Authority and Tradition in Ancient Historiography» Cambridge, Cambridge University Press.
- Melve, Leidulf, Ryymin, Teemu (2018) «Historikerens Arbeidsmåter», Oslo, Universitetsforlaget.
- Melve, Leidulf (2018) «Kilder, kildekritikk og historieskrivingens vitenskapelighet – noen historiske eksempel» i Melve, Leidulf & Ryymin, Teemu red. (2018) «Historikerens Arbeidsmåter» Oslo, Universitetsforlaget.
- Melve, Leidulf (2010) «Historie: Historieskriving frå antikken til i dag.» Oslo, Dreyers Forlag.
- Poole, Russel (2005) «Metre and Metrics». I: McTurk, Rory, red. *A companion to Old Norse-Icelandic Literature and Culture*. Blackwell Publishing Malden, MA. s 265-284-502.
- Sandvik, Gudmund (1955) «Hovding og konge i Heimskringla.» Oslo, Akademisk Forlag.
- Sigurdsson, Jon Vidar (2011) «Kings, Earls and Chieftains. Rulers in Norway, Orkney and Iceland c. 900-1300» i Red. Steinsland, Gro *Ideology and power in the Viking and Middle Ages: Scandinavia, Iceland, Ireland, Orkney, and the Faeroes*. Leiden, Brill.

- Stounton, Michael (2017) «The Historians of Angevin England». Oxford, Oxford University Press.
- Whaley, Diana (2005) «Skaldic Poetry.» I: McTurk, Rory, red. *A companion to Old Norse-Icelandic Literature and Culture*. Blackwell Publishing Malden, MA. s 479-502.

Omsette kjelder

- «Fagerskinna: Sagaen om Norges Konger.» Omsett av Eikill, Edvard, Redaktør Titlestad, Torgrim (2008) 2. utgåve. Stavanger, Saga Bok.
- «Norske kongesagaer: Heimskringla: Første del.» Omsett av Pollestad, Kjell Arild (2012). Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.
- «Norske kongesagaer: Heimskringla: Andre del.» Omsett av Pollestad, Kjell Arild (2012). Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.
- «Norske kongesagaer: Heimskringla: Tredje del.» Omsett av Pollestad, Kjell Arild (2012). Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.
- “Morkinskinna: The Earliest Icelandic Chronicle of the Norwegian Kings (1030-1157)” Omsett av Andersson, Theodore M., Gade, Kari Ellen, (2000), Islandica 51 Itchaca and London, Cornell University Press.